Kulturmiljøplan for Hareid kommune

2026 - 2030



Tekst, kart og grafisk utforming: Rådgjevande Arkeologar ANS
Foto: Rådgjevande Arkeologar v/Ørjan Engedal der ikkje anna er nemnt.
Versjon: 7.04.2026.



Forord

Kulturminne er spor etter dei som levde før oss og etter deira liv og virke. Dei er ein ikkje-fornybar ressurs – og ein viktig del av identiteten vår som lokalsamfunn. Gjennom kulturmiljøa våre kan vi forstå kvar vi kjem frå, og kva som har forma Hareid slik kommunen er i dag.

Denne kulturmiljøplanen skal bidra til at vi tek vare på eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø, slik at historia vår kan førast vidare – både til oss som lever i dag, og til kommande generasjonar. Dette er ein arv vi forvaltar i fellesskap, og eit ansvar vi må ta på alvor.

Planen er ein revisjon av kulturminneplanen frå 2016, og føreligg no som Kulturmiljøplan for Hareid 2026–2030. I arbeidet med revisjonen har ein lagt større vekt på heilskaplege kulturmiljø og samanhengar, og på å styrkje kunnskapsgrunnlaget for forvalting og vidare utvikling.

Kulturmiljøplanen er ein temaplan og eit praktisk verktøy i kommunen si planlegging og saksbehandling. Samstundes er han òg ei forteljing om Hareid – der både synlege spor i landskapet og immaterielle kulturuttrykk som tradisjonar, song, kunst og forteljingar er ein del av heilskapen.

Hareid skal utvikle seg vidare som eit moderne og framtidsretta lokalsamfunn. Samstundes skal vi ta vare på historia, identiteten og dei verdiane som har forma oss. Gjennom denne planen legg vi eit viktig grunnlag for nettopp det.

Eg vil takke alle som har bidrege i arbeidet med planen – fagmiljø, administrasjon, politiske utval og innbyggjarar som har kome med innspel. Engasjementet for kulturarven vår er avgjerande for å lukkast.

Hareid, 2026
Bernt Brandal
Ordførar, Hareid kommune



Revisjon av kulturmiljøplanen (2026–2030)

Kulturminneplanen for Hareid frå 2016 er revidert og vidareført som temaplan, Kulturmiljøplan for Hareid 2026–2030. Revisjonen er gjennomført for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget, tilpasse planen til nasjonale føringar og styrkje planen som eit praktisk verktøy i kommunen si forvalting.
I tråd med Riksantikvaren sine oppdaterte bevaringsstrategiar er det lagt større vekt på heilskaplege kulturmiljø og samanhengar, framfor enkeltståande kulturminne. Temastrukturen i planen er justert i samsvar med dette, og tematekstane er utvida – særleg når det gjeld kulturmiljø i utmark.

Viktige endringar i planen

Revisjonen inneber fleire sentrale grep:

- Alle faste kulturminne og kulturmiljø er registrerte i Askeladden med vernestatus «kommunalt listeført».
- Tidlegare nummerering i planen er erstatta med referansar til Askeladden (ASK-ID), noko som gir betre samanheng mellom plan og nasjonale register.
- Tidlegare kart i planen er erstatta av digitale kartløysingar. Publikumsversjonen Kulturminnesøk gir open tilgang til informasjon, medan kommunen kan nytte Askeladden, eksportløysingar eller WMS-lag frå Riksantikvarend i eigne system.
- Koplingar mellom tema og konkrete kulturmiljø er forenkla for å gjere planen meir oversiktleg og fleksibel i bruk.
- Kjende feil og manglar frå førre plan er retta opp.

Særlege faglege oppdateringar

Eit sentralt grep i revisjonen er ei tydelegare avgrensing og løfting av kulturmiljøet på Overå. Området er definert som eit samla kulturmiljø som omfattar både det statleg sikra friluftsområdet og dei arkeologiske lokalitetane – frå gravrøysene på Kuggane i nord til gravrøysa sør for Skarveneset. Kulturmiljøet er no registrert som kommunalt listeført i Askeladden.
Ny kunnskap frå arkeologiske undersøkingar er innarbeidd i planen, særleg i del 2 Kulturhistorisk riss. Kulturmiljøet på Overå er òg løfta fram gjennom eit eige oppslag i planen, der det blir presentert som eit døme på korleis ein kan utvikle nye møtestader i samspel mellom friluftsliv, rekreasjon, kulturmiljø, forsking og formidling. Samarbeid mellom offentlege aktørar, fagmiljø og frivillige blir framheva som ein viktig føresetnad for slik utvikling.
Vidare er Hǫðr–Hjørungavåg Vikingsete teke inn i planen under temaet næringsutvikling og reiseliv. Tiltaket er omtalt som ein del av utviklingsperspektivet, men er ikkje definert som eige kulturmiljø i planen.

Organisering av revisjonsarbeidet

Grunnlaget for arbeidet med kulturmiljøplanen ligg i kommunal planstrategi for Hareid (2012–2016). I 2025 fekk kommunen tilskot frå Riksantikvaren til revisjon av planen, og Rådgjevande arkeologar ANS vart engasjert til å gjennomføre arbeidet.
Levekårsutvalet og formannskapet har vore orienterte gjennom referatsaker i prosessen. Innbyggjarane har hatt høve til å kome med innspel via kommunen si heimeside, og dette har bidrege til å styrkje kunnskapsgrunnlaget og den lokale forankringa av planen.

Innhald

Forord

Revisjon av kulturmiljøplanen (2026–2030)

DEL 1 - RAMMEVERK **5**

Mål med planen 6
Mange slags minne 6
Nasjonale strategiar for bevaring 9
Kvifor ta vare på? – Kunnskap, oppleving og bruk 10
Lovverk 11
Næringsutvikling og reiseliv 12
Økonomiske støtteordningar 14

DEL 2 - KULTURHISTORISK RISS **15**

Fangststeinalderen 10 000-2500 f.Kr. 16
Dei første bondesamfunna 2500-0 f.Kr. 18
Gardssamfunnet tek form (0-1050 e.Kr.) 21
Mellomalder (1050 - 1537) 26
Nyare tid (etter 1537) 27

DEL 3 - KULTURMILJØTEMA **28**

Jordbruket sine kulturmiljø 29
Kysten sine kulturmiljø 39
Næringar og industriar sine kulturmiljø 43
Bygdene og møtestadene 48
Samferdsle og kommunikasjon 77
Andre verdskrigen 81

DEL 4 - HANDLINGSPROGRAM **85**

DEL 5 - KJELDER, KART OG LISTER **86**

Kjelder
Kart (Kulturminnesøk)
Liste over kulturminne og -miljø med regionalt vern
Liste over faste kulturminne og kulturmiljø (kommunalt listeført)
Liste over lause kulturminne (gjenstandar)
Liste over immaterielle kulturminne

Løetak, Dalebø (ASK ID 337935).



DEL 1 - RAMMEVERK



Pakkhuset, Brandal (ASK ID 337978-0).



Tampenbuda (ASK ID 227043-1).

Mål med planen

Kulturmiljø er spor etter levd liv. Dei er ekte og autentiske og kan ikkje erstattast om dei først er tapte. Kulturmiljø er verdifulle av di dei gjev oss *kunnskap*, av di dei gjev oss *opplevingar,* og av di dei er ein *bruksressurs*. Alt kan ikkje takast vare på og det overordna målet for denne planen er å skape eit medvite tilhøve til *kva som er viktigast å ta vare på*.

Planen har følgjande delmål:

- å revidere og vidareutvikle rammeverket frå den første kulturminneplanen: revisjon av tematikk, oppdatering av lovverk, føringar på nasjonalt og regionalt nivå og økonomiske støtteordningar.
- Integrere nytt tilfang (særskilt knytt til utmarksbruk i jordbruket).
- å få registrert eldre og nytt tilfang i den nasjonale databasen Askeladden med vernestatus *kommunalt listeført.*
- å lage ein handlingsplan med prioriteringar for vidare arbeid med kulturminne.

Mange slags minne

Kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne) definerer **kulturminne** som: «alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til».

Når eit eller fleire kulturminne går inn i ein vidare heilskap eller samanheng, kan ein snakke om eit **kulturmiljø**. Vurderingar av kulturhistorie, tidsdjupne, einskilde kulturminne og landskap ligg til grunn når eit kulturmiljø vert definert og avgrensa. Nasjonale føringar har endra fokus frå einskildminne til kulturmiljø.

Med **kulturlandskap** meiner vi landskap som er forma av menneske sine liv og aktivitetar gjennom tidene. I ei utvida forståing kan ein også tale om landskap som på ulikt vis ber i seg førestellingar som påverkar mennesket.

Ein skil også mellom **faste-** og **lause kulturminne**. Faste kulturminne er gjerne nettopp faste og integrerte i landskapet – som ein steingard, ei gravrøys eller ei kokegrop. Sjølv om dei let seg flytte, reknar ein óg ståande bautasteinar og steinkrossar til denne kategorien. Lause kulturminne er dei som kan skiljast frå landskapet og setjast i ein monter i eit museum – som ein pilspiss, eit vevlodd eller eit klesplagg.

Ein skil óg mellom **synlege** og **ikkje-synlege kulturminne**. Endeleg kan ein skilje mellom **materielle**- og **immaterielle kulturminne**. Med immaterielle kulturminne meiner ein slike som eksisterar som tanke, handling og lyd – som til dømes song, soger, og ulike former for kunst og handverk.

Faste, automatisk freda kulturminne (fornminne)

Kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne) gjev visse kulturminne eit automatisk vern, det vil seie at dei er automatisk freda. Dette gjeld alle kjende og enno ikkje kjende, kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen), ståande bygg og myntar eldre enn 1650, kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år, og samiske kulturminne eldre enn 100 år. Om ikkje anna er avgjort av vernestyresmaktene, gjeld fredinga sjølve kulturminnet og ei sone på 5 meter rundt kulturminnet. Andre kulturminnekategoriar kan fredast ved særskilde vedtak, og ein talar då om *vedtaksfreda* eller *forskriftsfreda* kulturminne. Automatisk freda kulturminne, førreformatoriske kulturminne og fornminne vert brukte synonymt i mange samanhengar. Databasen Askeladden er Riksantivaren sitt offisielle register over automatisk freda kulturminne i Noreg.

Nyare tids kulturminne

Med nyare tids kulturminne meiner vi kulturminne yngre enn 1537 (reformasjonen). Med unntak av ståande bygg og myntar eldre enn 1650, kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år, og samiske kulturminne eldre enn 100 år, har nyare tids kulturminne ikkje automatisk vern. Gjennom vedtak kan Riksantikvaren også frede nyare tids kulturminne.

Det finst ikkje noko landsdekkande samla oversyn over nyare tids kulturminne, slik som for førreformatoriske kulturminne. Det viktigaste landsdekkande registeret over nyare tids kulturminne er SEFRAK – registeret, avgrensa til eldre bygningar og ruinar. SEFRAK er først og fremst eit register som har særleg verdi som kjeldemateriale for lokal historie. I tillegg er registeret nytta av kulturminneforvaltinga som utgangspunkt for å finne verneverdige bygningar.

Synlege og ikkje-synlege kulturminne

Ein skil óg mellom kulturminne som er synlege på overflata, og slike som ikkje er det. Synlege kulturminne kan vere t.d. steingardar, ruinar eller helleristingar. Ikkje-synlege kulturminne er slike som er gøymde under sand, grus, stein, jord, torv eller anna vegetasjon. I prinsippet kan alle typar kulturminne finnast slik, men det er ofte tale om eldstader, steinsetjingar, pløyespor, graver eller bygningsspor. Ei §9 undersøking, det vil seie ei overflateregistrering eller registrering med prøvestikk og sjakter, i regi av fylkeskommunen, har som hovudmål å kartlegge slike ikkje-synlege-, eller ikkje kjende-, kulturminne i eit utbyggingsområde. Ein reknar med at berre kring 10% av førreformatoriske kulturminne er kjende i dag – resten finst, men er ikkje registrerte av di dei ligg gøymde under markoverflata, eller av di dei av andre grunnar ikkje har blitt oppdaga og melde inn til vernestyresmaktene.

Lause kulturminne

Lause kulturminne er dei som kan skiljast frå landskapet og setjast i ein monter i eit museum – som ein pilspiss, eit vevlodd eller eit klesplagg. Desse har vore laga og brukte – reiskap og klede – og tek oss ofte nærare einskildmennesket enn dei faste minna. Her gjeld dei same grensene som for faste kulturminne: lause minne eldre enn 1537 er automatisk freda. Desse vert i all hovudsak lagra hjå landsdelsmusea, i Hareid kommune sitt tilfelle, hjå Universitetsmuseet i Bergen.

Vidare er myntfunn eldre enn 1650 staten sin eigedom. Finnarar av lause automatisk freda kulturminne i Hareid kommune pliktar å levere desse inn til vernestyresmaktene ved Møre og Romsdal fylkeskommune.

Sjøbruk - frå utstillinga i Ishavsmuseet Aarvak.



Kunst- og handverkstradisjonane i Hareid har solide historiske røter. Dei lause kulturminna er historiske representantar for desse tradisjonane, i tillegg til at dei målber minne om einskildpersonar. Lause kulturminne frå nyare tid frå Hareid kommune er samla til fleire nasjonale, regionale og lokale samlingar. I tillegg finst truleg ei mengd på private hender rundt om på gardane i kommunen. Ei viktig lokal samling av slike minne er Ishavsmuseet Aarvak. Sunnmøre museum er det regionale nivået med store samlingar frå Hareid. Norsk Folkemuseum og Universitetsmuseet i Bergen er det nasjonale nivået i denne samanhengen.

Immaterielle kulturminne

Tradisjon og segn
Det finst truleg mange segner i Hareid der landskapsformasjonar spelar ei sentral rolle. For best å ta vare på dette fenomenet bør ein vurdere tre faktorar: forteljaren, forteljinga, og i mange tilfelle, naturformasjonar som står sentralt i forteljinga. Innsamling, lydopptak og nedskriving av soger er vesentleg i arbeidet med å ta vare på dette materialet. For å halde det levande er det også viktig å kople dei gamle historieforteljarane med eit ungt publikum, slik at dagens unge i større grad vert levande tradisjonsberarar. Endeleg kan det i denne samanhengen også vere viktig å ta vare på og verne om naturfenomen som i seg sjølv ikkje fyller vanlege kriterie for vern.

Handverk
På same måten som sogene kan skrivast ned, kan handverksteknikkar til ein viss grad dokumenterast i tekst, bilete, lyd og film. Men i endå større grad er det her vesentleg med levande tradisjonsberarar og kulturberarar. Det er mykje enklare å halde eit handverk levande, enn å prøve å rekonstruere framgangsmåtane i ettertid. Her er det vesentleg med gode arenaer for framsyning og læring. Best er det om handverket vert kopla til levande marknadar og etterspurde produkt.

Song, musikk og dans
Den rike kortradisjonen i Hareid finst i nokon grad sikra som noteark, grammofonplater, cd-plater og opptak. Det å samlast til øving, det å framføre, og det å samlast for å høyre, tonar av fleirstemd korsong i lokale forsamlingshus, er immateriell kulturarv. I Hareid er denne arven viktig.



Rosemåla spann av bjørkenever, Brandal. Stiftinga Sunnmøre Museum, inv. nr. SM. 006179. Foto: Stiftinga Sunnmøre Museum.

Nasjonale og regionale strategiar for kulturminnevern

Riksantikvaren er øvste faglege vernemynde for freda kulturminne, og har ansvaret for den overordna og heilskaplege nasjonale kulturmiljøpolitikken som er utforma av Storting og regjering. Sjølv om ein ynskjer ei auka demokratisering med større fokus på det lokale kommunale nivået, gjev Riksantikvaren sitt arbeid og strategiar føringar for både det regionale og lokale nivået. Til Riksantivaren sine satsingsområde er det gjerne knytt eigne tilskotsordningar. På nasjonalt nivå arbeider ein no med eit sett nye bevaringsstrategiar. For kvar av dei er det laga eit strategidokument som er tilgjengeleg på nettsidene til Riksantikvaren. Dei mest relevante i denne samanhengen er desse:

Landbrukets kulturmiljø

Deltema 1: Bygninger i jordbruket
Deltema 2: Jordbrukslandskapet
Deltema 3: Kulturmiljø i skog
Deltema 4: Kulturmiljø i reindriftsområder

Kystens kulturmiljø

Deltema: Sjøvegen.
Deltema: Naustet - der vi går i land
Deltema: Ferie og friluftsliv langs kysten

Næringers og industriers kulturmiljø

Deltema 1: Industrien som bygde landet
Deltema 2: Våre mangfoldige næringer
Deltema 3: Industriens logistikk

Bygder og byers kulturmiljø

Deltema 1: Stedets identitet og særpreg
Deltema 2. Der vi møtes;
Deltema 3: Der vi bor.

Øvstebø ASK ID 339330-0.





Demninga i elverksdammen i Storelva i Indredalen, Brandal (ASK ID 337987)

Kvifor ta vare på? – Kunnskap, oppleving og bruk

Stortingsmelding nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminne, skisserar eit triangel av forenkla, overordna verdiar i kulturminne (2005):

- kunnskapsverdi
- opplevingsverdi
- bruksverdi

Grunnlaget for å verne kulturminne er såleis at dei har verdi som kjelder til kunnskap, som grunnlag for oppleving og som ressurs for bruk. Automatisk freda kulturminne og kulturminne freda gjennom vedtak har i utgangspunktet alltid høg verdi. Vidare ser ein ofte eit meir finmaska sett av delverdiar som til dels kan sorterast under dei tre overordna verdiane:

- Opplevingsverdi
- Kunnskapsverdi
- Alder
- Autensitet
- Arkitektonisk, kunstnerisk eller handverksmessig verdi
- Sjeldanheit/representativitet
- Miljøverdi
- Symbolverdi
- Identitetsverdi
- Økonomisk verdi og/eller bruksverdi
- Berekraft

Kunnskap

Det er berre for dei siste par hundreåra at vi kan hevde at skriftlege kjelder gjev eit breitt og samansett bilete av samfunnet. Den høge verneverdien til fornminna skuldast i stor grad at dei er dei einaste kjeldene til tida før vi får skriftlege kjelder. Men óg for nyare tid kan kulturminne gje oss kunnskap om sider og delar av historia som elles er dårleg representert i skrifta. Vidare gjev kulturminne anna *kunnskap enn tekstane: ei arkeologisk utgraving av ein husmannsplass frå 1800-talet ville gje heilt anna type kunnskap enn det som står skrive om plassen i historiske dokument.*

Oppleving

Oppleving er knytt til kunnskap, men det vesentlege her er at formidlinga skjer breiare og gjennom fleire sansar. Difor får til dømes eit fornminne som både har høgt kunnskapspotensial og høg opplevingsverdi, særskilt høg verneverdi. Kjensla av å stå ved ei gravrøys frå vikingtid er eit døme. Med kunnskap og førestellingsevne kan ein førestille seg bygginga av røysa og gravferda.

Ressurs

Kulturminna er indirekte ein ressurs som kjelder til kunnskap og grunnlag for opp-leving. Dei kan i mange tilfelle også verte ein ressurs i meir direkte, økonomisk forstand. Kulturminne kan stå sentralt i reiseliv og turisme, og kulturminne kan brukast som inspirasjon i design av salsvarer.



Steinbru over Ytredalselva (ASK ID 337989-0).

Lovverk

Kulturminne kan gjevast juridisk vern gjennom to lovverk:

- Lov om kulturminne (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne)
- Plan- og bygningslova

Kulturminnelova gjev visse kulturminne eit automatisk vern, det vil seie at dei er automatisk freda. Dette gjeld alle kjende og ikkje-kjende kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen), ståande bygg og myntar eldre enn 1650, kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år, og samiske kulturminne eldre enn 100 år. Om ikkje anna er bestemt av vernestyresmaktene, gjeld fredinga sjølve kulturminnet og ei sone på 5 meter rundt kulturminnet. Andre kulturminnekategoriar kan fredast ved særskilde vedtak, og ein talar då om *vedtaksfreda* eller *forskriftsfreda* kulturminne.

Det er Plan- og bygningslova som er kommunen sitt juridiske verkemiddel i kulturminnevernet. Her kan kommunen gje kulturminne eit reguleringsmessig vern:

- sikre kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova (automatisk eller gjennom vedtak/forskrift)
- sikre andre bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø.

I Plan- og bygningslova av 2008, gjeldande frå juli 2009, er dei viktigaste verktya omsynssonar (Pbl § 11-8) (tidlegare spesialområde bevaring). Omsynssonane kjem i tillegg til arealbruksformålet i planen, og kan krysse desse. Omsynssonene skal vidare synast på plankartet uavhengig av arealformålet. Desse fører med seg strengare reguleringsføresegner enn elles: til dømes strengare krav om byggjesøknad, krav til materialbruk og vedlikehald. Det er óg rom for å verne fast interiør. Generelt er krava mindre strenge enn ved freding.

Omsynssonene er eit verkemiddel for å vise og verne dei viktigaste omsyna, og ikkje til dømes for å markere alle registrerte kulturminne (Riksantikvaren 2010). Som hovudregel nyttar ein § 11-8 sone d) for område som er freda etter kulturminnelova, og § 11-8 sone c) for område rundt slike, eller andre område.

Næringsutvikling og reiseliv

Bruk og bevar!

Det har vist seg at den beste måten å ta vare på verneverdige bygg, er å ta dei i bruk. Det er ofte til og med billegare å restaurere det gamle enn å byggje nytt. Verneverdige kulturminne i bruk formidlar kulturhistorie på heilt særeige vis, og kan danne grunnlag for styrka reiseliv og anna næringsverksemd.

Kulturminne til inspirasjon og innovasjon

Når gründerar skal marknadsføre og selje det nye produktet sitt – anten det er tenester eller varer, vil dei måtte skilje seg ut frå konkurrentane med noko karakteristisk, særmerkt, unikt. Firma- og produktlogo er eitt døme. Her kan ei gjenbruk eller "nybruk" av kulturminne vere viktig, noko som gjev identitet til produktet, til kjøparen og til seljaren. Her er kulturminnetilfanget i Hareid, både lause og faste, fornminne og frå nyare tid, ei skattekiste. Noko av dette arvesylvet kan brukast i framtidsretta næringsverksemd. Merkevarebygging – *branding* - er avgjerande i mange typar verksemder, og sterke, etablerte merkevarer gjev fordelar som auka attkjøpsfrekvens, høgare prismargin, høgare motstand mot angrep frå nye konkurrerande merke, og moglegheiter for vekst gjennom merkeutviding, merkealliansar og lisensiat. Interessant nok skriv det engelske moteordet *branding* seg frå norrønt *brandr*, som tyder bumerke!

Tilrettelegging i løyper

Reiseliv og turisme handlar mykje om å lokke til seg folk, få folk til å bruke tid på staden, og såleis å leggje att pengar. Sjølv om tilrettelagde kulturminne ofte kan vere gratis, er desse òg med på å lokke og å halde på vitjarar. Kulturstigen, eller -løypa, gjerne meir omfattande enn eit einskild kulturminne eller kulturmiljø, kan vere attraksjonar som får turistane til å gje seg tid på staden. Rotarystien langs Hareidselva er eit framifrå døme - her kan ein byggje vidare, utvide tilboda, og bruke stigen i nye samanhengar.

Eit stykke Hareid

Dagens turist søkjer-, og kjøper-, gjerne først og fremst oppleving. Likevel vil mange også ha eit handfast minne med seg heim – ein bit av staden. Den typiske suveniren er gjerne rimeleg og masseprodusert – men det treng han ikkje vere. Han kan gjerne vere handlaga og litt dyrare, og gjerne vere eit produkt av ein levande handverkstradisjon med djupe røter i Hareid. For at ein slik type suvenir skal få si fulle tyngde, trengst ikkje berre det konkrete produktet, men også kunnskap, informasjon og oppleving. Kjøparen vil ha informasjon og kunnskap, og vil oppleve og ta del i handverket og historia rundt. Suveniren er altså typisk berre ein bit av noko større, ein representant for noko vidare. Dette store og vide rundt – kulturhistoria - er då vel så viktig del av produktet som sjølve gjenstanden.

BREI VERDISKAPING BASERT PÅ KULTUR- OG NATURARV

Brei verdiskaping basert på kultur- og naturarv er eit samspel mellom ulike former for verdiskaping, samspelet gjev ein forsterkande effekt for dei einskilde faktorane, og er eit viktig steg mot berekraftig utvikling.

- **Miljømessig verdiskaping** – styrke kvalitetane og verdiane knytt til kulturminne, kulturlandskap og natur. Verdiane vert skjøtta, haldne i hevd og sikra gjennom heilskapleg planlegging og forvaltning, istandsetjing, tilrettelegging, skjøtsel, attbruk og god ressursforvaltning.
- **Kulturell verdiskaping** – auke kunnskap og medvit om lokal kultur- og naturarv, særpreg, tradisjonar, historieforteljing og symbol som grunnlag for utvikling og formidling av identitet og byrgskap knytt til staden.
- **Sosial verdiskaping** – utvikling av felles forståing, engasjement, tillit og tilhøyrsle som følgjer av samarbeid, samhandling, dugnad, frivillig innsats, felleskap og nettverk.
- **Økonomisk verdiskaping** – auka lønnsemd gjennom produksjon og sal av varer og tenester, og gjennom auka sysselsetjing for lokalsamfunnet.

Kjelde:
Stortingsmelding 35 (2012-13) Framtid med fotfeste.
Telemarksforsking 2009 og 2013: Haukeland, P.I. og Brandtzeg, B.A.



Foto: Andreas Bjerknes, Vikebladet

Hǫðr-Hjørungavåg Vikingsete

Etter meir enn 16 000 dugnadstimar vart langhuset på Leira inst i Hjørungavågen offisielt opna 29.mai 2025.

"Målet med stiftinga Hǫðr Hjørungavåg Vikingsete er å formidle historia, kulturen og bygda gjennom å byggje eit langhus etter gamal tradisjon, på sikt utvide med fleire bygningar , naust og båtar på Leira sentralt i bygda. Slik kan ein kan nyte vakker natur, lære og oppleve vikinghistorie og vikingkultur

Hǫðr Hjørungavåg vikingsete er oppretta for å føre vidare arv og historie etter slaget, for å ære våre forfedre og for å lære komande generasjonar og tilreisande om vikingane som budde i dette området for over tusen år sidan. Hǫðr Hjørungavåg Vikingsete skal vere gratis og opent for alle, det skal ikkje leggjast til rette for næringsverksemd utanom utleige og visning til inntekt for laget.

Huset og området kan huse kulturmøte, konsertar og ulike arrangement og skal driftast og utviklast av styret som vert valt på årsmøtet i stiftinga Hòdr Hjørungavåg Vikingsete" (frå www.vikingsete.no).

Økonomiske støtteordningar

SMIL - Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Gjeld tilskot til tiltak som fremjar natur- og kulturverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og reduserer forureininga frå jordbruket. Den som eig eller leiger ein landbrukseigedom der det går føre seg jordbruksproduksjon med tilskotsrett, kan søkje tilskot. Den som leiger, må ha godkjenning frå eigaren. Privatpersonar og føretak kan søkje om tilskot. Digital søknad via Landbruksdirektoratet sine nettsider.

Kulturminnefondet

Kulturminnefondet har støtteordningar for alle typar faste fornminne, men også ordningar for fartøy og båtar, og bevegelege kuturminne som bussar og bilar.

Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne (TIK)

Eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne kan søkje om støtte til mellom anna sikring, istandsetjing, vedlikehald og registrering. Søknadsfrist 1.11.2026. Tilskotet vert fordelt av Møre og Romsdal fylkeskommune, og dei vil hjelpe med søknad.

Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturmiljøområdet

Alle aktørar kan søkje om tilskot frå post 77, men prosjekta må innebære samordning og samarbeid mellom fleire aktørar, innan offentleg og/eller privat sektor. Ein kan søkje om støtte til:

- Verdiskapingsprosjekt som bidreg til nærings-, stads- og lokalsamfunnsutvikling.
- Prosjekt som handlar om kompetanseutvikling og utvikling av ny kunnskap som fremjar bruk og bevaring av kulturmiljø.
- Formidling, tilrettelegging, kompetanseutvikling og etablering av nettverk som har som formål å formidle og dele kunnskap om bærekraftig bruk og bevaring av kulturmiljø.

Ordninga er fokusert etter dei nye bevaringsstrategiane og prosjekta bør formast etter ein eller fleire av strategiane. Vidare informasjon og ordninga finst på Riksantikvaren sine nettsider.



Kylna på Bigset (ASK ID 226748)

Naustrekkje i Liavågen (ASK ID 337965).

DEL 2
- KULTURHISTORISK RISS




Fangststeinalderen 10 000-2500 f.Kr.

Med fangststeinalderen meiner vi tida før jordbruket vart etablert, då folk levde av jakt, fangst, fiske og sanking. I det arkeologiske periodesystemet strekkjer fangststeinalderen seg over den lange mesolitikum (eldre steinalder) og over mesteparten av neolitikum (yngre steinalder).

Dei spora vi typisk finn frå denne tida, speglar levemåten. Ein finn spor der folk sette varige merke etter seg, anten ved at dei lét etter seg gjenstandar som er bevarte, eller ved at dei gjorde inngrep i landskapet eller grunnen. Det er svært sjeldan at kulturminne frå fangststeinalderen er synlege på overflata i dag; dei ligg som regel under torv og jord som har danna seg seinare. Unntaka finst i høgfjellet, der jegerane følgde etter villreinen. Folk i fangststeinalderen heldt framfor alt til i sjøkanten – truleg fordi dei utnytta ressursane i havet, men også fordi sjøen var ei viktig kommunikasjonsåre og landet innanfor var dekt av tett urskog. Dette tyder ikkje at dei ikkje flytta seg i skog og fjell for å bruke ressursane der, som trevyrke, hjort og reinsdyr.

Havnivået endra seg gjennom denne lange perioden. Kartlegginga av denne prosessen er arkeologane sitt fremste verktøy for å finne buplassar frå fangststeinalderen. Studerer ein figuren til høgre, ser ein at det er skilnader sjølv innanfor kommunegrensene. Dei to ytterpunkta for variasjonen i Hareid kommune er markerte: lengst nordvest kring Buhammaren og Kvitneset, og lengst søraust frå Hjørungneset sørover langs Almestranda. Kurva for Hareid sentrum kan ein tenkje seg ligg midt mellom desse. Av kurva kan ein lese at spor etter dei første menneska på Vestlandet, nord i Hareid kommune, vil liggje i overkant av 8–9 meter over dagens nivå. Ein ser også at denne kurva stig att og når ein siste topp seint i eldre steinalder. Denne siste stigninga har vaska vekk og rota om tidlegare spor som låg lågare enn 8–9 meter over dagens havnivå. Dette kan vere ei viktig årsak til at ein så langt ikkje har påvist buplassar frå eldste steinalder i Hareid. Kurva for sørlege delar av Hareid viser at det her likevel kan finnast bevarte tidlege buplassar like over nivået på 9–15 meter. Ein større fleirfasa buplass er nyleg



påvist på Overå, nettopp i denne høgda (ASK 32615).

Dei mest typiske funna er eggreiskapa i stein: flint, kvartsitt, kvarts, skifer i oddar, knivar og skraparar, eller seigare bergartar som grønstein og diabas i øksar. Der tilhøva for bevaring er betre, til dømes i holer og hellarar, finn ein også gjenstandar i bein.





Slipt bergartsøks, såkalla trinnøks, frå Pilskog i Hareid k. (B11340), saman med rekonstruksjon av liknande øks på Unversitetsmuseet i Bergen. Foto og rekonstruksjon: Ø. Engedal, foto orginal . © 2016 Universitetsmuseet i Bergen

I midten av steinalderen var klimaet varmare enn i dag. Aldri før eller sidan har sunnmøringen hatt slik ein velstand med godt og variert trevyrke til ymse bruk: eik, lind, ask, alm, den varmekjære eikeblandingsskogen fanst overalt. Eigna bergartar til økseproduksjon vart bytt og handla over lange avstandar. Til venstre ser ein reiskapen til trearbeidaren i Hareid gjennom fire tusen år.

Øvst (frå venstre): tre trinnøksar frå eldre steinalder, frå Pilskog (B11340) og Liavåg (B9162, B9571).

I midten (frå venstre): fem øksar av Vespestad- og Vestlandstypane (A-B) frå første halvdel av yngre steinalder, frå Hareid (B8508, fire stykker) og Liavåg (B9143).

Nedst: tre øksar frå slutten av fangststeinalderen og overgongen til jordbruk, to Vestlandsøkser type C frå Hareid (venstre, S1908-9), og ei rektangulær holegga øks frå Nesset (høgre, utan nummer). Fotoillustrasjon: Rådgjevande Arkeologar.



Til høgre: del av støvleforma kniv i raud skifer frå Pilskog (B9131). Slike meiner ein vart brukte til flåing og partering av sjødyr - sel og småkval. Foto: © 2016 Universitetsmuseet i Bergen

Dei første bondesamfunna 2500-0 f.Kr.

Med jordbruket kom ei rad nye kategoriar kulturminne. Sjølv om dei kan førekomme tidlegare, er det eit knippe kategoriar av kulturminne som er typisk for tida etter jordbruket vart innført:

- fossile åkrar og pløyespor (eller "dyrkingslag" og "ardspor")
- rydningsrøysar
- stolpehol, spor etter takberande stolpar og veggstolpar som viser det berande skjelettet i eit langhus
- kokegroper til matlaging
- synlege gravminne i form av gravhaugar eller –røysar

Det er framfor alt gjennom større utgravingar i samband med utbyggingsplanar på dyrka mark, der arkeologane fjernar matjorda med gravemaskin, at kategoriane over vert påviste. Denne metoden kombinert med radiologisk datering (C-14 datering) har gjeve eit heilt nytt bilete av perioden i heile landet. Nyleg kom det for dagen at eit fossilt dyrkingslag på Overå skriv seg frå 3500-3000 f.Kr. Dette er oppsiktsvekkjande, og tusen år før det som ein gjerne reknar som gjennombrotet for jordbruket kring 2000 f.Kr. Det står då klart at Overå gøymer viktig informasjon om overgongen til jordbruk på Vestlandet.

Lenge meinte ein at dei første bøndene var omflakkande husdyrnomadar. I dag veit vi at folk var stadbundne i langhus, først i såkalla *midtsulehus* eller *toskipa* hus 2000-1500 f.Kr., deretter i *treskipa* hus (heilt fram til kring 1000 e.Kr.). Vi veit vidare at dei dyrka korn, bygg og kveite, og at åkrar vart rydda for stein (ryddingsrøysar), og brotne med ard, ein enkel plog (ardspor).

På Vestlandet får jordbruket sitt gjennombrot saman med eit heilt nytt og lett kjenneleg gjenstandsett i importert flint frå Danmark: dolkar, sigdar, pil- og spydspissar og skeiforma skraparar. Ei stor mengd flintgjenstandar av desse typane er funne på gardane Pilskog, Liavåg, Gjerde og Hareid. Desse skriv seg frå perioden 2400-1500 f.Kr. Til denne perioden høyrer truleg også den store skaftholøksa frå Nedrelid. Desse øksane trur ein har vore



Flintdolk frå Pilskog/Overå (oppe, venstre, B 13465), miniatyrflintdolk frå Liavåg (oppe, midten, B9139), skeiforma skrapar frå Liavåg (oppe, høgre, B2962), pilspiss frå Pilskog (ned, venstre, B9151) og pilspiss frå Liavåg (nede, venstre, B9715). Fotoillustrasjon: Rådgjevande Arkeologar.



Skaftholøksar frå Nedrelid (oppe, B4718), og Røyset (nede, Å556). Fotoillustrasjon: Rådgjevande Arkeologar.

nytta som hakke i bryting av jord til åker. Den andre skaftholøksa frå Røyset reknar ein til yngre bronsealder, 1100-500 f.Kr. Moglegvis er desse siste våpen eller eit slag septer, dei er i allefall lite funksjonelle, med sløve eggar.

Frå Buhamaren kjem eit funn av keramikk i myr. Dette er særs sjeldan, og slike funn vert gjerne tolka som ofring av mat, drykk eller smør, i myrer. Keramikkskåret som er bevart er dårleg brent og blanda med grove asbestfiber. Dette høver best med ei tidfesting til hundreåra før Kristi fødsel.


Dette lange tidsrommet, 2500-0 f.Kr., kryssar det arkeologiske periodesystemet, og omfattar slutten av steinalderen, heile bronsealderen og første fem hundreåra av jernalderen. Kvifor? Gjennom siste 30 års arkeologisk forsking har andre grenser utkrystallisert seg som viktigare regionalt og lokalt på Vestlandet og Sunnmøre. Komplekset som dukkar opp sist i steinalderen, med åkerbruk, tamdyr, langhus og ny steinteknologi (flatehogging av flint, kvartsitt og kvarts), markerar eit av dei tydelegaste skifta i førhistoria. I andre enden verkar det som ei rekkje element som prega bronsealderen varer inn i jernalderen og forsvinn kring Kristi fødsel. Dette gjeld mellom anna bergkunsten, bruken av kleberkar og den såkalla asbestkeramikken (jf. Buhammarskåret). Heller ikkje er det tydelege brot i hustypar eller gravskikk mellom bronse og jernalderen. Dette er årsaka til at arkeologien i dag legg vekt på andre grenser enn dei mellom stein, bronse og jern.

Ei rekkje arkeologiske granskingar i Hareid siste tiåra har påvist dyrkingspor frå denne perioden på Ovra (ASK 145428), på Flotane på Hareid (ASK 97611) og på Pilskog. På Pilskog vart det i 1999 påvist stolpehol, ei mogleg veggrøft og ardspor. Sjølv om funna ikkje er tidfeste talar mykje for at vi også her har tidleg jordbruk (ASK 146311). Like ved vart påvist eit kulturlag truleg også frå denne perioden (ASK 146289). På Flotane er spora etter hus of dyrking tidfest til yngre bronsealder.

I utmarka mellom Røyset og Snipsøyrvatnet vart det registrert eit avsviingslag med kol radiologisk datert til 535-395 f.Kr. Staden ber interessant nok namnet *Brenslene*. Einaste tilfellet av bergkunst i Hareid er såkalla skålgroper på ein jordfast stein på Pilskog (ASK 162651). Skålgroper er runde groper hogde inn i berg og stein. Slike kjenner vi helst frå perioden 2000-0, men også heilt fram i mellomalderen.



Keramikkskår frå Buhamaren (over, B3536) og rekonstruksjon av liknande kar frå buplass på Ristesund i Sande kommune. Foto: © 2016 Universitetsmuseet i Bergen





Gardssamfunnet tek form (0-1050 e.Kr.)

På Vestlandet er det er i det heile magert med gravfunn frå dei første hundreåra etter Kristi fødsel, eit framhald av tilhøva i slutten av førre perioden. Dette treng ikkje tyde generell fattigdom eller nedgang i folketal, men framfor alt at folk hadde gravritar som sette små spor, i regelen kremasjon, og som ikkje omfatta stort gravgods. Nyare studiar av andre kjelder, dyrkingsspor og busetjingspor, viser tvert om at det var tale om ein ubroten ekspansjon i jordbruket - truleg også vekst i folketal. Frå kring 200 e.Kr. byrjar eit nytt fenomen å breie om seg: ubrende graver under store haugar eller røysar, med rikt gravgods. I mannsgravene finn ein standardiserte våpensett med spyd, kastespyd, skjold og sverd, ein tradisjon som varer fram på 500-talet. På Sunnmøre viser dette seg i ei rekkje graver med romerske importvarer og gull på 300-talet. Det finst derimot få graver frå den elles på Vestlandet rike folkevandringstida 400-550 e.Kr., og det finst få graver med fulle våpensett. I Hareid har ein så langt ingen spor av rikdommen på Sunnmøre på 300-talet. Dei arkeologiske registreringane på Ovra i 2009 gav mykje ny kunnskap om denne tida: her var dyrkingsflater med ardspor og eit stolpebygd langhus frå kring 100 e.Kr (ASK 145426), altså frå eldre romartid.


Frå dei neste hundreåra, folkevandringstida, finst her fleire funn. På Bjåstad var ei kiste av stein bygd inn i ein naturleg grushaug. I kista fanst restar av never, og 5-6 meter bortanfor kista fanst skår av eit spannforma keramikkar. Neverdekke i gravkistene er typisk for folkevandringstida, og keramikkaret er tvillaust frå denne perioden. 600-700 meter nord for kyrkja på Hareid fann ein to keramikkar, også desse spannforma, og også her i ein naturleg grushaug. Sidan her ikkje var spor etter kiste, har dette vore tolka som eit offer heller enn ei grav. 12-1300 meter nord for denne staden vart det gjort funn av to belte-spenner i ein gravhaug - med firkanta festeplate, halvrund bøygel og doble tornar. Desse er vekkomne, men ut frå skildringa, er det ein kjend type frå folkevandringstid og hundreåret før. I eit stort hellebygd kammer på Ovra kjem også eit spannforma kar (B3247). I ei mannslang steinkiste på Brandal kjem ein dårleg bevart spydspiss, ein pilspiss og nokre jernbitar (B8502). Mest truleg er dette ei mannsgrav frå yngre romartid eller folkevandringstid.

Gravfunn frå folkevandringstid, i mannslange steinkister med spannforma keramikk, såkalla krossforma bronsespenner, og våpen, er sjeldnare på Sunnmøre enn resten av Vestlandet. Slike graver representerer i mange andre landsdelar eit maksimum før ein gjennomgåande omstrukturering av samfunnet kring 600 e.Kr. Tilfellet spelar også ei rolle - når funnet vart gjort, og om det vart gjort av lekfolk eller fagfolk.

Dagens arkeologiske utgravingsmetodar med flateavdekking med gravemaskin, avdekkjer stadig store langhus frå folkevandringstid på Vestlandet. Desse finst ofte på dagens innmark, og berre spora etter dei jordgravne stolpane finst att. Slike gøymer seg truleg under torva også i Hareid.

500-talet, det vi reknar som overgongen eldre til yngre jernalder, er eit av dei tydelegaste

Spannforma keramikk frå Hareid (dei to til venstre, B9534) og Bjåstad (høgre, B10777). Fotoillustrasjon: Rådgjevande Arkeologar.





Arkeolog Arve Eiken Nytun med georadar under dei arkeologiske registreringane på Ovra i 2024. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

brota i førhistoria vår. På Vestlandet, særskilt i Rogaland, vart mange gardar lagt øyde og aldri tekne opp att. Gravskikken endrar seg, det vert slutt på store steinkister og store gravrøysar. Keramikkhandverket som blomstra med spannforma kar i folkevandringstid, forsvant no for ikkje å dukke opp att i Noreg før på 1700-talet. Endringa har vore kopla til endringar i handelsruter, til den første kjende pestbølgja i Europa, den justinianske pesten, og til klimaendringar. Endeleg er også endringa forklara som først og fremst eit resultat av at samfunnstoppane konsoliderte makta si, dei trong ikkje lenger demonstrere rikdom i gravritar, i tillegg til at gardsdrifta endra seg frå ekstensiv drift med store areal, til meir intensiv drift på mindre areal.

Perioden 550-1050 kallar vi yngre jernalder og er delt i merovingartid og vikingtid. Ser vi vekk frå gravene, skattefunna og dei skriftlege kjeldene, har vi faktisk dårleg med kjelder også for vikingtid. På Vestlandet har ein mange fleire funn frå hus, åker og gard frå eldre jernalder enn frå yngre jernalder. Ei årsak kan vere at stolpane i reisverket i husa no oftare sto på ein syllstokk heller enn å vere nedgravne i jorda. I tillegg tyder mykje på at husa og tuna no vart plasserte på same staden som dei historiske tuna. Og endeleg reknar ein med ei meir intensiv drift på mindre areal. Alt dette gjer det vanskelegare å påvise hus og tun frå merovingartid og vikingtid på arkeologiske utgravingar. Dei kjeldene som finst viser samfunn i vekst med auke i folketal og rydding av nye gardar.

På Brandal er funne ei kvinnegrav frå vikingtid, frå omlag 870-1000 e.Kr., med to ovale eller skålforma bronsespenner (B4058). Desse er av typen med doble plater, altså at kvar spenne har eit separat lok nagla fast til underdelen. Ei anna skålforma spenne, men av den enklare typen med eitt lag, er funne i ein anna haug på Brandal (S332).

I Smihaugen på Røyset er det funne ei mannsgrav frå vikingtid med sverd, øks, spyd, kniv, ringspenne, og bryne, saman med brende bein og kol (B8383). Sett bort frå spenna, kniven og brynet, er gjenstandane i særs dårleg stand. Vidare har ein ei rekkje funn utan sikker tidfesting og/eller i dårleg forfatning: eit kleberskår brukt oppatt som vevtyngd frå Bjåstad, ein spyddspiss frå Kaldholen, del av ei skaftgryte i kleber og saumglattar i glas frå Pilskog, krukke og hestebeksel frå Ovra.



.... det vart styggver og ei haglskur så fæl at haglkornet vog ein øyre.

Halfdan Egedius kjende illustrasjon av haglskuren under slaget i Hjørungavåg, i Snorres kongesoger.

Nye arkeologiske registreringar knytt til utbyggingsplanar har påvist dyrkingsflater på Holstad, truleg frå jernalder og jernalder-mellomalder (ASK 151639, ASK 151640). På registreringane på Overå er det no påvist ei lang rekkje spor frå nær sagt heile førhistoria, også frå yngre jernalder. Mellom gjenstandsfunn her kan nemnast ei ringspenne og ei skålforma spenne.

Frå kring 1000 gjorde kristninga til at heidensk gravskikk med gravgods under røys forsvann. Då forsvann også ei særs viktig arkeologisk kjelde.

Endeleg må nemnast det viktigaste bidraget frå dei skriftlege kjeldene: skildringa av slaget i Hjørungavåg. På slutten av 900-talet sende danskekongen ein profesjonell hærstyrke, jomsvikingane, for å knekke Håkon jarl som hadde vendt seg mot han. I eit stort slag i Hjørungavåg på Sunnmøre sigra Håkon jarl over jomsvikingane. Debatten om kvar slagstaden og Hjørungavåg eigentleg låg, har vore lang og hatt mange deltakarar i heile spekteret frå lekfolk til fagfolk. I 1986 vart 1000-årsminnesmerket for slaget avduka av kong Olav på Ovraneset.



Ei heil, og rest av ei anna, skålforma spenne frå kvinnegrav frå vikingtid på Brandal (B4058). Illustrasjonen viser rekonstruksjon av liknande spenne og korleis dei vart brukte i kvinnedrakta. Fotoillustrasjon og rekonstruksjon: Rådgjevande Arkeologar.



Mannsgrav frå vikingtid på Røyset - ringspenne, bryne og kniv (B8383). Til funnet høyrer også sverd, øks og spyd. Illustrasjonen viser korleis ringspenna vart brukt til kappa i mannsdrakta. Fotoillustrasjon og rekonstruksjon: Rådgjevande Arkeologar.

Mellomalder (1050 - 1537)

Folkeauka som prega yngre jernalder heldt fram i mellomalderen, men frå omlag 1300 er det fleire teikn til stagnasjon og tilbakegang. Dette altså før den store krisa med Svartedauden frå 1349 og stadige pestutbrot framover. Pestane førte til eit hundreår med dramatisk nedgang i folketalet. Sjølv om pestane ikkje forsvant heilt før kring 1650, byrja folketalet å stige att noko før 1500. På denne tida låg mange gardar øyde, og nokre vart aldri tekne opp att. I røynda rudde også krisa grunnen for den rivande utviklinga på 1500-talet: jord var billeg og rikeleg og adelen var sterkt svekt.

Sjølv om vi no reknar å vere i historisk tid, er kjeldene på mange vis magrare enn både før og etter. Sett bort frå det vi veit om stavkyrkja på Hareid, noko av det bevarte inventaret frå kyrkja, og nokre segner knytt til Svartedauden, har ein ikkje kjeldematerial frå Hareid - arkeologisk eller historisk - frå mellomalderen. Det er først på 1600-talet vi får nærare opplysing om gardane i Hareid i skriftlege kjelder.

Vi veit ikkje når den første kyrkja vart reist i Hareid kommune, men det var truleg på Hareid i tidleg mellomalder, og moglegvis var det den same som sto der fram til 1806. I mellomalderen var Hareidkyrkja ei lita stavkyrkje. Sjølv om Hareid låg under Herøy prestegjeld, er det teikn på at presten budde ved kyrkja i mellomalderen. Kring 1640 vart det bygd til ein arm i nord slik at det vart ei halv krosskyrkje. Denne kyrkja brann ned etter eit lynnedslag i 1806. Til kyrkja høyrde gravplass i mellomalderen, avgrensinga til denne kjenner vi nokolunde.


I tidleg mellomalder, og nokre stader kanskje allereie i løpet av vikingtida, endra hus og tun seg: I staden for eitt stort langhus, bygde ein fleire mindre hus med ulike funksjonar. Ei mogleg årsak var at lafteteknikken vart teken i bruk, i alle fall i våningshusa. Bruken av tømmer gjorde det like føremålstenleg å byggje fleire små hus. Våningshuset, eller stova, var typisk tømra utan glas og med åre eller røykomn. Det var inga himling, men derimot ei ljore i taket for røyk og lys. I alle fall delar av tømmeret i stova på Øvre Liaset vart felt i 1490-åra (sjå nr. 1.1 og 3.13). Det gamle grindverket vart framleis brukt i løer og naust

Allereie i vikingtid vart det knapt med jord på Vestlandet og Sunnmøre. Frå omlag 1150 vart bønder flest leiglendingar hjå dei store jordeigarane kyrkja, kloster og adel. Parallelt med dette forsvant trælehaldet. Utover i mellomalderen vart stadig fleire gardar delte opp i stadig fleire bruk. Desse brukarane hadde helst husa samla i eit felles tun. På gardar med mange bruk fekk ein då det ein kallar *klyngetun*. Oppdelinga av einbølte gardar i fleire bruk førte også til oppdeling av åkrar, bøar og beite – det vi kallar *teigblanding*. Teigblandinga hadde også negative sider som vart tydelegare etter kvart som fenomenet auka (sjå Nyare tid).

Reiskapane på garden var i stor grad dei same som i yngre jernalder. Ei viktig nyvinning var vasskverna, men det er vanskeleg å vite i kva grad denne fanst utanfor byane, klostera og storgardane. Frå kvernsteinsbrota veit vi at produksjonen av handkverner heldt fram for fullt gjennom mellomalderen. Truleg vart kornet i stor grad mala for hand i Hareid også i mellomalderen. Garn, not og notbåtar var brukt i fisket i mellomalderen - men det kan dei godt ha vore også tidlegare.

Dei arkeologiske registreringane på Ovra i 2009 gav også funn frå mellomalder: delar av ei bakstehelle i skifer med riller, frå staden der gamletunet skal ha lege. Slike kjenner vi særleg frå utgravingar i mellomalderbyane i perioden 1100-1500. Desse er oftast frå same hellebrotet i Ølve i Hardanger. Her vart det brote ut store blokker som sidan vart spalta i tunne flak. Desse vart vidare trimma på flatsidene med ein særskild tanna reiskap. Slik fekk hella også riller som hindra fastbrenning av brødet. Spreiinga av bakstehella kan setjast i samband med bruken av flatbrødet og auka bruk av dreiekvern og korn frå kring 1200 - særleg i område som hadde nær kontakt med Bergen.

Dei eldste skriftlege kjeldene er for mange bygder av lite verdi, og arkeologiske granskingar av gardstun og hus frå mellomalder er særs sjeldsynte - resultatet vert difor at bygdene fell mellom to stolar. Treringdatering av gamle hus og arkeologiske granskingar med større fokus på mellomalder kan i framtida gje oss meir kunnskap om mellomalderen i Hareid. Tidfestinga av tømmeret i stova på Øvre Liaset og registreringsfunna frå Ovra er døme på nettopp det.



Lafteteknikken spreidde seg frå taigaområda i aust til Skandinavia i vikingtida. I mellomalderen vert laftet einerådande i våningshus og fleire av innhusa. Figuren viser Finndalslaft eller Fyrndarslaft (venstre) og Raulandslaft (høgre). Begge var vanlege i mellomalder og er ein god indikator på høg alder. I mange tilfelle er det opphavlege laftverket bygd inn med nyare kledning og panel.

Nyare tid (etter 1537)

1537 fungerer som ei praktisk grense i kulturminneforvaltinga. Objekt eldre enn 1537 er automatisk freda. For ståande bygg er denne grensa 1650. Nyare tid er tvillaust den bolken med dei raskaste og mest gjennomgripande endringane - materielt og samfunnsmessig. Eit vesentleg bakteppe er den store folkeauken: 1500-talet var ein vekstperiode og henta inn og passerte folketalet frå før Svartedauden. Slutten av 1600-talet bar med seg stagnasjon og nedgang, medan 1700-talet vart ei betring att. Trass i kriseår tidleg på 1800-talet ser ein i dette hundreåret ein eksplosjon i folketalet, ei dobling frå ein million til to, i tillegg til at nesten ein million utvandra til Amerika.

Den industrielle revolusjonen og *det store hamskiftet i jordbruket* kan setjast som skiljeveggar mellom det gamle og det nye. Mange stader gjorde ikkje maskinene inntog i sjølve jordbruket før etter siste krigen. I tillegg handla ikkje desse prosessane berre om maskiner og teknologi, dei var også vovne inn i vidare kulturelle, sosiale, politiske og åndelege skifte. I denne samanhengen er fokuserer vi på dei materielle spora som vart sette.

Eitt er at gamle kategoriar vart gjorde i nytt formspråk - våningshusa, sjøhusa, kyrkjene, båtane, vart bygde annleis. Folkeauken førte med seg framveksten av husmannsvesenet som nådde eit maksimum kring 1850, og var avvikla kring 1900. Husmannsvesenet førte mellom anna med seg spor av gardsdrift i randsonane kring dei gamle gardane. Den store eigedomsutskiftinga er ein sentral del av hamskiftet, og denne førte mellom anna til ei endring i plassering av hus og tun - gardane med mange bruk hadde hatt felles tun som kunne få nærast landsbypreg. Desse vart no splitta opp med eigne hus på eigne tun med eigne teigar samla kring. Mellom dei første store tekniske nyvinningane på bygdene var oppgangssaga. Men saga plan og bord var framleis dyrt, og det meste av sagbruksproduksjonen vart eksportert. På skogfattige øyar som Hareidlandet var material kostbart og flytting av hus og oppattbruk av material var vanleg.

Eit anna moment er at det kjem nye kategoriar med nye funksjonar. Når det gjeld bygningar er slike som er meint for nye typar felleskap viktige. Den nye tida er nettopp prega av framvekst av nye felleskap: misjonsrørsla, fråhaldsrørsla, målrørsla, lese- og samtalelag og ungdomslag. Ein ukjend filosof skal ha sagt at: "hus byggjer lag". Desse nye felleskapa fekk sine hus med bedehus og ungdomshus. Eit anna kollektiv som kom til var skulen og skuleklassane. Etter Fastskulelova frå 1860 skulle alle norske born i skule, og skulen skulle i regelen vere ein fastskule og ikkje ein omgangsskule. Og med det sprang ein ny markant bygningstype opp i bygdene: skulehuset.
Handel vart drive ved å bringe varer til næraste større handelstad - på våre kantar var dette oftast Bergen. Skulle ein drive handel ute i bygdene måtte ein ha borgarskap og handelsprivilegium. I Hareid fanst det slike "kremmerleie" på 1600-talet i Hareid og Brandal, og i nokon grad også i Liavåg på 1700-talet. Av desse vart handelstaden i Hareid viktigast, gjennom 1800-talet og like til vår tid. Bortfall av dei gamle reguleringane av handelen på bygdene var del av det store skiftet i siste halvdel av 1800-talet. Med dette auka handelen, og jordbruket vart endra frå sjølvberging til marknadproduksjon.

Merka etter ferdsle og kommunikasjon før 1800 er små, medan vår verd i dag er sterkt prega av veg, jernbane, flyplassar, kaianlegg, sendarar, linenett, kraftproduksjon og kraftdistribusjon. Vegen over Hareidet var gammal kring 1800, men det var ein veg for folk til fots eller til hest, og utan bruar. Revolusjonen i kommunikasjon i Hareid vart innleia med etablering av postopneri i Brandal sist i 1790-åra, utbetring av gamlevegen over Eidet tidleg på 1800-talet, utbetring av same vegen til køyreveg i 1820-åra, og sidan slag i slag med vegar med bruer til Brandal, Hovden, Snipsøyrdalen og Liabygda og dampskipsstopp utetter 1800-talet.
Ei mengd nye næringar såg dagens lys, mest særmerkt for vår kommune utan tvil ishavsfangsten. Frå 1898 var Brandal hovudsete for ishavsfangsten på Vestlandet, med fabrikkanlegg for vidareforedlinga av pelsverk og spekk. Næringa gav store inntekter og også viktige impulsar: elektrisk lys vart i Noreg først etablert i nord, i Hammerfest, allereie i 1890-åra. Dette hadde selfangarane i Brandal merka seg, og etablerte sitt eige Brandal Electricitetsverk i 1912 og bana slik vegen for elektrisk lys og oppvarming.

Då formannskapslovene kom i 1837 låg Hareid til Ulstein herad. I 1884 vart parlamentarismen innført. I 1895 vart Vartdal skild ut som eigen kommune, og i 1917 vart Hareid kommune skild ut. Folk i bygdene i Hareid hadde no større fridom til å styre seg og sitt - dette viser seg framfor alt i kommunale prosjekt kring elektrisk kraft, veg- og skulebygging.

Kjeldematerialet frå 1900-talet er umåteleg, og vi er framme i manns minne. Den vidare historia er mangslungen og utvalde sider av ho vert skildra under dei einskilde tema under.

DEL 3 - KULTURMILJØTEMA



1. Jordbruket sine kulturmiljø

Temaet går direkte inn under Riksantikvaren sin bevaringsstrategi for kulturmiljø i landbruket. Omgrepet «landbruk» dekkar landbruksnæringane jordbruk, skogbruk og reindrift. Til jordbruket reknar vi spor etter busetjing og aktivitetar knytte til bøndene sitt virke med husdyrhald og åkerbruk, inkludert bruken av utmark til beite og sanking av fôr og brensel. Hareidbonden var, som vestlendingar flest, ein mangesyslar, og det er umogleg å dra opp klåre grenser mellom jordbruket på den eine sida og fiskeriet og ulike smånæringar på den andre.

Tun og innmark

Det er over 4000 år med samanhengande jordbruk som i størst grad har forma kulturlandskapet rundt oss i dag. Prosessar som avsviing og rydding av skog, etterfylgt av aktiv dyrking, drenering og gjerding, har gjennom årtusena opna landskapet. Sampelet mellom beiting og innhausting har kravd eit omfattande system av bygningar for både folk, dyr og fôr. I det tradisjonelle tunet finn vi eit mangfald av bygningar, kvar med sin spesialiserte funksjon. Her ligg stova (våningshuset) side om side med stabbur, fjøs, låve og løe. I tillegg kom funksjonsbygg som eldhus for baking og brygging, smie for reiskapsvedlikehald, potetkjellar og kjone – det særskilde huset for tørking av korn.
Denne verksemda har også sett djupe spor i innmarka. Landskapet er prega av tydelege strukturar som vitnar om generasjonar med slit: steingardar som markerer eigedomsskilje, rydda åkrar, bakkemurar som har terrassert det bratte vestlands-terrenget, og ikkje minst geila – den inngjerda drivvegen som trygt leidde buskapen frå tunet og ut til beitet i utmarka.

Vi bur i eit kulturlandskap som i stor grad er skapt av jordbruket som leveveg. Namna på stadene kring oss er laga av bønder, og ber ofte preg av det. Eit viktig skil i jordbrukshistoria kallar vi *det store hamskiftet*. Med hamskiftet siktar ein til at bondeøkonomien vart integrert i den moderne marknadsøkonomien, frå sjølvforsyning til pengehushald. Nye reiskapar, nye metodar, endringar i prisar og tilgang, førte til at ein vektla fehald og heller kjøpte kornet. Slåmaskiner og grasdyrking førte til auka forproduksjon med mindre arbeidskraft. Det vart slutt på den gamle svelteforinga av dyra, og dette saman med betre fôr gav stor auke i mjølkeproduksjonen. Husmannsvesenet forsvann, delvis som resultat av dette, og vart erstatta med daglønna arbeidarar. Betre kommunikasjonar, etter kvart også lokale meieri, gjorde det lettare å selje produkt frå fehaldet som mjølk, smør og slakt. Marknaden hadde også endra seg med industrialisering og auka folketal og -tettleik knytt til sekundærnæringar. Desse trong produkt frå bøndene. Maskinene, med slåmaskina og dryftemaskina i spissen, sparte arbeidskraft. Dei store utskiftingane av eigedom gjorde slutt på klyngetun og teigblanding, og førte også til ei effektivisering av drifta. Bygningsmassen vart rasjonalisert, fyrst og fremst med den såkalla einheitslåven - der fleire av dei gamle funksjonane vart samla under eitt og same tak.

Men hamskiftet i jordbruket femnar vidare og var meir gjennomtrengande: primærgrupper som slekta, grannelaget og bedarlaget fekk mindre å seie til fordel for nye sekundærgrupper, eller formelle organisasjonar. Ein fekk vedomn i staden for røykomn eller åre, undertøy, bestikk i metall, ein slutta å ete av felles matfat, langbukse erstatta knebuksa i mannsdrakta og kvinnene tok etter dei mørke tilknappa bykjolane. Og no gjorde ein sitt fornødne i ein eigen bygning: utedassen. Av dette ser vi at det ikkje berre er spor frå før hamskiftet som er verdifulle og sjeldne, i dag er også mange av nyvinningane frå hamskiftet i ferd med å gå tapt: nyvinninga utedassen er no eit særsyn. Hamskiftet reknar ein starta kring 1850, men

det skaut verkeleg fart frå 1870. Kring 1900 reknar ein at hamskiftet er over.

Andreas Landmark (1769-1839) var fut på Sunnmøre og budde på Brandal. Landmark var medlem av *Syndmøre practiske Landhuusholdningsselskab*, dreiv sjølv gard og var særs oppteken av gardsdrifta lokalt og på Sunnmøre. Han var ein viktig pådrivar for innføring av potetdyrking, auka jorddyrking og framstilling av potetbrennevin. Årsaka var ynskje om å auke produksjonen av varer til pengeøkonomien, tilførsel av kapital til bøndene, slik at denne kapitalen igjen kunne nyttast til betring av gardsdrifta. Poteta vart særs viktig, men endringa sette få materielle spor. Potetkjellarar er ein kulturminnetype som vitnar om den auka bruken av poteter.

Handsaming av korn, frå skjæring, tørking, rensing og kverning til mjøl, var ein av dei mest arbeidskrevjande sidene ved det gamle jordbruket. Særskilt galdt det rensinga av kornet med trusking og dryfting. Ved truskinga vart kornet slege laust frå aksa med ein tust, ein lang to-ledda stav, og ved dryftinga vart restar av halm og anna rusk reinsa vekk med eit dryftetrog. Desse aktivitetane har ikkje sett spor i landskapet, men dei føregjekk i løene, og løene var tilpassa dette føremålet, ofte med eit midtrom kalla *truskelåve*. Frå kring 1850 kom dei første handdrivne truskemaskinene og dryftemaskinene, og etter kvart kom vassdrivne truskeverk der dei to prosessane var integrerte. Dei vassdrivne anlegga sette spor i form av truskedammar, truskeveiter og truskehjul – men det er uvisst om slike eksisterer i Hareid i dag. På Torkelgarden i Hovleden var det vassdrive truskeverk så seint som i 1950-åra. Kring 1920 fekk dei fleste gardane i Hareid elektrisk straum, og truskemaskiner med el-motor tok over. Ei dryftemaskin laga av Ingebrikt Hovden (Brekke) er i dag i Johs. Klungsøyr si eige – eit viktig laust kulturminne som ein gong representerte den nye tida (nr. G.2). Truskearbeidet etter at vasskraft og straum kom i bruk, var utprega dugnadsarbeid og maskinene felleseige mellom fleire gardar. Korndyrking tok slutt i Hareid kring 1955 - og med det enda ein 4000 år lang tradisjon.

Etter krigen endrar husdyrhaldet og forproduksjonen seg. Ein byrja i aukande grad å erstatte fjell og utmarksbeite med kulturbeite og bruke den dyrka marka til beite, og ein ny monumental bygning i kulturlandskapet gjer sitt inntog - siloen. I slutten av 1940-åra kjem også dei fyrste traktorane til bygda, og eigarane gjer leigearbeid med traktor for store delar av kommunen. Traktoren kjem fort og allereie i 1951 synest hesten i stor grad å vere erstatta i pløying og horving i Hareid.

Fjøstuft på Grimstadsætra (ASK ID 339255, foto A. Moldskred).



Utmarksbruk

I 2024 fekk den norske seterkulturen UNESCO verdsarvstatus. Med seterbruk meiner ein at garden som fast vinterbustad har kyrne på sommarbeite i utmarka i såpass avstand at der er husvære og fast personale. Slik kunne ein nå i betre beite, sanke med anna for og forråd, spare heimebeita og fø fleire dyr gjennom vinteren.

På Hareidlandet er det kort veg frå fjøra til fjellet, relativt sett. Dette gjorde til at at folk kunne nytte utmarksbeita i li og fjell i nokon grad utan å overnatte, og at seterbruk med eigne bustadhus var eit relativt seint fenomen. Likevel fortel kjeldene at det i allefall i Brandal fanst seter med sel, der det hadde vore innbrot i 1693. Det var gjerne knytt til mjølk som salsvare etter 1900 at mange av gardane i Hareid bygde seg stølshus, sel og fjøs, i fjellet. Derimot vart den innmarksnære utmarka utnytta intensivt - med vår og sommarfjøs for krøter og sau.

Kring 1920 var Hareidlandet ei nær naken og snau øy. Dei første bøndene hadde rydda skog, og gjennom bronsealder, jernalder og mellomalder vart nye gardar og beite rydda, og stadig fleire husdyr heldt vegetasjonen nede. Med den vassdrivne oppgangssaga og trelasthandelen på 1500-1700 talet fekk skogen mange stader eit nådestøyt. I 1931 starta Hareid kommune den første skogplantinga med statlege midlar - furuplantene var sett på som eit udelt gode. Seinare vart det gran. Plantinga gav arbeid i ei nedgangstid, bruken av utmarksbeita og seteraktiviteten var på hell, tømmer ville komme godt med som byggjematerial, og skogen gav livd mot vinden. Etter ei pause i krigsåra tok skogplantinga seg opp att, etterkvart med meir gran enn furu. I dag ser mange annleis på plantegrana. Sikkert er at planteskogen har gøymt mange kulturmiljø, og både stormfelt skog og planmessig uttak av skogen trugar ei stor mengd verdifulle kulturmiljø. Barskogen i Hareid veks i dag opp til 250-300 moh., i det beltet mellom innmarka og snaufjellet der vårfjøsar, sommarfjøsar, sauekvider, og gangråser låg. Lokale eldsjeler har funne att, registrert og rydda fram ei god mengde av desse kulturminna til denne reviderte kulturmiljøplanen. Mykje av arbeidet har vore i regi av turgruppa i Hareid Idrettslag.

Allereie på 1700-talet fortel matriklane at gardane hadde dårleg med brenneved, mange stader knapt nok einer. Dette gjorde til at bruk av torv til brensle truleg har auka i takt med at skogen minka. Denne aktiviteten skapte kulturmiljø med synleg spor av torvuttak og løer til turking og lagring av torv, eller tufter etter slike.



Frå arbeidet med framrydding av sommarfjøstuftene i Sætrehola, Bjåstad (ASK ID 339277, foto A. Moldskred).

Øvre Liaset

Tunet på Øvre Liaset br. 1 omfattar stove der delar av tømmeret er tidfest til 1490-åra, og eit eldre stabbur. Tunet på bruket låg i eldre tid høgare oppe, på Øvstebøen, men bygningane vart flytte ned sist i 1860-åra. I tillegg til husa som har høyrt til på garden, har dagens eigar henta eldre bygningar frå andre stader og sett i stand, samt samla og teke vare på mange eldre gjenstandar knytt til gardsdrift. Tunet har i dag høg autensitet og stor opplevingsverdi. Stova som vart flytt ned frå Øvstebøen inneheld tømmer frå 1490-talet, og er føreslegen vurdert som automatisk freda i fylkesplan for kulturminne (MR 2015: ID 953.74). Stabburet som vart flytt hit frå Seljeseth i Sande kommune i 2003, er automatisk freda med tømmer frå 1500-talet.
Nasjonalt, regionalt vern. ASK ID 229452.



Øvstebø

Øvstebø på 160 meter over havet var I si tid den høgastliggande garden i det som er dagens Hareid kommune. Garden kan godt ha røter tilbake i jernalderen, og frå tidleg på 1600-talet er han nemnd i skriftlege kjelder. I 1860-åra flytte folket husa ned om fjellfoten der tunet på Øvre Liaset ligg i dag. I 1960-åra vart det planta skog her, og skogen gøymde kulturmiljøet fram til han vart hoggen i 2018.
ASK ID 339330-0.



Hansgarden, Øvre Rise

Gardstun med særmerkt våningshus delvis bygd i mur, og løe. Magnus Nilsson Skeide kjøpte dette bruket, Øvre Rise br. 2, og overtok drifta i 1826. Han hadde tidlegare drive handel på Ullahammaren i Haram. Han fekk murmeister Sandborg i Ålesund til å setje opp nytt bustadhus i gråstein. Den tømra delen skal vere eldre, og flytta "inna fjorda". Huset vart mykje brukt til møte, mellom anna for heradstyret og formannskapet der han sjølv var aktiv. I 1851 selde Magnus garden og flytte med familien til USA, eldste sonen overtok garden som leiglending. Då Ulfsteens og Hareids offentlige bank vart skipa i 1868, fekk han tilhald i murhuset - og bygningen er også kjend som Risebanken. Løa vart bygd av soneson til Magnus, Hans Nilsson Rise, som var ordførar i Ulstein, kasserar i sparebanken og stortingsrepresentant.
Regionalt vern. ASK ID 226863-1.



Gamleåsen, Hjørungavåg

Stovehus på den veglause, einbølte garden Åsen. Etter at eigaren Ada Andersdotter Åsen bygde nytt våningshus lenger nord og flytte kring 1930, vart dette tunet kalla "Gamleåsen". Våningshuset vart bygd i 1876, men mykje av tømmeret er truleg eldre. Med nye eigarar er no Gamleåsen rydda fram frå skogen att. Kulturlandskapet er i stor grad urørt av traktordrift og nyare inngrep. I tillegg til stovehuset er her fleire tufter, sauekvide, naust og steingardar.
ASK ID 339535.



Kvernhus, Nedrelid, Hjørungavåg,

Del av kulturmiljø med ruinar etter fleire kvernhus langs elva. Kverna her er første gong nemnd i 1714, bygningen er truleg frå kring 1850. Kverna har vore mykje brukt, både av grunneigaren og av andre gardar. Under krigen måtte folk male kornet på den kommunale kverna i Ulstein - brukarane her klauv då inn gjennom golvet for at ikkje lensmannen skulle sjå at dei brukte si eiga gardskvern.
ASK ID 337971-0.



Torkelgarden, Hovledet

Gardstun etablert her etter utskifting av innmark og tidlegare klyngetun i 1870-åra. Stovehuset med kjellar og loft skal då ha vorte bygd oppatt delvis med tømmer frå gamlestova i klyngetunet. Regionalt vern: ASK ID 304370-0.







Kvernhus, Hareidselva

Del av eit større kulturmiljø langs Hareidvassdraget. Dette er på folkemunne "Gamlekverna". På 1700-talet var det heile 30 kvernhus i Hareidvassdraget. Kor gammal denne kverna er, er uvisst. På 1800-talet var det to kvernhus her, denne på vestsida, og Handelsbruket si kvern på austsida. I 1894 vart det inngått avtale om å flytte kverna til der ho står i dag, og om storleiken på kvernhuset. Kverna var i bruk fram til 1920-åra. 17.mai 1940 vart det gjort dugnad på kverna som då stod til nedfalls. Kverna kom atter til nytte i okkupasjonstida, og var siste gong i bruk i 1945. I 2010 vart det starta opp arbeid med å restaurere anlegget.
ASK ID 337975-0.



Kvernhus, Bigset

Kvernhuset var brukt av Bigset og Bjåstad. "Veggane inne er fullskrivne med initialer , namn og årstal. dessuten ei mengd teikningar av skuter".
ASK ID 339561-0.



Kylne, Bigset

Ei kylne, óg kalla kjone, er ein bygning for tørking av malt som ledd i brygging av øl, med ein særskild røykomn bygd for kontrollert sirkulasjon av varm luft. Kjone vert nemnd alereie i Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. Kylna på Bigset vart bygd i 1878 av løyvde materialar etter bygginga av skulehuset på Bigset. Slike bygningar fanst på mange av gardane i Hareid, men dette er no den einaste bevarte.
Regionalt vern, ASK ID 226748-1



Dalebø, Brandal

Bruket vart skild ut som Brandal br. 8 i 1870-åra. Husa sto først oppe under fjellet på bnr. 7, Muren, men etter ei vassfonn gjekk der, flytte dei til utmarksteigen Dalebøen. Fjøs og løe er sette opp av første brukaren Britanus Johanneson Brandal kring 1880. Seinare var det sonen Adolf og dottera Rakel som dreiv bruket. Adolf fekk bygd stova som står i dag i 1914, han har óg stått for det særmerkte taktekket av lok frå klorkalkfat på løa. Klorkalken vart brukt på Brandal Sildoljefabrikk til desinfeksjon. Adolf Brandal arbeidde der etter at han slutta på ishavet. Adolf Brandal er kjend som fangstmann og ishavskippar, særskilt er han kjend for at dagboka hans frå grønlandsekspedisjonen med "Floren" i 1908-9 vart nytta som prov for domstolen i Haag i 1933. Kulturmiljøet bør sjåast i samanheng med Ishavsmuseet (ASK ID 227180-1) og skytebana (ASK ID 339219).
ASK ID 337935.

Steinargarden, Øvrelid

Tunet på Øvrelid br. 5, Steinargarden. Bruket vart frådelt br. 4, og første brukaren Steinar Olson Øvrelid flytte stova og løa hit frå Romsdalen i 1866. Ei ny stove vart bygd i tunet i 1894, denne er riva. Gamlestova har to høgder med kjellar i mur, og kan ha vore den første "glasstova" i fylket (stove med glas). I dag huser stova ei samling av eldre gjenstandar knytt til garden. Løa vart mykje øydelagt av storm i 2015.
Regionalt vern. ASK ID 226897-1.




Sætrehola med Mjølkekråsa

Sætermiljøet Sætrehola med fire tufter etter sommarfjøs, eit for kvar av dei fire bruka på Bjåstad. Sommarfjøsa var i bruk frå kring 1880 til omlag 1915. Etter 1915 vart det sett opp ny sæter for bruka på Bjåstad, lenger opp og nord i fjellet. Drifta her varte fram til slutten på 1940 åra. Då dei rydde opp tuftene til fjøsane i Sætrehola, fann dei restar av gamle murar nedi jorda, så det synte seg at der hadde vore bygt før. Nedanfor fjøsane er der ein stor flat stein. Gamlingane på Bjåstad brukte å seie når dei var der oppe: «Der hev vore ete mang ei mjølkeringe på denne steina». Frå starten av overnatta dei ikkje i Sætrehola, men dei gjekk til fjells på ettermiddag for å finne kyrne og mjølke dei. Ofte fann dei kyrne heilt ut med Mosvatnet eller i Skålanoklane. Så bar dei mjølka heim att, for så å gå opp att klokka 5 om morgonen. Harald Bjåstad (fødd 1900) har fortalt at han tok til å mjølke rundt 1912, og dei laga seg telt av sekkestrie ovanfor Sætrehola, der dei overnatta. Seinare vart det bygd eit lite sel der mjølkarane kunne overnatte. Der vart bygd 3 fjøsar til endes, men den fjerde fjøsen (bruk 5) vart sett opp litt nedanfor. På Bjåstad vart det i kring 1895 starta meieri som vart kalla Hareidsdalen meieri. Meieriet vart lagt ned kring 1920, etter at det kom meieri i Ålesund sentrum (Buholmen). Kulturmiljøet er rydda og sett i stand med informasjonskilt i regi av Trimgruppa, Hareid Idrettslag.
ASK ID 339277, ASK 339348



Grimstadsætra

Heile 10 gardsbruk på Grimstad høyrde til i Grimstadselet på Koppholen, omlag ein times gange frå garden. Bruken av fjellbeitet her oppe kan gå langt tilbake. Kjeldene fortel at noko etter 1900 hadde dei krøtera her om sommaren, og at folk frå garden gjekk to turar for dagen for å mjølke og ta med mjølka heimatt. Selet vart bygd i 1916/1917 med omn og sengeplass til ti mjølkarar. Det var likevel ikkje tale om fast opphald - no kunne ein arbeide på garden om dagen, gå opp og mjølke på ettermiddag eller kveld, overnatte, mjølke på nytt og gå nedatt på morgonen. Den store vinsten var ein tur for dagen heller enn to. Kring 1918 bygde brukarane fjøsar, steinmura opp til taksperra. Å kunne samle kyrne og mjølke innandørs var eit stort framsteg. Setringa tok slutt midt i 1930-åra.Selet vart ein gong teken av ein storm, det vart redda og sett oppatt på murane til "Nårigardsfjøsen". Kulturmiljøet femner om fjøstuftene og det gamle selet.
ASK ID 339255.



Torvløe i Hovdenmyrene

Torvløe i Hovdenmyrane, under Kaldhol br. 16 (Sefrak id: 15170007092). Biletet er frå kontrollregistrering av SEFRAK i 2014.
ASK ID 337952.






Hestereiskap

Hestereiskap representerte ein gong den nye tida og sto sentralt i det store hamskiftet i jordbruket. Dette er ei hesteslåmaskin, ombygd for traktorbruk, på Øvre Liaset br.1.



Dryftemaskin

Dryftemaskin, laga av Ingebrigt Hovden (Brekke), no i Johs. Klungsøyr si eige. Maskina var driven av ein elektromotor og gjorde den eldgamle aktiviteten å skilje korn og halm for hand med dryftetrog avleggs (Kulturminneatlas ID: 15170009).



2. Kysten sine kulturmiljø

Temaet går direkte inn under Riksantivaren sin bevaringsstrategi for kysten sine kulturmiljø, som skisserer tre undertema:

1) Sjøvegen: det som har med sjøen som kommunikasjonsåre å gjere, med tilhøyrane fasilitetar på land som uthamner, handelstader, anløpsstader for rute- og lasteskip, samt sjølve fartøya.

2) Naustet - der vi går i land: bygningar og konstruksjonar bygd i nærleiken av gardane for å huse båtar og utstyr for fiske, slik som naust, sjøhus, brygger, vorer, kaier og støer.

3) Ferie og friluftsliv langs kysten: tek for seg bruken av kysten til ferie og fritid, at denne bruken også har skapt eigne kulturmiljø, og at aukande aktivitet på kysten kjem i konflikt med desse og andre kulturmiljø.

Fiskarbonden

Sjøbruket sette ikkje spor i sjøen slik jordbruket gjorde på land. Brukshusa ved sjøen er ofte dei einaste faste kulturminna etter sjøbruket og fiskerinæringa. Brukshusa ved sjøen har hatt ulike funksjonar:

- naust for lagring av båtar
- sjøbu/skjå til lagring av reiskap knytt til sjøbruk
- notbu, til lagring av not
- egnebu, til egning av line
- saltebu, til salting av fisk
- forrådsbu, til lagring av forrådsvarer

Vidare kunne husa ha fleire funksjonar samtidig, eller dei kunne endre funksjon over tid. Det er viktig å ta vare på dette mangfaldet i bruk og funksjonar. Brukshusa ved sjøen dannar typisk vidare kulturmiljø med fleire hus, strandline og gjerne andre anlegg som vorar, støer, kaiar, moloar og slippar. Langs stranda kan og finnast konstruksjonar som barkekar, notheng og gilje. Her er det vesentleg å ta omsyn til heilskapane og variasjonen i miljøa.

Færingen, med to årepar og råsegl, var bruksbåten til heimefiske og kortare ferdsle mellom gardar og bygdelag. I aukande storleik kom kjempefæringen og trerøringen, typisk for transport av fleire personar, mykje brukt som kyrkjebåtar. Vidare fanst storbåtane for havfiske, seksringen (fem mann), fjørefaren (seks mann) og åttringen (sju til åtte mann). Det var med desse båtane fiskarbøndene i Hareid, Brandal og Hjørundvåg tok stega som leidde til det spesialiserte fiskeriet og ishavsfangsten. Havet var også ein møtestad, og i havfisket nord om Stad i 1860-åra såg dei at båtane frå sør hadde fleire føremoner. Sunnmørsbåtkonstruksjonen vart erstatta av ein ny *møringsbåt* - breiare, djupare, utan skøytte bordgangar som i sunnmørsbåten, og med gaffel- eller marinesegl i stadenfor det gamle råseglet. Resultatet var ein betre siglar, men som var tyngre å ro. Dette leidde til at endå fleire av dei med lengst utror, dei frå Hareid og Hjørungvåg, la seg til i fiskevær nærare fiskefelta. Brandølene låg nærare til. Truleg var det dei mindre storbåtane som var vanlegast i våre bygder, framfor alt seksringen.

Båtane, fiskeklede, fiskeutstyr, utstyr til båten er viktige lause kulturminne knytt til temaet. Mellom immaterielle kulturminne kjem den store mengda av tradisjonstoff, overtru, segner, handlingsboren kunnskap knytt til det tradisjonelle fisket, navigering og fiskemed.

Sjøvegen

Sjøvegen infrastrukturen langs leia siglingsmerke, fyr, hamner, anlegg for losji og handel, og kaianlegg for rutebåtar. Både Brandal og Hareid hadde kremmarleie med privilegium på 1600-talet, i nokon grad også Liavåg på 1700-talet. Det er ikkje registrert faste kulturminne knytt til denne eldste organiserte handelen i kommunen, som oftast føregjekk i sjøboder. Første kime til offentleg transport skuldast futen Landmark sitt tilhald i Brandal. Frå siste på 1700-talet heldt han postopneri, og posten vart rodd frå Borgund, seinare frå Ålesund, til Brandal. Hovudruta for den Trondhjemske Postvei gjekk over Ørskog til Hellesylt, og Landmark sitt samband var med Borgund, det vil seie sideruta Borgund-Ørskog som

Vollefæringen,Ishavsmuseet

Vollefæringen høyrde til naustet til Brandal br. 1, Vollegarden. Namnet skriv seg frå Peder Jonson Halse, kalla Volle-Pe. Han kom til Brandal i 1851, og sidan vart bruket heitande Vollegarden. Færingen er laga av soneson til Volle-Pe, Peter Henrik Brandal (1859-1914). Han er også kalla "Jossebåten" etter ein seinare eigar, Josefine (Josse) Brandal. Båten er ein klinkbygd færing av tradisjonell sunnmørstype. Vollefæringen er utstilt på Ishavsmuseet Aarvak (Inv. nr. ISM.00551).



Naust med inventar, Ishavsmuseet Aarvak.

Vabein

Lina kunne vere lang og tung å dra. Dragarsnella var eit mellomledd mellom det enkle vabeinet og linevinsjen. Snella vart hekta på ripa på færingen, rullen gjekk rundt og minska friksjonen når lina vart dregen. Denne høyrde til mellom fiskeutstyret i Nesnaustet på Brandal br. 3, og er utstilt på Ishavsmuseet Aarvak (Inv. nr. ISM.01608).



Storsildgarn

Garn med korkflottørar og blysøkke til fiske etter storsild. Truleg var dette garnet del av fiskeutstyret i "Lidbuda" i Liavågen gbnr. 70/22, og har signaturen N.J.LIED. Garnet er utstilt på Ishavsmuseet Aarvak (Inv. nr. ISM.01695).



Risenaustet, Brandal

Risenaustet er det eldste og einaste naustet frå 1800-talet att i hamna i Brandal. Dette var naustet til Brandal br. 14, Risegarden, og er innteikna på kart frå 1864.
ASK ID 337958-0.



Naustrekkje, Liavågen

Rekkje av naust inst i Liavågen. Seks av bygningane og to tufter er registrerte i SEFRAK (truleg eldre enn 1900), kor mykje eldre veit vi ikkje. Eitt av nausta er kledd delvis med gamle båtbord. Sjøbruksmiljø med høg autensitet og strandline med få moderne tiltak (Sefrak ID: 151700090084-90, 151700090092).
ASK ID 337965.



Tampenbuda, Hareid

Typisk større sjøbud med strategisk plassering, også kalla Donnabuda. På denne staden låg Rasmusplattingen, med landgang i tre og ei stor femetasjers sjøbud som brann ned 17. oktober 1920. Sist i 1940-åra vart det laga landgang i stein ut til plattingen, og i 1950-51 vart dagens sjøbud reist etter teikning av Rasmus Grimstad. Byggherren var Johs. R. Hareide, reiar for fiskebåten Tampen. Buda var base for båtane Tampen og Vest-Tampen heilt ut til 1980-åra, då båtane vart for store i høve til hamna og kaien.
ASK ID 227043-1, regionalt vern.



Kaia på Indre Hareid

Det første større anlegget knytt til maritim infrastruktur i Hareid. Steinbryggja vart bygd 1827-32, og ansvaret for vedlikehald vart lagd til handelsbruket. Dette var ei stor belastning, og ikkje før i 1873 vart eigaren av bruket friteken for vedlikehaldet.
ASK ID 339183-0.



3. Næringar og industriar sine kulturmiljø

Temaet høyrer inn under Riksantikvaren sin Bevaringsstrategi for næringar og industriar sine kulturmiljø. Dei nye næringane og industriane endra og sette sitt preg på bygdene. Dei endra kvardagane til arbeidstakarane og som arbeidsplassar vart dei også viktige møtestader.

Med *industri* meiner vi vanlegvis ei næringsverksemd som omdannar råstoff eller råvarer til halvfabrikat eller ferdigvarer. Med den *industrielle revolusjonen* meiner vi den endringsprosessen som starta i Storbritannia i siste halvdel av 1700-talet med fabrikkar med mekanisk drivkraft og maskiner. I Noreg reknar vi gjennombrotet for industrien til 1870-åra.

Før det store hamskiftet i siste halvdel av 1800-talet var folk flest i Hareid kommune bønder eller fiskarbønder - dei sysla med primærnæringane og laga i stor grad sjølve det dei trong av klede, reiskap, hus og båtar. Mellom dei tidlege handverkarane er smed, skomakar, skreddar og bakar. Bygningsmann og båtbyggjar er mange stader også tidlege handverk. Handverkstanden voks parallelt med skiftet til pengehushaldning. Først byrja folk å kjøpe korn, så kjøpte dei fleire og fleire produkt og tenester. I Hareid starta ei ny tid med industri basert på vasskraft i 1870-åra.

Krafta frå elva

Vasskverna reknar vi til dei eldste maskinene, truleg i bruk frå 1100-talet. Dei neste stega mot industri omfatta også utnytting av vasskraft - til saging av tømmer, til trusking- og dryfting av korn og stamping av vadmål. Truleg var vassdrivne truskemaskiner relativt vanleg frå 1870-åra utetter, vi veit at det var fleire langs Hareidselva. Frå kring 1912 kom oljefyrte glødemotorar til erstatning for elvekrafta, og i 1920-åra tok elektriske motorar over. Likevel fanst vasshjul i bruk fram til kring 1930.

Mellom dei meir særeigne vassmaskinene er den som høyrde til det som kan reknast som den første industrien i kommunen - produksjon av guano eller fiskemjøl. Nemninga *guano* viser eigentleg til akkumulert avføring frå sjøfuglar eller flaggermus, brukt som gjødsel på grunn av det høge innhaldet av nitrogen. I Noreg byrja ein å lage "guano" av fiskeavfall, til gjødsel eller til fiskemjøl som dyrefor.

Det var sjøbruket og fisket i kombinasjon med utnytting av elvekrafta, som leidde fram til den første industrien i kommunen. Rikt torskefiske gav ei stor mengd avfall i form av hovud og ryggar. Brandal Guanofabrik vart etablert i 1874 og Hareid Guanomølle i 1877. Verksemda i Brandal heldt fram til 1883-84. Hareid Guanomølle nedst på Elvaneset i Hareidselva ekspanderte frå 1893, og skifte etterkvart namn til Ole J. Teigene & Sønner. Like etter 1900 vart vasshjulet erstatta av ei dampmaskin på 75 hk. Denne vart fyrt med kol, og vart dyr i drift med stigande kolprisar fram mot første verdskrigen. Drifta av kverna vart igjen lagt over på vasskraft, no via ny støypt inntaksdam med røyrgate ned til ein turbin ved kverna. I 1918 vart det kopla til ein 75 kw dynamo til turbinen - som gav straum både til fabrikken og Hareid sentrum så langt som til Holstad. Guanofabrikken til Teigene vaks til ei stor bedrift med omlag 30 arbeidsplassar på det meste. I dag er det ingen fysiske spor etter guanofabrikkane i Brandal og Indre Hareid, med unntak av spor etter der vatnet vart leidd ut av Hareidselva. For å sikre tilgang til råstoff kjøpte Teigene & Sønner fiskeværet Festvågøy i Lofoten. Skutene som frakta råstoffet sørover brukte skiferheller som ballast, og denne vart dumpa i Hareid. Dette førte til at mange hus i Hareid fekk skifertak.

I 1918 vedtok kommunen å byggje ut kommunalt kraftverk i Hareidselva. Det vart strid om vassrettane mellom guanofabrikken og kommunen, og striden enda med oreigning av vassrettane. Kraftverket var ferdig innkøyrd i november 1919. Ustabil vasstilførsle og underdimensjonert maskineri i høve til stadig aukande etterspurnad, førte til misnøye med kraftverket. I 1934 overtok kommunen det privateigde Storelvens Elektrisitetsverk i Brandal. I 1946 vart det endeleg sett i gang arbeid med bygging av kraftverk i Nessetelva, dette stod ferdig i 1948. Likevel vart kraftsituasjonen i Hareid vanskeleg også i etterkrigstida. Også Nessetelva var ustabil, og no auka etterspurnaden stort. Det vart linjeføring frå andre stader som vart løysinga for kommunen - frå 1951 frå Søre-Brandalsvassdraget, sidan også frå Tussafalla på Bjørke i Hjørundfjorden. I 1959 vart Hareid med i L/L Vestlandske Kraftsamband som hadde som føremål å sikre samkøyring og utveksling av kraft i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. I 1961 vart Hareid kraftstasjon lagt ned og inntaksdammen sprengd og fjerna. Slik vart vassdraget igjen førande for laks og ål, men inntaksdammen som populær badeplass var borte.

Hareidsvassdraget er eit flaumvassdrag, og storflaumar i Grimstadvatnet sette delar av Indre Hareid i fare. Allereie i 1870-åra var det planar om senking av Grimstadvatnet og Hareidselva. Dette vart eit langt lerret å bleike, og når realismen i føretaket auka på i 1970-åra møtte interessene for auka jordbruksland og flaumsikring motstand frå nye interesser i form av miljøomsyn. Saka enda med at Grimstadvatnet ikkje skulle senkast, men vart freda som naturreservat, og at Hareidselva vart greven ut i ei strekning på 1,5 km. For å ta vare på livet i elva vart tiltaket utforma med tersklar og kulpar med jamne mellomrom i elva, og det vart lagt høveleg steindekke i botn for betre gytetilhøve. Tiltaket stod ferdig i 1984 og er i dag verna som kulturminne (ASK ID 212162).

Havet som næringsveg

Dei gamle båtane frå før hamskiftet var sunnmørsbåtar av type, med solide røter tilbake til jernalderen. Lenge før hamskiftet i siste halvdel av 1800-talet hadde båten vorte ei handelsvare, og bygder med god furuskog, framfor alt i Voldsfjorden i Volda, forsynte truleg vide område med Sunnmørsbåtar. Årsaken til denne utviklinga var truleg at skogen langs kysten vart overutnytta med vassdrivne oppgangssager på 1500- og 1600-talet.

Fiskarbøndene i Hareidsbygdene tok til seg nyvinningar i møte med andre fiskeflåter. Truleg var det dei mindre storbåtane som var vanlegast i våre bygder, framfor alt seksringen - først som sunnmørsbåt, deretter som møringsbåt. I 1860-åra kom svenske linefiskarar til Ålesund med dekka seglfartøy, *skøyter*. Dette skiftet føregjekk i perioden 1870-1890 i våre bygder og fekk store konsekvensar. Vidare gjekk utviklinga raskt - motorisering av båtane, fyrst med dampmaskin, og jernskrog. Det var dei dekka skøytene som opna for nye fiskeri: banklinefiske på Storegga om sommaren, torskefiske i Finnmark vår og sommar, makrelldorging i Nordsjøen om hausten, og etterkvart torske- og sildefiske ved Island. I 1902 låg det to større skøyter med dampmaskin og jernskrog i Hareid. Endeleg vart ekkolodd introdusert og etter krigen kom dette raskt i bruk i heile flåten, parallelt med at dampmaskinene vart erstatta av dieselmotorar.

Hareid kommune står i ei særstilling med at hovudsetet for ishavsfangsten på 1900-talet på Vestlandet låg i Brandal. Ishavsmuseet Aarvak med fleire bygningar og store gjenstandssamlingar er valt ut til å representere ishavsfangsten som var så viktig for kommunen. Ishavsfangsten leidde til etablering av fleire næringar og hjørnesteinsbedrifter. Peter S. Brandal & Co dampa selspekk frå 1912, og her vart Brandal Sildeoljefabrikk etablert i 1928. Også på nabotomta var det trandamperi. Ein av ishavskipparane i Brandal starta opp med silderøykeri, Lillebø's Røkeri frå 1930, med eksport til utlandet. På det meste var her sju-åtte arbeidsplassar.

På Korsneset på Ytre Hareid starta Johan E. Hareide næringsverksemd knytt til fiskeri i 1906 med kjøp av fiskedampskipet Islændingen. Frå 1912 vart Nordnes-anlegget bygd ut med pakkhus, seinare kai, elektrisk notheng, notbøteri, snikkarverkstad, maskinverkstad, bunkeranlegg og lager. Liavåg Fiskeindustri AS starta i 1967 foredling av saltfisk til klippfisk.

Kring 1955 var Hareid største fiskerikommunen i landet. I slutten av 1970 åra var det over med sildoljeindustrien i Hareid. I løpet av 1970-åra vert det sterk reduksjon både i fiskeflåten og selfangstflåten, og i løpet av 1990-åra vert Hareid som fiskerikommune avvikla.

Andre industriar og næringar

I 1908 starta skipsindustrien i regionen. Lokalt kom Hjørungavaag Mek. Verksted A/S til i 1917, med eige kraftverk i Liavågelva frå 1919. Verftet i Hjørungavåg rakk å vekse til ein topp med 63 arbeidstakarar i 1919 før krisa i 1920-åra. I 1919 skipa Magnus Alme ein trevarefabrikk, kjend som Magnusfabrikken, ved sida av det kommunale kraftverket. Verksemda laga dører, vindauge og trapper og bygde også bustadhus. Det var tilgang til elektrisk kraft og ein revolusjon i kommunikasjonen til sjøs som gjorde det mogleg å starte ei trevareverksemd i ei nær skoglaus bygd. I 1919 tok det også til ein produksjon av tønner i Hareid, fyrst som Hareide Tøndefabrikk knytt til Guanomylna, frå 1934 flytt og reetablert på Tampen-platten hjå Johs. R. Hareide. I 1937 tok ein storm fabrikken, og når krigen kom flytte primus motor og bøkkar Johan Furnes frå bygda. i 1938 vart Magnusfabrikken utvida, omdanna til aksjeselskap og fekk namnet Hareid Bruk AS. Dette skulle verkeleg setje fart i utviklinga av Hareid som industrikommune. I spissen sto tredje generasjon møbelprodusent Petter Marius Erstad, son av grunnleggjaren av Erstad Trevarefabrikk på Ikornes i 1904. Hareid Bruk AS hadde på det meste 100 arbeidstakarar.

Hareid fekk fleire og fleire sentrumsfunksjonar i mellomkrigstida: bensinstasjon med verkstad og smøregrav, slakteriforretning, kolonialbutikk, pensjonat og kafe. Nils O Alvestad starta bakeri på Alvestad, og fire av sønene hans dreiv alle bakeri i kommunen. 1936 etablerer brørne Holstad møbelfabrikken N- & L. Holstad seg med ny fabrikkbygning på Ytre Hareid. I 1946 er det fleire som hentar inntekta si frå industri og handverk, enn frå fiske og fangst, størst er framleis jordbruket. Dette endra seg raskt i åra fram mot 1950 - jordbruket minkar og industrien veks.

Klede- og tekstilindustrien gjer sitt inntog etter krigen: Hadar Trikotasjefabrikk AS 1948, Vaadal Trikotasjefabrikk, Hareid Konfeksjonsfabrikk 1947. Hadar Bruk brann ned under krigen og ny fabrikkbygning sto klar i 1946. Same året kom ei ny trevareverksemd, Bjåstad Trevare, med produksjon av dører, vindauge, innreiingar for kjøkken og butikk, og treverk til lenestolar. I 1947 På Ytre Hareid set Ole Øyehol opp verkstad for møbelfabrikken her, med utviding i 1949. I 1951 kjem Hareid Lenestolverksted til, med fokus på stopping av møblar. I 1949 får Brandal Lærvarefabrikk, stifta i 1938, ny stor fabrikkbygning med produksjon av dokumentmapper, damevesker, lommebøker med meir. Same året vert Brandal Motorverkstad skipa. Her gjorde dei motorreparasjonar, sveising, montering av ekkolodd, og nybygg av fangstbåtar og snurpedoryar i stål.

Frå 1950 utetter er lista lang over små og store føretak som etablerar seg, særleg i og kring Hareid sentrum. Hareid vart eit senter for møbelproduksjon på ytre søre Sunnmøre. Med skifte frå produksjon til sal, og store tiltak knytt til veg, kai og hamn, får dagens Hareid sentrum si form.

Tranbrenneri (Pakkhuset), Brandal

Opphavleg var dette ei sjøbu med tranbrenneri i vestre enden, som sto på pålar i sjøen, bygd i 1906 av Ole O. Ose. I 1930-åra vart det mura bryggje kring bua, og ein trepir som fungerte som offentleg kai. I 1955 vart bua forlengd mot aust med ein del som vart brukt som pakkhus knytt til dampskipsekspedisjonen. I 2005 vart huset teke over av Brandal velforeining som sette huset i stand gjennom omfattande dugnadsarbeid. I dag er huset mykje brukt som forsamlingshus for bygda.
ASK ID 337978-0.



Lærvarefabrikk, Brandal

Brandal Lærvare vart skipa i 1946 med produksjonslokal i ei tyskarbrakke henta inn frå festninga på Kvitneset. Bedrifta var basert på produksjon av bruksartiklar som lommebøker, belte og vesker. I 1952 vart verksemda flytta inn i dette bygget i sentrum av Brandal. Etterkvart vart produksjonen utvida også til regnklede i plast. På det meste hadde føretaket 20 tilsette og var ein viktig arbeidsplass i grenda, særleg for kvinnene. Verksemda vart lagd ned i 1981.
ASK ID 337980-0.



Hadar trikotasje

Hadar Trikotasje vart skipa i 1947, og verksemda helt fyrst til i ei tyskarbrakke henta frå Surnadal. Det store fabrikkbygget som står i dag sto ferdig i 1961. Hadar Trikotasje var ein viktig arbeidsplass i kommunen, særskilt for kvinnene. På det meste hadde verksemda 46 tilsette, og berre 5-6 av desse var menn. Verksemda gjekk konkurs i 1967.
ASK ID 337983-0.



Aarvak, Ishavsmuseet, Brandal

Ishavsmuseet Aarvak er eit spesialmuseum innan emnet polarhistorie, med hovudfokus på Norsk selfangst og overvintringsfangst. Museet vart skipa i 1981 i Brandal av di grenda var hovudsetet på Vestlandet for selfangst frå 1898 og framover. Sentralt i samlingane er ishavskuta Aarvak som er utstilt på land i eige hus ved sida av hovudbygningen. Museet har elles ei omfattande samling med omlag 4000 gjenstandar samt store biletsamlingar. I samlingane finst også ei rekkje gjenstandar knytt til fiske og sjøbruk i Hareid kommune. Ute står Bakkenaustet frå 1800-talet med inventar. Her er også minnesmerket "Ishavskjerringa", av kunstnar Tore Bjørn Skjølsvik - til minne om kvinnene som tok seg av born, heim og gard medan menn og søner var i ishavet. Museet har også teke over verkstadbygget til Brandal motorverkstad, der det mellom anna vart gjort overhaling av fangstbåtmotorar og smidd hakapikar.
Regionalt vern. ASK ID 227180-1.



Hakapik

Hakapiken var ein reiskap til avliving av ungsel på isen. Denne hakapiken vart brukt av M/S Fangstmand, ei av ishavskutene i Brandal. Skaftet er av hassel eller or. Reiar og skipper på Fangstmand, Haakon J. Brandal, skar skafteemna i eigen skog. Hakapiken er utstilt på Ishavsmuseet Aarvak (Inv. nr.ISM.01695).



Lundsgevær

Kammerladingsgevær, model 1860-4'", kort (4 linjers = kal. 12,17mm). Produsert for hæren, bygd om etter Jacob Lunds system ved Hovedarsenalet Akershus Festning i 1863, med engelske deler frå 1811. Ombygginga galdt ei viktig nyvinning - den gasstette metallpatrona. Først mot slutten av 1700-talet vart skytevåpen vanleg på gardane, jakt og fangst dreiv enn før dette med feller, snarer, armbrøst og spyd. Geværet til bonden var frå starten nært knytt til dei militære våpna. Forsvaret innførte kammerladningsgeværet i 1842 - med den store føremonen at det kunne ladast bakfrå heller enn frå munninga som tidlegare. Den rivande utviklinga i konstruksjon av skytevåpen på 1800-talet, førte til at utrangerte modellar vart selde ut til private. Brandølene leigde dei første par åra skyttarar i Tromsø. Fangstmennene arrangerte premieskyting i isen i stille stunder, og det vart skipa eige skyttarlag i Brandal i 1900. Det første tiåret av ishavsfangsten var det kammerladningsgevær som vart brukte. Geværet og patrona stammar frå Liavåg, og er no utstilt på Ishavsmuseet Aarvak (ISM.01283, ISM.01347).



Krag-Jørgensen-gevær

Krag-Jørgensen-geværet var ein norsk innovasjon, som vart teken opp i forsvaret, først i Danmark og USA, deretter i Noreg. Frå 1894 framover vart Kragen nærast einerådande i dei sivile skyttarlaga, og etterkvart også som jaktvåpen. Geværet var påliteleg, treffsikkert, med magasin med fleire skot og høg skottakt, og med mykje lettare ammunisjon. Det svake punktet var regn og væte - og etter krigen vart Kragen i stor grad erstatta av den meir robuste Mauseren. Det var Kragen som var det vanlegaste skytevåpenet kringom på bygdene før krigen, og det var denne som vart brukt i ishavet frå 1907-08. Dette var geværet til Lars J. Hareid, Teia-Lars. Krag-Jørgensen 6,5x55, stempla 1897,nr. 15845. Initialar i kolben: S.B. Ammunisjon, patron kal. 6,5x55 med blyspiss. Utstilt på Ishavsmuseet Aarvak (Inv. nr. ISM.00451, ISM.01000).



Die (ladeapparat) til patron

Ladeapparat til montering av nye tennhetter i patronhylser. Ferdig ammunisjon var dyrt, og tok plass i lasta. Difor var det vanleg med gjenbruk av patronhylsene. Med lause kuler, krut, hylser, tennhetter og ladeapparat kunne fangsmannen halde seg med ammunisjon i ishavet. Apparatet har tilhøyrt Webjørn Landmark som i yngre år var ishavskippar, seinare postopnar i Brandal. Han overvintra på Grønland 1909-10, og fekk Dansk fortenestemedalje etter å ha redda fem av mannskapet på den danske Alabamaekspedisjonen i 1910. Utstilt på Ishavsmuseet Aarvak (Inv. nr. ISM.01395).



Flåkniv

Flåkniv med breitt, svakt boge blad, brukt til flåing av sel, rustfri. Flåing eller spekking av sel tok tid, var hardt arbeid, og feilfrie skinn var hovudføremålet med ishavsdrifta. Kniven har høyrt til mannskap på ishavsskuta Aarvak. Utstilt på Ishavsmuseet Aarvak (Inv. nr. ISM.00133.1).



4. Bygdene og møtestadene

Temaet fell under Riksantikvaren sin bevaringsstrategi for bygder og byar sine kulturmiljø. Sentralt står tanken om at bygdene har identitet og særpreg som har utvikla seg gjennom lang tid, basert på naturgjevne føresetnader og samspelet mellom desse og folk. Nye krav til arealutnytting kjem ofte i konflikt med kulturmiljø og ei sentral utfordring er stadig korleis ein kan ta vare på særpreg og kvalitetar med tidsdjupne utan å bremse utviklinga.

I tillegg er det vesentleg at bygdene er skapte og haldne vedlike gjennom møtestadene, det vi kan kalle felleskapet sine kulturmiljø: Kyrkja, skulen, handelsanlegg, post, bank og andre serviceanlegg, foreiningshusa og anlegg for idrett og rekreasjon. Nye møtestader vert skapte, og desse kan aktivt skipast med auge for-, og utnytting av, eldre kulturmiljø og kulturhistoria. Ishavsmuseet i Brandal, kulturmiljøet kring Hareid kyrkje, kulturløypa langs Hareidsvassdraget og Overå er døme på det.

Skular og opplæring

Dei siste 200 åra har vi opplevd ei storveges betring i levekår, helse og levealder. Heilt sentralt i denne velferdsutviklinga står skule og utdanning.


På 1700-talet breidde nye idear om kunnskap og opplysing om seg. Medan opplysingstanken i Frankrike var radikal og i opposisjon til stat og kyrkje, vart den på våre kantar meir dempa, men ikkje mindre viktig. I Danmark-Noreg skulle embetsmennene, særskilt prestane, bli dei fremste talsmennene for nytten av ny kunnskap om natur og topografi. Andreas Landmark (1769-1839), fut på Sunnmøre og busett på Brandal, var medlem av *Syndmøre practiske Landhuusholdningsselskab*, dreiv sjølv gard og var særs oppteken av gardsdrifta lokalt og på Sunnmøre. Andreas Hofgaard Wisnæs, soknеprest i Ulstein og første ordføraren i Ulstein kommune, var ihuga opplysingsmann. Han sto bak skipinga av eit *almuelæseselskap* i 1830. Dette var ei boksamling som vart forløparen til folkebiblioteket i Hareid. Wisnes fekk seinare gjennomslag for ein ekstraskatt til finansiering av samlingane. I Hareid vart boksamlinga lagra i bokskåpet som i dag står i prestestova. Utlånet føregjekk i starten i prestestova etter sundagspreika. Hareid folkebibliotek er i 2026 altså ein 195 år gammal institusjon.

Den første skulelova kom i 1739. Her vart det som vart rekna som dei viktigaste faga lista: kristendom, lesing, skriving og rekning. Det skulle vere skule for dei *"som kand søke skole"*. Denne eldste skulen var ein omgangsskule, det vil seie at undervising vart gjeve i bustadhus, på omgang i dei ulike krinsane. Skulen var tett bunden til kyrkja, og det var ofte klokkaren som var lærar. Ei ny lov i 1860, Fastskulelova, slo fast at det i regelen skulle haldast skule i eigne skulehus i kvar krins. Og med det vart det sett ei stor mengd markante, varige og viktige materielle spor i bygdene: *skulehusa*.

I 1860 vart det skipa heile 11 skulekrinsar i Hareid. Fleire av krinsane fekk faste skular, men i leigde bygg - og då bygg som ikkje var særskilt utforma som skulehus. Dei første eigentlege skulebygga i kommunen vart bygde i Hjørungavåg (Liabygda) i 1866 og på Holstad i Hareid krins i 1867. Dette var små hus, 5,6m og 5,7m i firkant, med leikeplass utanfor. Deretter kom skulehus i Bigset i 1878, og i Brandal i 1890. Endeleg vart det bygd skule i Snipsøyrdalen i 1910. Skulehuset i Bigset frå 1878 er bevart, men dette vart flytt til Vattøy i Ulstein kommune då det kom ny skule på Bigset i 1913. Skulehuset i Holstad vart seld i 1918, og seinare sett opp som Hareide Gamleheim i 1920-åra. Av denne første generasjonen skulebygg i skulekrinsane i Hareid, er det berre Snipsøyrdalen skule som er att.

Grenser for krinsar, plassering av skulebygg, og ikkje minst nedlegging av skulekrinsar, har sett sinn i kok i 150 år. Frå 60-åra byrja ein stendig prosess med nedlegging av skulekrinsar, som akselererte i 90-åra.

I dag har Hareid tre kommunale skular: Hareid barne- og ungdomsskule, Bigset barneskule og Hjørungavåg barneskule. I tillegg kjem privatskulen Brandal friskule.



Snipsøyrdalen skule

Bygd i 1910, i bruk som skule for grenda Snipsøyrdalen fram til 1961. Skulen var også møtestad for fråhaldslosje nr 1595 av Internasjonal orden av godtemplarer (IOGT) "Soldogg" i perioden 1917-1963. Sidan den tid har Snipsøyrdalen grendalag stått som eigar og stått for vedlikehald. Huset har også funksjon som grendahus. Dette er den eldste bevarte skulen på heile Hareidlandet, og det einaste "førstegenerasjons" skulebygget, etter lova om fastskular i 1860. Det vert arbeidd med å ta i bruk bygningen som skulemuseum. Det finst ein heil del eldre skulemateriell i huset, og ein tek sikte på å samle inn meir frå andre stader i kommunen.
Regionalt vern. ASK ID 226893-1.



Brandal skule

Dette er det andre skulehuset i Branddal krins. Den første vart bygd i 1890, med eit lite skulerom på vel 30 kvadratmeter. Denne andre skulen sto ferdig i 1919, og vart innvigd med laksemiddag for heile krinsen. Skulen var etter måten stor og dyr i høve til krinsen - og bygningen må sjåast i lys av veksten i økonomi og folketal knytt til ishavsfangsten. På det meste, i 1928, hadde skulen 91 elevar. Skulen vart rekvirert av den tyske okkupasjonsmakta 1940-42 til arbeidarar og soldatar på festninga på Kvitneset. I 1967 fekk krinsen ny skule
ASK ID 339216-0.



Hjørungavåg skule

Tomta til skulen vart utskild til kommunen i 1939 (br. 11) og 1948 (br. 16) frå Nedrelid gnr. 76. Skulen vart teken i bruk i 1954 og innvigd i 1955.
ASK ID 339217-0.



Kyrkja

I den eldste tida skal folk i Hareid ha sokna til ei kyrkje på garden Kyrkjebø på Sulalandet. Denne kyrkja skal ha brunne ned, og ei ny kyrkje vart då reist på Hareid. Segner om at kyrkja var tenkt reist andre stader og at tømmeret om natta kom i drift og rak i land på det som vart kyrkjestaden, er særs vanlege langs kysten. Slike segner finst og om Hareidkyrkja. Vi veit altså ikkje når den første kyrkja vart reist i Hareid kommune, men det var truleg på Hareid i tidleg mellomalder, og moglegvis var det den same som sto der fram til 1806. I mellomalderen er Hareidkyrkja nemnd som ei lita stavkyrkje. Sjølv om Hareid låg under Herøy prestegjeld, er det teikn på at presten budde ved Hareidkyrkja i mellomalderen. Kring 1640 hadde den gamle kyrkja vorte skeiv. Til avstiving vart det bygd til ein arm i nord slik at det vart ei halv krosskyrkje. Denne kyrkja brann ned etter eit lynnedslag i 1806. I dag har grunnen der stavkyrkja stod uavklara vernestatus, av di det er uvisst kva som kan finnast av arkeologiske spor her (ASK 84483-1). Prestestova står i dag i vestre del av kyrkjestaden. Under grunnarbeidet til Prestestova kom ein ned i tuftene etter stavkyrkja. Til kyrkja høyrde også gravplass i mellomalderen, avgrensinga til denne kjenner vi nokolunde, og denne er automatisk freda (ASK 84483-4), av di sannsynet for arkeologiske funn her er stort.

Etter at stavkyrkja brann ned i 1806, vart oppføring av ny kyrkje bremsa av krig, blokade og fattigdom i bygdene. Det nye kyrkjebygget vart teikna av soknepresten i Hareid og Ulstein Peder Thams Buschmann. Dette var ei åttekantkyrkje i tømmerlaft med bordkledning, som sto noko aust for tomta til stavkyrkja. Byggjearbeidet starta i 1807, men kyrkja var ikkje ferdig før i 1820.

Kyrkja som står i dag

Allereie i 1876 hadde åttekantkyrkja sige skeiv og måtte rivast. Ny kyrkje skulle no byggjast på betre grunn lenger aust. Hareid kyrkje som står i dag sto ferdig i 1877. Kyrkja er ei nygotisk langkyrkje etter mal frå Ørstakyrkja, med nokre tilpassingar i dimensjonar og utforming av tårnet. Også her slo lynet ned i 1902, men skadane vart utbetra same året. I 1913 vart kyrkja måla innvending. Den kjende treskjeraren og rosemålaren Lars Kinsarvik sto for fargeval, plan og skisser til arbeidet. Dei to klokkene i bruk i dag vart gjevne i gåve i 1869, ei frå skipparane i Hareid sokn, og ei frå Hareid sparebank. Mellom tekstane på klokkene er denne strofa av Johan H. Grimstad: HØYR MINE MALMAR DEI TONAR OG KVED: HERREN ER FRELSAR I HONOM DEG GLED. I 1951 vart det gjort ei større vøling av kyrkja.

Mellom eldre inventar frå Hareidkyrkjene vil vi særleg rekne opp:

- Dåpskanne i bronse frå 1300-talet, laga i Dinant, Belgia, automatisk freda og oppbevara ved Universitetsmuseet i Bergen.
- Preikestol frå 1576, kjøpt brukt i Stavanger til åttekantkyrkja. I dag i Bigset bedehus.
- Altarkalk i sylv frå før 1660, i Hareid kyrkje si eige
- Altartavle, laga i 1660 av skotske Anders Smith, treskjerar og kunstmålar, til Hospitalkyrkja i Stavanger. Fut og kyrkjeverje Anders Landmark kjøpte altartavla til vigslinga av åttekantkyrkja i Hareid i 1807. Tavla vart restaurert i 1977 ved Bergen Museum. Dette er eit verdifullt stykke kyrkjekunst av nasjonal verdi.
- Kyrkjeklokka frå 1870, støypt i Trondheim av material frå eldre klokker frå Hareidkyrkja.

Bautasteinen på Hareid kyrkjegard

På kyrkjegarden står ein bautastein (ASK 84483-5), om lag 40 meter nordvest for tårnet på kyrkja. Han er 2,5 meter høg, 50 cm brei og 20 cm tjukk. Om denne steinen skriv Hans Strøm i Søndmørs Beskrivelse frå 1769: *På kirkegården står en høy bautastein, eller hedensk liksten, som synes vise at man ved kristendommens begynnelse her i Norden har anlagt kirkene der vor forfedrene havde deres begravelser.* Steinen knyter her ein ubroten samanheng med forhistorisk tid, ein kultustad og ein samlingsstad for bygdelaget. Alderen på steinen er uviss. Men i Noreg er dei fleste bautasteinane datert til folkevandringstida (400-500 e.Kr).

Hareid kyrkjehistoriske kulturmiljø

Ved Hareid kyrkje ligg to minnesteinar:


- Minnestein over folk i Hareid bortkomne på sjøen 1850-1945, avduking 1946.
- Minnestein over folk som miste livet som fylgje av andre verdskrig 1940-1945, avduking 1946.

Prestestova er truleg frå 1600-talet, kanskje eldre. Dette er ei av fire bevarte prestestover i fylket og bygningen er lista med regional verdi i fylkesplan for kulturminnevern. Prestestova vart i 1964 flytt frå opphavleg stad, og inn på kyrkjegarden. Stova var lenge brukt som rådhus i kommunen. I dag er prestestova eit museum med møblar og bruksting knytt til prestegarden og kyrkja: halsjern med kjetting frå gapestokken, nattverdsaker, møblar og meir.

Kulturmiljøet med kyrkjebygget, den eldre kyrkjestaden, bautasteinen, minnesteinane, gravplassen og prestestova, er eit kyrkjehistorisk kulturmiljø med høg verdi med breidde og stor tidsdjupne. Kyrkja, sjølv med utskifting av bygningsmasse, har verka som sentral møteplass gjennom tusen år. Miljøet har regionalt vern, ASK ID 84483, og har fått informasjonstavle.

Kulturmiljø Hareid kyrkjestad

Kulturmiljøet omfattar Hareid kyrkje som står i dag, grunnen der stavkyrkja i mellomalderen sto samt grunnen der gravplassen frå mellomalderen låg, prestestova, bautasteinen og dei to minnesteinane over falne og omkomne. I 2018 kom det på plass informasjonskilt som fortel om Hareid middelalder-kyrkjegard og dei arkeologiske spora frå bronsealder nord for kyrkja. Regionalt verna, ASK ID 84483.





Altartavle og altarring. Altartavla er laga i 1660 av skotske Anders Smith.



Preikestolen frå 1576, før og etter oppattmåling, i dag i bruk i Bigset bedehus. Foto til venstre: © 2016 Universitetsmuseet i Bergen



Bautasteinen på Hareid kyrkjegard.




Postvesenet

Framveksten av postvesenet handla i stor grad om utveksling av skriftlege meldingar over lange avstandar. Temaet er såleis nær knytt til lesekunne, skule, handel og samferdsle. I løpet av 1800-talet vart verda raskt mindre og folk vart meir lesekunnige. Det var inga postrute over Hareidlandet før 1804. Truleg var det futen Landmark sitt tilhald i Brandal som først skaffa fast postsamband i 1790-åra. Hovudruta for den Trondhjemske Postvei gjekk over Ørskog til Hellesylt, og Landmark sitt samband var med Borgund, det vil seie sideruta Borgund-Ørskog som kom i 1785. I 1803 auka takta i postgangen på ruta Borgund-Ørskog frå ein til to gongar i veka. I 1804 vart opneriet i Borgund til postkontor, og sideruta vart forlengd over Hareidlandet til Volda. Posten vart rodd frå Borgund, seinare frå Ålesund, til Landmark i Brandal, og han fungerte også som postopnar som distribuerte posten vidare. Frå 1804 vart posten rodd frå Brandal til Hareid, og frakta over land over Eidet til Ulstein. Med den nye dampskipstrafikken vart Brandal liggande avsides til, og i 1842 vart opneriet lagt ned - posten skulle no sendast til Ulstein.

Det gjekk nærare tretti år før det på ny kom postopneri i kommunen, denne gongen i Hareid, i 1870. Deretter kom det postkontor i Hjørungavåg i 1897, og i Brandal i 1899.

Kring 1850 var det om lag 240 poststader i heile landet – i 1900 var talet tidobla. I Hareid gjekk talet frå null til tre. Desse tre fungerte som sentrale stader i bygdene i 100 år, før den stendige ekspansjonen gjekk i retur – med kombinasjon med post i butikk, ikkje ulik kombinasjonen Landmark starta med i 1790-åra. I eitt og same århundret kom telegraf, telefon, internett, e-post, mobiltelefon med sms og mms - og revolusjonerte kommunikasjonane i Hareid som elles i verda.



Utsnitt av kart over vinterrutene for postgangen, 1838.

Gamle posthuset, Brandal.

Huset var bygd som bustadhus i perioden 1850-1875. Når Brandal på nytt fekk postopneri i 1899, vart dette etablert her. I 1973 vart status endra til underpostkontor, i 1977 til postkontor C og i 1993 til postkontor R3. Kontoret vart lagt ned i 2001. Frå starten til 1950-åra var poststyrarane på Brandal av Landmarkslekta.
ASK ID 339186-0



Gamle postkontoret på Hareid

I 1870 vart det skipa postopneri i Hareid. I 1973 vart status endra til underpostkontor, i 1974 til postkontor B og i 1993 til postkontor R3. Kontoret vart lagt ned i 2001. Huset vart bygt i 1949 med postopneri i første høgda. Posten opna i januar 1950.
ASK ID 339190-0.



Gamle postkontoret i Hjørungavåg

I 1897 vart det oppretta postkontor i Hjørungavåg. I 1973 vart status endra til underpostkontor, i 1977 til postkontor C og i 1993 til postkontor R3. Kontoret vart lagt ned i 1998. Butikk og post flytta inn i denne bygningen (biletet) til jul i 1952.
ASK ID 339191-0.



Risebanken

Den første banken på Hareidlandet vart stifta i 1868 som Ulfsteens og Hareids offentlige bank. Banken heldt til i murstova på Rise, og hadde kontordagar på Hareid og Ulstein. Bankstyraren køyrde desse dagane til og frå kontorstadene med heile banken i ei kiste på høyvogna. I 1916 vart banken flytt til Andreas Woldsdal sitt bustadhus på Ytre Hareid. Sjølve bankdelen av huset er nærast uendra med møblar og lausøyre knytt til bankdrifta. Huset vart sidan utvida og søylane og bogegangane i mur kom til, truleg i 1922-23. Bygningen og resten av tunet har regionalt vern. ASK ID 226863-1





Ei tid var det butikkar på Bigset (ASK ID 339214, 339214).

Bankvesenet

Frå 1850-åra framover kom ei omlegging frå naturalhushald til pengehushald. Meir pengar kom i omløp og både jordbruket og sjøbruket sto framføre omleggingar som kravde større investeringar. Banksaka vart særs viktig kringom bygdene på Sunnmøre i 1850-åra. Det drygde noko på Hareidlandet, men banken var på plass i slutten av 1860-åra. Dette var "Ulfsteen og Hareids offentlige Bank", med ei særeigen lokalisering og særprega bygning. Banken hadde hovudkontor i den murbygde stova på Rise br. 2, med kontordagar i Hareid og Ulstein.

Handel

Handel reknar vi med var fri overalt i landet før framveksten av byane. Sidan vart handelen tett knytt til byane, og tendensen vart styrka gjennom at det var lagt innskrenkingar på handel utanfor byane. Den første slike innskrenkinga får vi kring 1250: det vart forbode å fare i kjøpferd om sommaren, mellom påske og mikkelsmess. Regelen vart teken oppatt gjennom 1200 og 1300-talet. Grunngjevinga var akutt mangel på arbeidskraft på landet i onnene. I tillegg må vi rekne med ein medviten handelspolitikk som ville gjere handel til eit privilegium for ein klasse av velståande bykjøpmenn. På 1200-talet kom òg forbod for utanlandske kjøpmenn mot å handle direkte med bøndene, først naut, i 1306 også trelast. I 1299 kom det første generelle forbodet mot handel på bygdene, først og fremst retta mot mellomhandel og ikkje direktehandel mellom produsent og konsument. Den profesjonelle handelen skulle avgrensast til byane. På slutten av 1300-talet vart det vidare restriksjonar: alle som hadde varer å omsette vart pliktige å møte opp i kjøpstaden for sitt distrikt, og bøndene i Sunnmøre vart pålagde å fare til Borgund. Kjøpmennene i Bergen derimot hadde rett til å sigle med varer over heile landet. Restriksjonane vart haldne på til kring 1850. Det er vesentleg også å merke seg at frå første stund høyrer vi også stadige klagemål om landhandleri. Det var relativt lett å kamuflere profesjonell handel som bytehandel mellom produsent og konsument, og slikt føregjekk truleg i stor grad.

I den framveksande staten var kommunikasjonane avgjerande. For å syte for embetsmenn på reise, men også andre reisande, vart det etablert skysstasjonar og gjestgiveri på viktige knutepunkt. Mange av desse var bønder, men mange var også borgarar og embetsmenn. Desse hadde rett til å selje naudsynte varer til dei reisande. Det var lenge strengt forbode å «halde kro» for bøndene i soknet, og å drive regulert landhandleri. Likevel vart dette ofte gjort og frå 1750 framover vart også løyve til landhandel gjeve saman med gjestgjevarløyvet. Endeleg, for å ta opp konkurransen på landet, etablerte kjøpmennene seg med borgar- eller kremmerleie ute på bygdene. Dei hadde forbod mot å halde til i borgarleia sine året rundt – men gjorde det likevel, såkalla *utliggere*.

Ei liberalisering av landhandelen byrja i 1750. Den sterke veksten i folketal, i bruk av pengar, og i omsetning av varer, var viktige årsaker. Det vart etter kvart tydeleg at å føre den store innanlands vareomsetninga via byane var tungvint og heller ikkje naudsynt. Ei viktig bremse var eit mellomaldersk tankesett rota i stendersamfunnet: byborgarar klaga over at landhandlarar førte «overdådighetsvarer» ut på bygdene – det dei sjølve brukte syntest dei var overdådige for bøndene. Det var eit nytt tankesett som måtte til før landhandelen kunne sleppast fri: liberalismen med fokus på individet sine rettar og prinsipp om fri næringsutøving for alle. Liberalismen er synleg i handelspolitikken frå 1750 framover, men det er med nye lover i 1842, 1857 og 1866 dei verkelege endringane kom. Søknad om etablering av landhandleri skulle no avgjerast av dei lokale formannskapa. Når det likevel ikkje skjedde noko oppblomstring av landhandlarar etter desse frisleppa, var det delvis på grunn av at også formannskapa var skeptisk til auka forbruk av «luksusvarer».

Både Brandal og Hareid hadde kremmarleie med privilegium på 1600-talet, i nokon grad også Liavåg på 1700-talet. Det er ikkje registrert faste kulturminne knytt til denne eldste organiserte handelen i kommunen. I denne tida føregjekk handelen ofte i sjøboder. Kulturminna i planen er alle frå seinare del av frihandelperioden. Det er sagt at bakaren i bygda ofte starta den første handelen. Om ikkje dette stemmer heilt for Hareid, så er likevel to av kulturminna knytt til bakeri.

Kolonialbutikk, J.J. Holstad

Kolonialbutikk, J.J. Holstad. Tomta vart skild ut i 1927, og Johan Holstad bygde huset med bustad i 2. høgda og kolonialbutikk i 1. høgda i 1926-27. Butikken var i drift til kring 1970. ASK ID 339193-0.



Kolonialbutikk og bakeri, S. Hovlid

Kolonialbutikk og bakeri, S. Hovlid. Tomta vart utskild frå bnr. 18 i 1921, huset truleg bygd like etter. Kjellaren i våningshuset var innreidd som bakeri. Eigedommen vart seld på auksjon i dei vanskelege 1920-åra. Neste eigaren, Helge Hovlid, dreiv bakarforretning i Hareid, uvisst om han hadde bakeri i kjellaren her. Sidan flytte Severin Hovlid handelen sin hit frå bnr. 43, og sidan vart det drive handel her fram til 1971 (då døydde eigaren Helge Hovlid og handelen vart overdregen til Spar Handel).

ASK ID 339194-0.



Kolonialbutikk, Johs. Klungsøyr

Huset vart bygd i 1936. Her dreiv Johs. Klungsøyr kolonialbutikk i åra frå 1939. Han dreiv til 1974 då sonen Jarle tok over. Jarle slutta med butikken sommaren 1997.
ASK ID 339215-0.



Solvoll Kafe, Brandal

Tomta vart skild ut frå bruk 4 i 1934, og huset bygd like etter. Her vart drive Solvoll kafé frå kring 1950 til sist på 1960-talet.
ASK ID 339196-0.



Kafe, bakeri og kolonialbutikk i Megata

Murhuset i to høgder vart bygt i 1934 for John Alvestad.. Dei to nausta som stod her vart fjerna. Her dreiv han bakeri med utsal og landhandel til midt på 1950-talet. Der var også kafé sist på 30-talet. Men den var ikkje i drift etter krigen. Bakeriet var i drift med ulike drivarar. Siste bakar der var Thor Alvestad. Han slutta kring 2004. Men landhandelen tok slutt med John Alvestad.
ASK ID 339197-0.



Skips- og landhandel, Johan E. Hareide

Tomta vart først skild ut i 1910, og Johan Hareide sette opp eit sjøpakkhus på pålar. Han eigde fleire fiskebåtar. I 1928 vart sjøhuset utbetra og innreidd til butikklokal for skips- og landhandleriet Johan E. Hareides sønner AS. I 1948 vart familiefirmaet omgjort til aksjeselskapet Johan J. Hareide AS.
ASK ID 339200-0.



Vartdalbutikken, Severin Vartdal

Severin Vartdal (1884-1945) dreiv landhandel. Han kjøpte denne tomta frå Brandal br. 7 og sette opp bygningen kring 1915, og flytte handelen hit.
ASK ID 339202-0.



Kolonialbutikk, Gunnar Riise

Bygningen med butikklokal i første høgda og våningsdel i andre vart bygd i 1965. Her dreiv Gunnar Riise kolonialbutikken Snarkjøp i åra fram til 1973. Han slutta fordi byggefeltet i området ikkje kom når det var lova, og det kom butikkar av typen Spar i sentrum, noko som gjorde det vanskeleg å drive for lokalbutikkane (sjå bilete s 22 i boka Augneblink frå 60-talet av Arne Ola Grimstad).
ASK ID 339213-0.



Kolonialbutikk, Karl Riise

Huset vart bygd i 1931. Her dreiv Karl Riise kolonialbutikk frå 1932 til han døydde. Sonesonen tok over i 1982, han dreiv butikken berre kort tid.
ASK ID 339214-0.





Frå dei arkeologiske registreringane på Overå. Foto Møre og Romsdal fylkeskommune (ASK ID 339534-0.)

Overå

På Overå har ein ny møtestad teke form, i skjæringspunktet mellom arkeologi og kulturhistorie, reiseliv, friluftsliv, forsking, miljøvern, utdanning og rekreasjon. Overåsanden-Plassane er eit statleg sikra friluftsområde. Statleg sikra friluftsområde er område som kommunen eller friluftsrådet har sikra gjennom kjøp eller bruksavtale til bruk for ålmenta, med statleg støtte. Det langgrunne strandområdet Overåsanden, "finaste stranda på Sunnmøre", står sentralt i friluftsområdet. Stranda er eit særs populært utfartsområde.

I kommunen sitt arbeid med kulturmiljø er det definert eit overordna kommunalt listeført kulturmiljø som omfattar friluftsområdet, nasjonalmonumentet og dei automatisk freda kulturminna (ASK ID 339534). Ei rekkje opparbeidingstiltak, informasjonsskilt, tilvisingsskilt, sanitæranlegg, avfallsbrønnar, andre tilretteleggingar, arkeologiske granskingar, miljøtiltak med rydding av strandsonen og engasjering av skuleklassar er mogleggjort som synergieffektar frå dei ulike interessene og ressursane som møtest i dette området.

Hareid kommune har fått midlar gjennom Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK). Desse skal nyttast til tilgjengeleggjering og skjøtsel av arkeologiske kulturminne på Overå, særskilt framrydding og skjøtsel av gravrøysene i området. Frå Ovrastrada på nordsida av Ovraneset til grensa mot Pilskog ligg det 10 store gravrøyser, truleg er disse frå slutten av eldre jarnalder og yngre jarnalder. Det nordlegaste gravfeltet ligg på Kuggane, med 3 store gravrøyser. Det ligg også ei einsleg røys på Langeneset, 2 i Kjerringvika, 1 på Ovraneset, 3 på Skarveneset og ei i Sjursvika. Det skal ha vore fleire røyser i området, men dei er dessverre borte i dag. Spesielt interessant er den 30 meter lange båtforma gravrøysa med små bautasteinar på kvar side, som ligg i Kjerringvika. Det skal ha vore ytterlegare to slike skipsforma langrøyser på Ovra, ei ved Ovrasanden, og ei i Sjursvika. Berre restane er att av den eine i Sjursvika. Det skal også ha stått ein bautastein på marka ovanfor Ovrasanden.



Arve Eiken Nytun med georadar, under dei arkeologiske registreringane på Overå. Foto Møre og Romsdal fylkeskommune (ASK ID 339534-0.)

I tillegg til desse faste, synlege fornminna, er det påvist ei lang rekkje arkeologiske funn under torva både med tradisjonelle utgravingsmetodar og georadar. I 2009 vart dei fyrste omfattande spora etter busetting avdekka på Ovrasanden, etter ei større arkeologisk registrering. Det vart då funne spor etter fleire periodar med dyrking, spor etter hus, kokegroper og ei mogeleg grav. I 2021 vart det gjort ei georadarundersøking over den påviste grava frå 2009, og ein kunne sjå at gravstrukturen er avlang og strekk seg om lag 30 meter. Grava er gjennom c14 metoden datert til slutten av 900-talet. Funn av store mengder flintavslag, viste også at området har vore brukt heilt sidan steinalder. Nye arkeologiske registreringar i 2023 og 2024 har gitt meir informasjon om busettinga på Ovra. Gjennom tradisjonelle registreringar og nye georadarundersøkingar er det mellom anna påvist fleire langhus og omfattande aktivitet frå folkevandringstid og opp til høgmellomalderen. Eit av langhusa har ein fått datert bruksfasar frå 650 – 1250 e.kr. Georadarresultata viser at det kan ligg 6-7 fleire forhistoriske hus på området. Senter av denne gardsbusettinga ser ut til å ligge rett på oversida av vegen, men truleg også under dagens veg, som kryssar markane mot Hjørungavåg.

Nye steinalderlokalitetar frå eldre steinalder er også påvist lenger oppe på markane, og går mange tusen år tilbake i tid. Den tida stod havet fleire meter høgare enn i dag. Disse lokalitetane består av kulturlag etter organisk avfall, flintavslag og reiskap. Det er mellom anna funne ein meisel av stein på ein av lokalitetane.

Nyleg vart det påvist fossile dyrkingslag frå mellom 3500 og 3000 f.Kr. i bakkane vest for stranda. Dette er mellom dei tidlegaste dateringane for jordbruk på Vestlandet. I tillegg til spor frå bronsealder og jernalder, er her også påvist arkeologiske spor frå mellomalderen. Samla set dette Overå i ei særstilling - det er uvanleg med ei slik kontinuitet i busetjingspor over så lang tid på eit så avgrensa område.

ASK ID 339534-0.

Storelvens Elektricitetsverk, Brandal

Kulturmiljøet omfattar demninga for vassreservoaret øvst oppe, bygningen der turbinen sto, nede, og spor etter røyrgata. Demninga vart bygd i 1917-18. Etter at kraftverket vart lagt ned i 1954 har dammen vore mykje nytta som badeplass.
ASK ID 337987.



Nesset kraftstasjon

Nesset kraftstasjon med røyrgate, bygd i 1946, var ei viktig kraftutbygging for regionen. Regionalt vern. ASK ID 226820-1.



Hareidsvassdraget

Hareidsvassdraget frå sjøen til Snipsøyrvatnet er eit kulturmiljø med stor breidde. Her har vore stor aktivitet gjennom fleire hundreår med stampe, kvernhus, muslingperlefangst, lakse, aure og ålefiske, torvtak, kraftverk og industri, demningar, bruer og badeplassar. Miljøet omfattar også tiltaket med tersklane i Hareidselva og demninga ved Grimstadvatnet. Hareid Rotary Klubb bygde i perioden 2001-2012 ein kultur- og natursti, Rotarystien, som går langs elvebreidda frå sjøen til Snipsøyrvatnet. Her vert ei rekkje kulturminne formidla og gjort tilgjengeleg, mellom anna er torvhus og kvernhus sette i funksjonell stand. Hareid Historielag Årsskrift 2011 handlar om Hareidselva. Det er også laga ein dokumentarfilm (2013) om kulturhistoria langs Hareidselva.
ASK ID 339378.



Dam og demningsanlegg i Grimstadvatnet

I 1983 vart vasstanden i Grimstadvatnet senka og løpet for Hareidselva retta ut. Føremålet var å skape større areal til jordbruk, industri og skulebygg. Tidleg på 1990-talet kom tilhøvet mellom arealutnytting og miljø meir i fokus, og utløpskanalen og tersklane vart bygde om til slik dei er i dag. V-utsparinga i hovudterskelen kan lesast som eit miljøtiltak. Anlegget er med i NVE's landevernplan (delplan for vassdragstekniske anlegg, 2010: anlegg nr. 30), og er inkludert i fylkesplan for kulturminne (MR 2015: ID 236.47).
Statleg listeført ASK ID 212162-1. Regional delplan for kulturminner i Møre og Romsdal.



Frivillig lagsarbeid

Foreiningstida kallar historikarane perioden 1840 - 1900, då det voks fram ei rekkje frivillige lag og organisasjonar med ulike avgrensa føremål og ulik ideologisk basis.

Foreiningshusa

Foreiningshus kan vi kalle dei husa som vart brukte som møtelokal for frivillige foreiningar. Bygginga av foreiningshus skaut fart frå kring 1870. Desse har i særs mange bygder, også i Hareid, verka som bygdene sine storstover - til samling og felleskap.

Foreiningshusa kan delast i fire grupper.

1. Bedehus (anten parallelt med kyrkja, i lekmannsrørsla, eller i opposisjon til kyrkja, i frikyrkjene).
2. Fråhaldslokal (for foreiningar med totalfråhald som formål)
3. Ungdomshus (frilynte ungdomslag, eller Bondeungdomslaget)
4. Arbeidarlokal/Folkets Hus (sosialdemokratiske foreiningar og/eller fagforeiningar)

Kva som kom til å verke som bygda si storstove, var mykje avhengig av kva type lag og foreiningar som var tidlegast ute i dei ulike bygdene – lekmannsrørsla, den frilynte ungdomsrørsla, fråhaldsrørsla eller arbeidarrørsla. I mangel på slike, eller av andre årsaker, kunne skulehuset fylle funksjonen som bygdestove.

I Hareid var det lekmannsrørsla som var først ute - Misjonskvinneforeininga i Hareid vart skipa allereie i 1874.

Lekmannsrørsla

Religiøst arbeid og vekking føregjekk også utanfor kyrkja, og kristelege organisasjonar og bedehus var ofte utfyllande til aktivitetane og verksemda i kyrkja. Den første religiøse vekkinga var Haugianarrørsla (frå 1796 framover), men kjeldene fortel lite om kva rolle denne spela på Hareidlandet før seinare. Haugianarrørsla var vesentleg for dei seinare indremisjons- og misjonsforeiningane.

Den såkalla Konventikkelplakaten (forordning 13/1 1741) sette forbod mot ikkje-ordinerte predikantar å reise rundt å forkynne. Lekfolk kunne samlast i konventiklar, små religiøse møter eller samlingar, men helst på helgedagar, og presten skulle varslast og jamnleg kontrollere slike samlingar. Konventikkelplakaten vart etter lang politisk strid oppheva i 1842.

Misjonsforeiningar er organiserte lekmannsgrupper som innanfor statskyrkja arbeider for spreiing av kristen tru utanfor landegrensene. Kjenneteiknande for rørsla vart mellom anna den store stor mengda lokale kvinneforeiningar som samla inn pengar til misjonsarbeidet gjennom basarar og utlodding, spreidde informasjon om misjonsarbeidet og heldt eigne møter. Dei første misjonsforeiningane i landet vart skipa i 1820-åra.

Indremisjonsforeiningar er organiserte lekmannsgrupper som arbeidar for auka kristen interesse og vekking innanfor grensene til statskyrkja. Aktivitetane omfatta typisk møter og bibellesingar i private heimar eller eigne lokalar, engasjering av omreisande emissærar, dørsal av religiøs litteratur, og sosialt omsorgsarbeide med husbesøk. Dei første indremisjonsforeiningane i Noreg vart skipa i 1850-åra.

Ved den første store religiøse vekkinga på Hareidlandet i 1840-åra vart Ulstein Misjonsforeining skipa, under leiing av presten i Ulstein. Det var misjon i andre land, h*eidningemisjonen*, som sto sentralt i denne eldste organiseringa. I den andre store vekkinga i 1870-åra og 1880-åra, var det stor møteaktivitet i alle bygdene, og det første bedehuset på Hareidlandet vart bygd i Ulstein. Nye misjonsorganisasjonar vart skipa over heile Sunnmøre, no oftast kvinneforeiningar som dreiv pengeinnsamling gjennom utlodding av premiar. Og i Hareid vart i 1874 Hareid Misjonskvinneforeining stifta - den eldste organisasjonen i Hareid. I 1883 vart Hareid Indremisjonsforeining skipa, med møte i Bigset skulehus. Hareid Ungdomsforeining (forløparen til KFUM) vart mellom dei første slike på Sunnmøre, og skipa i 1886. Det første bedehuset i Hareid vart bygd i Hareid, i 1891 også på Grimstad, og før 1900 også i Hjørungavåg. I 1955 vart det bygd nytt bedehus på Hareid, og då vart bedehuset på Grimstad flytt til Bigset. Brandal krins kjøpte i 1968 det gamle skulebygget frå 1918, og tok dette i bruk som bedehus.

Fråhaldsrørsla

Godtemplarordenen kom til i 1851 i USA med føremål å fremje personleg fråhald frå rusdrikk, og var kjenneteikna frå starten av hemmelege ritual og seremoniar. Godtemplarordenen kom til Noreg i 1877 og i 1890-åra skaut distriktslosjane fram på Sunnmøre og i Hareid kommune: Brandals Håp (1896), Dag over Land (1897), Hjørungavåg (1898, nedlagd før 1903), Soldogg (1918) og Jarlen (1942, Hjørungavåg). I Hareid fekk sjølvsagt fråhaldslosja kor knytt til seg, også av di Johan H. Grimstad sto sentralt i fråhaldsarbeidet lokalt og regionalt. Såleis vart Hareid losjekor/Hareid Godtemplarkor skipa.

Den frilynde ungdomslagsrørsla

Hareid frilynde ungdomslag vart skipa i 1909, og hadde allereie frå starten planar for eit hus for laget. Den første tida vart møta haldne i kjellaren på skulen i Holstad, og større samlingar i bedehuset på Grimstad. I 1920 sto ungdomshuset Trudvang ferdig. Namnet var



Jonsokfeiring på Holesanden, foto Hareid kommune (ASK ID 337931-0.)

mellom dei mest populære namna brukte på ungdomshusa i tida. Trudvang var i norrøn mytologi Tor sin gard i Åsgard, og tyder "styrken sin heim". Aktiviteten minka og i 1929 vart laget lagt ned og Trudvang seld til Hareid Songarlag. Dei heldt aktiviteten oppe, gjennom okkupasjonsåra og ut i 1950-åra. Frå då av minka aktiviteten, delvis grunna konkurranse frå den nye Ulstein kino som kom til i 1960. I 1978 vart det blåst nytt liv i Hareid frilynde ungdomslag, og aktiviteten auka noko i Trudvang med ungdomslaget, Hareid Songarlag, Hareid Amatørteter og korpset Melshorn. I 1987 var det slutt, og kommunen overtok huset frå Hareid Songarlag. Huset vart rive i 2021.

Andre lag og foreiningar

Tre andre rørsler vart fødde i den urolege perioden før unionsoppløysinga i 1905. Lag for konkurranseskyting hadde funnest tidlegare, men i 1860 vart *Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaabenbrug* skipa. At dei fekk løyve til å kjøpe våpen frå Kongsberg våpenfabrikk til subsidierte prisar gjorde til at ei stor mengd lokale skyttarlag vart skipa. Ein frykta krig - og Noreg hadde inga eiga hær. Etter kvart kom det til såkalla *Folkevæpningssamlag* utanfor sentralforeininga. Tilhøvet mellom desse to fraksjonane spissa seg i 1880-åra av di sentralforeininga støtta svenskekongen og folkevæpningssamlaga var tru mot det norske Stortinget. Bakteppet var ein kamp om makt og styresett, mellom overklasse og mellomklasse, representert ved Regjeringa og Stortinget. Stortinget vann striden som toppa seg i vetostriden, og leidde til innføring av parlamentarismen i 1884. I 1893 vart dei to skyttarlagsfraksjonane sameinte og den delen av sentralforeininga som ikkje gjaldt skyting heldt fram som *Centralforeningen for utbredelse av Idrett*. Med dette var grunnlaget lagt for det vi i dag kjenner som Det Frivillige Skyttervesen (DFS) og Norges Idrettsforbund (NIF). Brandal skyttarlag vart skipa i 1900 og Hareid Turnlag vart skipa i 1922.

Medan mannfolka væpna seg, tok kvinnene tak på andre felt. *Norske Kvinners Sanitetsforening* vart skipa i 1896 med føremål å skaffe sanitetsmateriell til ein eventuell krig.



Song og musikk

Songen og musikken har djupe røter i kommunen. Dei sette ikkje spor etter seg på same vis som dei andre føretaka vi har med i planen. Song og musikk er i denne samanheng typisk immaterielle kulturminne. Spora vart sette i utøvarane og i publikum, som kjensler, og kanskje kan ein seie at songen og musikken forma og batt saman folk i bygdene. Korsong har vore fast innslag i forsamlingshusa kring i kommunen, ved feiring av høgtider, jubileum og anna, og korpset har gjeve hornmusikk til 17.mai toget. På same vis som sjølve forsamlingshusa var viktige rammer rundt, har songen og musikken vore vesentlege delar av innhaldet. Til saman vart dette ei lang, lang rekkje av hendingar, ein tradisjon, som har bunde bygdene saman og skapt felles minne.

Heilt utan feste i det materielle er ikkje temaet. Rasofiel Rise sitt særmerkte våninghus er med i planen - eit fast kulturminne. Johan H. Grimstad let etter seg eit større notearkiv - lause, materielle kulturminne.

Misjonskvinneforeiningar i Hareid

Rise kvinneforeining vart starta i 1874 som den eldste misjonskvinneforeininga i Hareid og mellom dei eldste på heile Sunnmøre. Frå byrjinga kan vi finne namn som Lydianna Rise, Karen Bigset og Elise Hovden. Den første tida hadde foreininga medlemmer både frå Snipsøyrdalen og Hareidsdalen. Hovden, Mork, Kaldhol og Røyset hadde si eiga foreining frå 1880-talet. I 1947 vart foreininga delt slik at Nedre Bjåstad og Geilane danna si eiga kvinneforeining med namnet Bjåstad kvinneforeining. Kvinnene hadde heilt sidan oppvakninga på midten av 1800-talet spelt ei stadig viktigare rolle i kristenlivet i Hareid. Deira arena var ikkje minst misjonsforeiningane, kvinneforeiningane, som vaks fram i kvart bygdelag. Biletet viser Gamle Rise kvinneforeining kring 1930 ("Gamle Hareidsdalen", s. 123)



Bigset bedehus (gamle Grimstad bedehus)

I 1880-åra kom det på tale å byggje eit bedehus i Hareidsdalen. Huset vart påbyrja på Grimstad bnr.13 1.september 1890, og huset sto ferdig året etter. I 1910 vart det bygd til ei tverrfløy med gang på sørsida, kjøkken på nordsida og ein sal i andre høgda. Innvendig vart huset dekormåla av Johan Haddal. Då det vart bygd nytt bedehus i Hareid sentrum i 1955 vart huset flytt frå Grimstad til Bjåstad. Denne tomta vart fråskild Bjåstad bnr. 1 i 1945 med klausul om at tomta berre kan nyttast til bedehus. I 1955-56 vart huset rive og sett opp att på denne tomta der det står i dag. Bigset bedehus husar i dag preikestolen frå 1500-talet som sto i gamlekyrkja.
ASK ID 337923-0.



Hjørungavåg bedehus

Hjørungavåg bedehus er det eldste attverande bedehuset i Hareid. Huset vart bygd av tømmer frå Svorta i Skodje, og sto ferdig i januar 1890. Huset vart frakta som ferdig byggjesett frå Svorta på den gamle skøyta til Ole Hjørungnes. Alt arbeidet vart gjort på dugnad, sett bort frå hellelegginga på taket. Slikt arbeid var dei ikkje vane med, og til dette vart det leigd ein fagkunnig. Den samla kostnaden var 1100 kr. Tverrfløyen mot sør med kjøkken vart bygd på før 1930. Ved større festar hadde ein tidlegare kjøkken utanfor i eit telt laga av gamlesegla til skuta til Bernt Lid. Kring 1960-1965 vart mur og kjellar påbygd, og bakketoppen som huset sto på vart fjerna. Ny gang, garderobe mm. vart bygd på kring 1970-1975. Huset er i dag eigd av Hjørungavåg Indremisjonsforeining.
ASK ID 337927-0.



Skytebane for Brandal skyttarlag

Siste del av unionstida med Sverige var ei tid med stor aktivitet i tilskiping av skyttarlag. Denne veksten var støtta av det norske stortinget som ei form for milits dersom det skulle komme til væpna konflikt mellom sjølvstendeforkjemparar og kongetru. Brandal skyttarlag vart truleg skipa, iallefall innmeld i Søre Sunnmøre Skyttarsamlag, i 1900. Mellom 1906-1912 synest Brandal skyttarlag å ha lege nede, deretter er P. Brandal formann i åra 1912-13, S. Vartdal formann 1914-15, Chr. Landmark formann 1930-34, B. Brandal formann 1935, pause 1936-37, Albert Hovland 1938-45. Den store brakka (vakthytta) ved hovudporten til festninga på Kvitneset vart kjøpt og brukt som skyttarlagshus etter krigen. Ishavskyttarane skal også ha brukt bana mellom fangstturare etter krigen. Standplassen ligg ovanfor Legene, og vidare inn i dalen er oppmurte skytegraver på 100m, 300m og 550m.
ASK ID 339219.



Hareid Idrettslag

Hareid Turnlag vart skipa i 1922 og endra sidan namn til Hareid Idrettslag. Aktivitetane i laget omfattar i dag fotball, friidrett, badminton, handball, turn, skeise og trim. Friidrettsgruppa står for dei årvisse arrangementa Hadarstafetten, Grimstadvatnet rundt, Snipsøyrvatnet rundt og Nordvest maraton.

Biletet viser nokre av turnarane i Hareid IL si turngruppe under ei trening i 2016.



Holesanden og Hareid Kristelege Ungdomslag

Hareid Ungdomsforeining (forløparen til KFUM) var mellom dei første på Sunnmøre, skipa allereie 1886. Medlemstalet var lenge stabilt kring 110, men vart nærast dobla under krigen i 1943-44. Foreininga kunne feire hundreårsdag med bokutgjeving i 1986: Under trekanten i 100 år. Hareid kristelege ungdomslag 1886-1986 (Måseide, Peder).

Tomta vart gjeve i gåve til Hareid Kristelege Ungdomslag frå Jon E. Kvammen i 1962, og det kunne byggjast forsamlingshus. I dag vert Holesandhytta, som er ei tyskarbrakke frå Surnadal først nytta av Hadar trikotasje, leigd ut til arrangement som konfirmasjon, dåp, bryllaup, bursdag, barneselskap.
ASK ID 337931-0.



Hareid Mållag

Målføret i Hareid er, som i mange andre kommunar i regionen, under press. Hareid kommune ligg i ei randsone mot mellom anna Ålesund, som trass i språknøytralitet, har stor påverknad med bokmål. Hareid mållag gjer ein stor og viktig innsats for bruk av nynorsk i Hareid, mellom anna med faste språkstunder i barnehagar og litteratur- og forfattarmøte for born i biblioteket.

Biletet syner leiar i Hareid mållag Einar Måseide og tidlege leiar Marit Kvammen, ved nomineringa til årets nynorskkommune.



Fråhaldslosjene

Godtemplarordenen kom til Noreg i 1877. I 1890-åra skaut distriktslosjane fram på Sunnmøre og i Hareid kommune: Brandals Håp (1896), Dag over Land (1897), Hjørungavåg (1898, nedlagd før 1903), Soldogg (1918) og Jarlen (1942, Hjørungavåg).

Biletet viser losje Soldogg på tur til Bergshornet på Vartdal i 1940.



Redningssaka

Tryggleik på sjøen har vore vesentleg for sjøfarts- og fiskerikommunen Hareid. Norsk Selskap til Skibbrudnes Redning, Redningsselskapet, vart skipa i 1891 i Kristiania. Føremålet er no som då å redde liv, berge verdiar og verne kystmiljøet i norske farvatn og drive opplysings- og førebyggjande arbeid. Selskapet er ein frivilleg, humanitær organisasjon driven med innsamla midlar samt statlege bidrag. 42 redningsskøyter dekkjer i dag norskekysten.



Hareid sanitetslag

Hareid sanitetslag vart skipa i 1915 og kunne feire hundreårsdag i 2015 med fest i bedehuset og bokutgjeving: Ringar i vatn (Hareide, Inga Åshild). Laget er eit lokallag under NKS, Norske Kvinners Sanitetslag. NKS vart skipa i 1896 med føremålet å skaffe sanitetsmateriell dersom det skulle bryte ut krig ved ei unionsoppløysing. Føremålet vart etterkvart utvida og endra, i takt med tida og samfunnet - og laget rettar sin frivillige innsats der trongen er størst.

Biletet er frå hundreårsfeiringa i bedehuset.



Amatørteater

Første dokumenterte amatørteaterframsyning på Hareid var 20. januar 1911 på Grimstad bedehus med stykket Ungdomsvegar. 1920-åra var særleg aktive med 25 framsyningar. Seinare var det mykje aktivitet i 60- og 70-åra. Då var Norleif Holstad ein dugande og mykje nytta regissør, instruktør og skodespelar. Han sette opp moderne, krevjande dramatikk, ikkje enkle bygdekomediar.

BIletet viser Norleif Holstad (foto frå Augneblinkar av Arne Ola Grimstad).



Hareid historielag

Hareid historielag vart skipa 21.3.1974, og i første styret sat: Henrik Landmark, formann, Norleif Holstad, nestformann, Tore Nedrelid, kasserar, Hans Røyset, sekretær, og Einar Holm, styremedlem. Arbeidet med lokalhistoria hadde då lege nede nokre år etter at den kommunevalde sogenemnda var lagt ned (1946-1971). Historielaget kom ut med første årsskriftet allereie første året, etter det har årsskrifta komme med eitt eller to års mellomrom. I 2015 gav laget ut det 29. i rekkja - ei nysatsing med nytt design, nytt namn, høgare kvalitet i papir, perm og trykk. Årsheftet heiter no: Ei tid va'. Laget har også nye nettsider som du kan sjå på www.hareidhistorielag.no. Historielaget har gjort, og gjer, eit særs viktig arbeid med å formidle og dokumentere den lokale soga.



Storm/Grimstadkoret

Songgruppa Storm vart skipa av ungdommar frå Grimstad, mellom dei Johan H. Grimstad. Fyrste opptaket til songgruppa var i 1942, og gruppa vart formalisert i 1944, med eit signert dokument: "[...] Vi Stormkarane, er med i losjen, ungdomsforeininga, K.F.U.M. o.m.. Difor har vi teke fritt namnet Storm, og det greier seg". Kvartetten Storm vart etterkvart fleire, og namnet oftare Grimstadkoret. Gruppa var fleire gongar i fjernsynet og gav ut plate i 1955 og i 1961, seinare også ein CD. Til 65-årsjubileet i 2007 gav dei ut boka I songens sitt rike. Storm – Grimstadkoret 1942 – 2007. Stordomstida for koret målt i aktivitet var i 1950- og 60-åra - men Grimstadkoret syng framleis.



Melshorn korps

Korpset skriv historia si tilbake til 1933, det verste arbeidsløyseåret i norsk historie. Den første arbeidsbolken til korpset kom til å bli på ni år. I 1942 vart det ein pause på to år til 1944. Seinare vart dei eit opphald frå 1951 til 1953 og frå 1975 til 1980. Olaf Welde og Johs. Teigene var dirigentar dei første åra. Trønderen Welde fekk med seg 10-12 hareidsungdommar og heldt øvingar på garnloftet i ei sjøbu. Seinare vart kjellarane i Trudvang og Holstad skule nytta til øvingslokale. Melshorn var det einaste korpset i Hareid i 15 år.



Biletet viser musikklaget Melshorn under direksjon av Jette Degn på Hareidstemna 2013.

Johan H. Grimstad

Johan H. Grimstad (1924-2006) er kjend som komponist, kordirigent, diktar og biletkunstnar. Nasjonalt stod han støtt i korarven etter Grieg og Kierulf, regionalt var han den samlande kulturelle personlegdommen i kormiljøet på Sunnmøre gjennom 60 år. Lokalt bar han vidare ei arv etter Rasofiel Rise og A.C. Rise. Johan fekk Kongens fortenestemedalje i gull, og ei rekkje andre prisar og utmerkingar for arbeidet sitt innan musikk og frivillig arbeid på lokalt, nasjonalt og nordisk nivå.


I 2007 vart Johan H. Grimstad Minnefond skipa for å ta vare på den musikalske arven etter han. Det vert arbeidd med ein gjennomgang og ei systematisering av det store notematerialet han let etter seg.

I Hareid sentrum er det reist eit minnesmerke til Johan H. Grimstad, med ei byste i bronse av kunstnaren Ola Stavseng. Sokkelen har teksten "KOMPONISTEN" og "KORDIRIGENTEN" på eine sida, og "DIKTAREN" og "BILETKUNSTNAREN" på den andre.

Den best kjende og mest brukte av komposisjonane til Johan H. Grimstad er salma "Høgt frå den himmelske klåra". Denne laga han allereie i studietida si kring 1950.

(Kulturminneatlas ID: 15170024)





Der vi bur

Dei stavbygde langhusa

Dei eldste bustadhusa vi kjenner på Vestlandet dukkar opp saman med jordbruket, kring 2000 f.Kr. Før dette reknar ein helst med telt- eller hyttestrukturar. Dei fylgjande 3000 åra er det snakk om *stavbygde* langhus. Dei eldste var *toskipa* hus, også kalla *midtsule* hus, av di dei har ei rad takberande stolpar langsetter midtaksen av huset. I eldre bronsealder vart desse bytt ut med treskipa hus med to rekkjer takberande stolpar. I desse vart det danna tre langsgåande rom, eller skip. Spor etter slike hus har vi på Ovra og ovanfor Hareid kyrkje. Ofte har nok desse vore grindbygde, og denne byggjemåten levde vidare gjennom mellomalder til våre dagar, i naust, løer og stølshus. Etter kvart vart dei takberande stolpane flytta lenger og lenger ut mot veggane, og til sist *i* veggane, slik at husa vart *einskipa* med eitt stort rom. I løpet av vikingtida spreidde lafteteknikken seg austfrå til byane, og i byrjinga av mellomalderen synest lafta våningshus å vere einerådande også på bygdene. Laft og stav- eller grindbygg var heilt ulike prinsipp. Stavbygget gjorde det freistande å lage lange hus, ofte med funksjonsdeling, og ofte fleire hus ende mot ende. Lafteteknikken gjorde det like greitt å byggje fleire små hus for ulike funksjonar.

Dei eldste stovene

Nemninga stove viser til varme, oppvarming (jf. engelsk *stove*), og vi snakkar om *årestove* og *røykstove*. På Sunnmøre, og på Vestlandet elles, var røykstova det vanlege. Medan årestova hadde ei opa åre eller grue midt på golvet, hadde røykstova ein røykomn i eit hjørne. Røykomnen hadde ikkje skorstein, og både åre- og røykstovene hadde ei ljoreopning i mønet. Den gamle røykstova var såleis også ei røykfull stove. Mange av dei gamle stovene frå før 1800 har eit tredelt grunnplan: to mindre rom i eine kortsida, gang og kove, og eit tredje større rom, stova. Oppå gangen og kova kunne det vere ein lem eller hems, men over stova måtte røyken kunne gå fritt under sperra. Den vidare utviklinga frå dette grunnprinsippet er ofte nemnd som *lemstove* og *glasstove*. Lemstova har fått ny omn, ein jernomn med skorstein, og kunne då også ha lem over stova. Glasstova har fått vindauge med glas – som endra fasaden og gav meir, og anna, lys enn ljora i taket. Stova på Steinargarden er sagt å vere av dei aller første glasstovene i fylket. På 1500-talet breidde oppgangssaga om seg, men det skulle enno gå lang tid før vanlege bustadhus på Sunnmøre vart kledde med saga kledningsbord. Sagbruksprivilegia sikra at mesteparten av produkta frå oppgangsagene gjekk til eksport - "andresortering" finn vi at i golv og tak i hus frå denne tida. Kring 1800 var handsaga eller kransaga vorte vanleg i dei fleste bygdene. Med denne kunne bygningsmennene lage boks, plank og bord sjølve. Bordkledning, den liggande vestlandskledninga, vart no vanlegare på vanlege bustadhus.

Steinarhuset (ARK ID 226897-1).



Frå lemstove til husbankhus

Kring 1800 spreidde ein ny byggjeskikk seg. No slo ein saman stovehuset med eit av dei andre vanlege husa på garden, den såkalla *bua* eller *sengebua*, bak ein felles ytterkledning. Ein fekk slik eit langstrakt våningshus med dør og gang i midten, stove på den eine sida og bua på den andre sida. Gangen vart nytta til kjøkken, og ofte fekk ein dør til gangen på begge sider av huset. Bua vart den som ofte er kalla «bestestova» og brukt dels til oppbevaring, dels til overnatting for gjestar eller i gjestebod. Det var no loft eller lem over heile grunnplanet, ofte delt i fleire rom, mellom anna til soverom for born og tenestefolk. Slike *lemstover* med midtgang og symmetrisk fasade er typisk for 1800-talet på Vestlandet. Samanbygging av hus, gjerne i asymmetrisk former, har i mange tilfeller starta på 1700-talet, men vi ser det sjelden av di dei seinare vart ombygde til symmetriske lemstover.

I 1860 vart sagbruksprivilegia oppheva, samtidig som sirkelsaga erstatta oppgangssaga, no også driven med damp. Tilgangen på saga bord, boks, plank og bjelkar, auka brått - og trenaglar vart erstatta av billeg fabrikklaga jernspikar i veggkledning. Sveitserstilen gjorde no sitt inntog - først i offisielle bygg, skular og embetsmannsbustader, og etterkvart også i vanlege bustadhus. Parallelt med avviklinga av dei store utskiftingane og avviklinga av dei gamle klyngetuna, var dette ei tid med store omveltingar.

Trass smått med tømmer på kysten, bygde fiskarbonden bustadhusa sine i tre. Murhus var lenge eit byfenomen, mykje grunna brannfaren i byane. Murhus var kostesamt og knytt til velstand då dei etterkvart dukka opp også på bygdene. Eit tidleg døme er murstova på Øvre Rise, Risebanken, bygd allereie før 1850 (nr. 1.2 og 6.4).

Den neste milepælen er kring 1950. No kom nye beresystem, tilgang til ei mengd nye materialar, og bygging etter teikning. Husbygging vart no montering av eit ferdighus, etter teikning og etter standardiserte mål. Deretter kom på eit vis klyngetunet innatt i heilt ny form: byggjefeltet. Med skipinga av Husbanken i 1946 tok staten eit viktig grep for å auke takta i bustadbygging for folk flest. I dag er om lag halvparten av alle bustader i landet husbankfinansierte. I 1950-åra skjedde også ein revolusjon innandørs i inventaret: elektrisk komfyr, kjøleskåp, varmtvannstank og støvsugar. I tiåret etter kom fjernsyn og frys. Samstundes stilte Husbanken krav om bad eller dusj og toalett i alle finansierte hus. Etterkvart vart det tomtemangel som bremsa bustadbygginga, og kring 1965 fekk kommunane styrkt moglegheitene for kjøp, finansiering og ekspropriering av tomtar. Dei første masseproduserte husa kom på marknaden i 50-åra. Dei typiske husbankhusa på 60-talet har ein etasje, brunmåla ståande kledning og husmorvindauge. Sidan har husbankmodellane sett sitt tydelege preg på kvart av tiåra.



Stova på Dalebø, Brandal (ASK ID 337935).

Gamlestova på Lauritsgarden, Hjørungavåg

Lensmann Stevelin Cappelen eigde dette bruket og bygsla det vekk til svogeren Ivar Nilsson Kvammen i 1834. I 1840 brann alle husa på bruket, og stova som står i dag må vere sett opp etter denne tid.
ASK ID 337895-0.



Øvre Liaset

Tunet på bruket låg i eldre tid høgare oppe i bakkane, men bygningane vart flytte ned sist i 1860-åra. Stovehuset vart faktisk flytt i to forfaringar - først flytte sonen halve stova eitt år, året etter flytte faren andre helvta. Eigaren har nyleg fått tidfest delar av laftetømmeret i stova til 1490-åra. Stova er føreslegen vurdert som automatisk freda i fylkesplan for kulturminne. Stabburet, tilflytt frå Seljeseth i Sande kommune, er frå tidleg 1500-tal og automatisk freda.
Tunet har regionalt vern (MR 2015: ID 953.74). ASK ID 229452.



Steinarhuset, Øvrelid, Hjørungavåg

Stovehus på Steinargarden, truleg bygd 1850-65, og flytt frå Romsdalen i 1866. Stova har to høgder med kjellar i mur, og kan ha vore den første "glasstova" i fylket (stove med glas). I dag huser stova ei samling av eldre gjenstandar knytt til garden. Stova har eit særleg alderdommeleg preg.
Tunet har regionalt vern, ASK ID 226897-1.



Volstad, Hareid

Andreas Wolsdal sette opp denne stova i 1890-åra i tillegg til hovudbygninga på br. 3 "Fagerheim". Han var formann i merkevesenet, og i denne stova heldt han hus til doktoren, presten, tinget og ei tid var her også tannlege. Eigedomen vart skild ut som br. 41 "Volstad" i 1957 til son til Andreas, Olav Wolsdal (Sefrak ID: 15170002083). Gbnr. 42/41. ASK ID 337890-0.



Leitehagen, Brandal

Johan Bjørndal kom til Brandal som lærar i 1912, og fekk skild ut eigedomen "Leitehagen" og bygde hus her i 1914. ASK ID 337801-0.



Stovehus, Hole, Brandal

Stovehus bygd mellom 1875 og 1899. Bustadhus i ein etasje med kjellar og loft, bislag mot vest. Opphavleg torvtak, truleg, no bølgjeblekk. Huset står stort sett som det gjorde for vel 100 år sidan, både utvendig og innvendig. Gjev eit uvanleg godt bilete av korleis fiskarbonden budde på slutten av 1800-talet.
ASK ID 337808-0.



Hareid Bygdetun, Vonheim

I 1880 fekk Rasofiel Rise (1844-1929) skøyte på denne garden, og sette opp våningshus og løe. Rasofiel Rise var lærar, men også ein allsidig kulturperson. Han var kunstmålar, fløytespelar, komponist og tonesetjar. Særleg kjent er melodien han laga til Ivar Aasen sitt dikt, «Gamle grendi». Rise vert rekna som korsongens far i Hareid. Både her og i fleire andre bygdelag var han med på å starte opp songkor. Sonen Randulf Rasofielson Rise (1880 – 1972) tok over garden i 1931. Randulf Rise var lærar og ordførar i fleire periodar. Han sat i styret for Hareid Sparebank, og var organist i kyrkja. På Rise var det ei stor boksamling, og i 1964 vart garden og boksamlinga gitt i gåve til Hareid kommune. Vilkåret var at garden, som heitte Vonheim skulle bli eit bygdetun og ein stemnestad for kommunen.
Dei siste åra har det vore lagt ned store ressursar, både frå kommunen og frå frivillige, til vedlikehald og istandsetjing av dette særprega bygget.
Kulturmiljøet har regionalt vern. ASK ID 226809-1



Stove, Nevstad, Hareid

Stove bygd av Ole Martinussen Overå omlag 1897-1899. Tunet låg tidlegare heilt oppunder bøgarden. Då Ole kom hit frå Overå i 1897 flytte han husa ned og bygde ny stove av tømmer frå Honningdalen på Skodje.
ASK ID 337803-0.



Bjerkheim, Brandal

Eigedomen "Bjerkheim" vart skild ut og teke over av Sverre Peterson Brandal i 1930. Sverre var eldste son til Peter S. Brandal, grunnleggjar av ishavsnæringa i grenda og regionen. Sverre P. Brandal var skipper på Vesterhavet som han også åtte. Det er fortalt at huset kosta kr. 44 500,- å byggje, ti gonger eit vanleg hus på den tid.
ASK ID 337876-0



Samferdsle og kommunikasjon

For folk på Hareidlandet var det framfor alt båten som var framkomst- og transportmiddel gjennom tusenåra. Sjølv om hjulet er ei gammal oppfinning, fanst knapt hjulreiskapar i bygdene her før etter 1830. Over land gjekk ein til fots eller rei til hest. For transport over land i gardsdrifta nytta ein mykje slede - ikkje berre på snø og is vinterstid, men også på berre marka sommarstid. Dei mange elvane hemma ferdsla over land, og bruene skulle verte eit gjennomgangstema i samferdslesoga i Hareid.

Det første store spranget i ferdsla på land var utbetringa av gang- og ridevegen over Hareidlandet. Vi høyrer om arbeid på vegen fleire gongar i byrjinga av 1800-talet, og det verkar til at vegen var utsett for skadar. Vegarbeidet på den tid vart gjort som pliktarbeid av bønder, både dei som budde nær til, og dei som budde langt vekke. Føremålet med arbeidet vert no meir og meir skildra som *framkommeleg med vogn* - vegen måtte vere brei nok, større steinar måtte fjernast, alle bruene og grindene måtte vere breie nok til embetsmennene si ferdsle per vogn. Restar av denne vegen frå 1820-åra finst framleis, men er ikkje den same traseen som grusvegen vi minnest før asfalteringa.

Brandal var ein viktig stad på Hareidlandet, her sat futen Andreas Landmark. Full nytte av den nye hovudvegen fekk ein altså ikkje utan eit vegsamband mellom Brandal og Hareid. Brua over Storelva var her ei vesentleg utfordring - prosjektet vart taksert til 6 hestar og 12 mann i 108 dagar. Brua vart bygd i 1824 (nr. 5.2). Omlag samtidig fekk Andreas Landmark sett i gang arbeid med ein skikkeleg landingstad for sjøreisande på Indre Hareid. Steinbryggja vart bygd 1827-32, og ansvaret for vedlikehald vart lagd til handelsbruket. Dette var ei stor belastning, og ikkje før i 1873 vart eigaren av bruket friteken for vedlikehaldet.
Vidare var det veg i Snipsøyrdalen. Her var bru over Hovdeelva eit vesentleg punkt. Vegen til Hovden og brua sto ferdig i 1847 - såleis vart han kalla Hovdevegen, for han kom ikkje lenger i denne omgangen. Først i 1867 starta arbeidet med vegen frå Hovden til Kvamen, stykket sto ferdig i 1869.

Etter at det kom skule i Liabygda vart det alt meir aktuelt å få ein offentleg bygdeveg også her. Vegen vart bygd i 1870-åra, først til Øvrelid, deretter vidare til Ulset. Også denne omfatta eit større bruprosjekt - brua over Hareidselva som sto ferdig i 1879.

I 1888-90 vart Brandalsvegen forlengd ut til Kvitneset. Med det var hovudlinene i vegnettet slik vi kjenner det i dag, bygd ut. Alt var gjort av bygdefolket som pliktarbeid, grunneigarane ytte grus, pukk og stein.

Lenge var det folk til fots, hest og kjerrehjul som trafikkerte dei nye vegane. Kring 1900 dukka dei første trøsyklane opp, i 1902 kom telefonen til Hareid, deretter motorsyklane og dei første bilane i 1920-30 åra. Bilane stilte høge krav til vegane, og vedlikehaldet vart i 1938 flytta frå oppsitjarane til kommunen. Etterkvart kunne vegane opnast for tunge, motoriserte køyretøy. Bilane var få og det vart straks ein stor marknad for rutebiltransport. Billetørveska er eit viktig minne frå rutebilane si tidlege stordomstid. Vi har også teke med ein av dei trufaste slitarane på Hareidvegane - den gamle brannbilen som var i bruk i meir enn 40 år. Mange av dei gamle bruene er i dag viktige og kjende minne i bygdene, fleire ligg som attraksjonar langs Rotarystien oppetter Hareidsvassdraget. Dyftebrua var også eit kjent landemerke midt på eidet og kommunegrensa mot Ulstein. Her oppe er både elva og brua no borte etter at vegen vart utbetra.

Kvelvingsbru over Ytredalselva (nr. 5.1).



Steinbru over Ytredalselva, Brandal

Lita kvelvingsbru over Ytredalselva. Brua vart bygd i 1890 som ein del av vegen frå Brandal til Kvitneset. Hans Johanneson Brandal, Saudebø-Hans, og Severin L. Brandal, Hau-Severin, var med på å byggje brua.
ASK ID 337989-0.



Steinbru over Storelva, Brandal

Steinbjelkebru over Storelva i Brandal, bygd i 1824. Del av vegen mellom Brandal og Ulstein som stod ferdig i 1830, brua er framleis i bruk.
ASK ID 337990-0.



Brua over Hareidselva, Hareid

"Hareid bru", bygd i 1963.
ASK ID 339378-5.



Mjølkebrua over Hareidselva

Ei smal gangbru over Hareidselva brukt til transport av mjølk, også kjend som "Lisjebrua". Brua vart bygd i 1983, like etter seinkinga av Hareidselva.
ASK ID 339378-6.



Mylnebrua, Indre Hareid

Bygd kring 1975, som ein del av nyevegen til Hjørungavåg.
ASK ID 339378-3.



Vegen over Alskleiva

Eldre ferdsleveg over Alskleiva (Almekleiva) frå garden Alme til garden Kvammen og Snipsøyrdalen. I dag mykje brukt tursti, friluftsgudsteneste mm.
ASK ID 339349-0.



Billettørveske for rutebil

Denne billetørveska blei brukt av sjåførane på Bjåstad Rutebilar. Lars E. Bjåstad starta Bjå-stad Rutebilar i 1935. Han starta først med lastebilar og utvikla selskapet vidare i 1945 med persontrafikk. Bjåstad Rutebilar trafikkerte alle krinsane i Hareid kommune med skulerute og persontrafikk. I 1982 gjekk selskapet inn i Sørøybuss. Foto: Lars Elling Bjåstad.



Gamle brannbilen i Hareid

Willys Jeep 6-226HD6 4WD, mod. 1958. Brannbil i teneste for Hareid brannvern frå slutten av 1950-åra fram til kring 2000, den siste tida som reservebil, men med på alle utrykningar. For mange i Hareid står Willys Jeep som den ekte brannbilen. Køyretøyet står no i ein garasje ved Hareid brannstasjon (Kulturminneatlas: 15170010).



Andre verdskrigen

Andre verdskrigen med tysk okkupasjon av Noreg 1940-45 sette merke i Hareid kommune, i einskildminne og folkeminne, og i landskapet. Båtar, hus og radioar vart kverrsette av okkupasjonsmakta, sjøfolk vart liggande ute heile krigen, matvarer vart rasjonerte, og nokre miste livet. Det som i særleg grad bringa okkupasjonen tett på folket i Hareid var etableringa av det tyske festningsverket på Kvitneset våren 1941, med fangeleir for sovjetiske krigsfangar frå juni 1942.

Krigsminne i form av festningsverk er monumentale og godt synlege kulturminne. Dei er særleg pedagogiske i at føremålet oftast kan lesast og skjønast på staden: kanonstillingar plasserte i terrenget slik at ein kan rette eld mot trafikk i og over fjorden. Dei var, og er framleis, kontroversielle med emne som: lokalt bidrag til arbeid på festningane og norske jenter som heldt seg med tyske soldatar på festningane. Lokalt gjekk slike jenter som vitja soldatane i festninga for «skreller», av di dei hadde arbeid med å skrelle poteter til soldatane. Festningsverka er eit viktig kompliment til andre kjelder og anna kunnskap om andre verdskrigen. Det må også understrekast at krigsminne er av særleg nasjonal og internasjonal interesse. Forsvarsverket på Kvitneset var del av *Festung Norwegen*, og slik ei del av *Atlantikwall* (Atlanterhavsvollen) som strakte seg frå Nordkapp til Biscaya. Det er ei sterkt aukande interesse for festningsverka i Noreg og i Europa, som viser seg i ei rekkje nye forsking- og dokumentasjonsprosjekt.

Okkupasjonsmakta hadde aktivitetar og installasjonar andre stader i kommunen også: marinen etablerte eit verft i Hjørungavåg, det var forlegning for soldatar i Brandal, eit narrebatteri var etablert på Karlhaugen like sør for Kvitneset, og det låg ei lyskastarstilling på Buhammaren nord for Kvitneset.

Kvitneset: Tunnel med trappegang frå sambandsbunkeren oppover mot kommandosentralen (venstre). Den store spisebrakka var innreidd med celler i kjellaren (høgre). Etter krigen vart trebrakka flytta og brukt som klubbhus ved Hareid stadion.







Kvitneset: Rekkje med seks ammunisjonsbunkerar skotne inn i fjellet.

Festningsområdet på Kvitneset

Organisatorisk var dette Hærkystbatteri 34/976 Kvitnes under Artillerigruppe Ålesund. Festninga vart i løpet av krigen eit reint luftvernbatteri, sjølv om nemninga hærkystbatteri vart brukt. Dette vil seie at væpninga var lettare luftvernkanonar av mindre kaliber. Anlegget omfatta opphavleg 83 einskildobjekt: 19 brakker, 4 bunkerar, 14 bygningar, 7 tunnelar, 9 kanonstillingar, 19 skytestillingar, 3 lyskastarstillingar, 2 minefelt, og 6 diverse andre anlegg. I tillegg var det planar om nokre fleire anlegg som aldri vart realisert. Ein del av bygningane og brakkene er rivne eller flytta og utan synlege spor etter fundament. Nokre av brakkene vart flytta og er framleis i bruk andre stader i kommunen. Kulturmiljøet omfattar i dag minst 68 einskildminne.

Tett sør for festninga låg leiren for russiske krigsfangar. På det meste var her 105 fangar, oftast kring 60. Det vil seie 15 fangar, på det meste 26, i kvar av dei fire åttekanta skura bygde av kryssfinér. Ein av fangane døydde og er gravlagd i Hareid.

Festninga på Kvitneset var eit omfattande byggverk. Til saman gjekk det med omlag 7000 sekkar sement, 12600 sekkar sand, 330000 mursteinar, 113 kassar dynamitt, 8900 sementrøyr og 565 buntar piggtråd. Frå mai 1941 til hausten 1942 var det 70, på det meste 140, mann i arbeid. Organization Todt, med Einzatsgruppe Wiking i Noreg, leia arbeidet. Med seg hadde dei arbeidarar frå sivile tyske firma med kontor i Ålesund, norske entreprenørfirma frå Ålesund, norske frivillige eller tvangsutskrivne arbeidarar, og endeleg dei russiske krigsfangane. Den høge arbeidsløysa på Sunnmøre i 1939-40, forsvant heilt innan sommaren 1942. 51 personar på Sunnmøre vart straffa i rettsoppgjeret etter krigen for entrepenørverksemd for okkupasjonsmakta. Krigshandlingar på fortet omfatta seks tilfelle der det vart skote mot allierte flystyrkar i 1943-44.

I 2013 vart det sett opp ei stor informasjonstavle i festningsområdet. Kvitneset er regulert til bevaring i kommunen sin arealplan.
Regionalt vern, ASK ID 227074-1.

Over: Kanonstilling bygd i stein og betong, truleg for 2cm Flak (luftvernkanon).

Under: Dei fire russiske fangehyttene var åttekanta, bygde av kryssfiner. Leiren romma på det meste 105 fangar. Biletet til venstre er henta frå Flatmark, J. O. 1994: Sunnmøre i Festung Norwegen.





Handlingsprogram for kulturminne -og kulturmiljøarbeidet i Hareid kommune 2026-2030

Handlingsprogrammet byggjer på det kunnskapsgrunnlaget som vart etablert gjennom SEFRAK registreringa frå midten av 1980 talet og dei digitale kontrollregistreringane i 2013–2014, samt registreringar av automatisk freda kulturminne i kulturminnedatabasen, Askeladden. Arbeidet er ei revidering av den første kulturminneplanen for Hareid kommune frå 2016, og vidarefører målet om at kulturminne og kulturmiljø i Hareid kommune skal sikrast godt vern. Det omfattar ikkje berre enkeltbygningar, men òg vegar, bruer, steingardar, kulturlandskap og andre element som saman fortel historia om lokalsamfunnet.

I Hareid har det gjennom mange år vorte samla inn gjenstandar, bygningar og kulturhistorisk materiale som speglar livet i lokalsamfunnet. Nokre av desse er i privat eige, medan andre er overførte til musea.

Oversikta over kulturminne og kulturmiljø er ikkje fullstendig, men representerer eit solid utgangspunkt for vidare kartlegging, prioritering og forvaltning. Ved neste rullering bør kommunen gjennomgå det registrerte tilfanget og vurdere om fleire område kan definerast som kulturmiljø, eller om eksisterande kulturmiljø bør utvidast. Særleg aktuelt er område med mange registrerte kulturminne eller område der kulturminna inngår i eit særleg verdifullt kulturlandskap.

Handlingsprogrammet er utforma med utgangspunkt i at planen er ein temaplan. Tiltaka handlar i hovudsak om skilting og informasjon (tilrettelegging) av kulturminne og kulturmiljø, og er ikkje rangerte i prioritert rekkjefølgje.

Namn: Gamlestova på Lauritsgarden, Hjørungavåg
Merknader: Bustadhus
Kulturminnetype: Bygg
Vekting: Lokal verdi
Datering: ca 1840
Tiltak: Skilt/infotavle
Ansvar: Hareid kommune



Namn: Steinbru over Storelva, Brandal

Merknader: Steinbjelkebru
Kulturminnetype: Samferdselsminne
Vekting: Lokal verdi
Datering: 1824
Tiltak: Skilt/infotavle
Ansvar: Hareid kommune



Namn: Ovra slagstad, Hjørungavåg

Merknader: Slagstad, gravrøyser
Kulturminnetype: Historisk arkeologisk lokalitet
Vekting: Nasjonal verdi , automatisk freda
Datering: Vikingtid, mellomalder
Tiltak: Skilt/infotavle
Ansvar: Hareid kommune



Namn: Gamlebanken på Rise
Merknader: Første banklokale til Hareid og Ulstein Sparebank
Kulturminnetype: Landbruk og handel
Vekting: Regional verdi
Datering: 1868
Tiltak: Skilt/infotavle
Ansvar: Hareid kommune



Namn: Bygdetunet Vonheim
Merknader: Museum. Våningshus bygt av Rasofiel Rise, korsongens far i Hareid.
Kulturminnetype: Kulturinstitusjon
Vekting: Regional verdi
Datering: 1890
Tiltak: Skilt/infotavle
Ansvar: Hareid kommune



Namn: Kylna, Bigset

Merknader: Landbruksminne
Kulturminnetype: Kulturmiljø
Vekting: Regional verdi
Datering: 1878
Tiltak: Skilt/infotavle
Ansvar: Hareid kommune



DEL 5 - KJELDER, KART OG LISTER

Kjelder

Årskrift. Hareid historielag (1974-2013)

Ei ti va'. Årsskrift for Hareid historielag (2015 -).

Bjåstad, I. 1970: *Soga om Hareid og Ulstein I-II. Almennsoge.*

Bjåstad, I. og Waage, A. 1985: *Soga om Hareid og Ulstein IV-V. Gardssoge.*

Johansen, A. G. 2017: Hareid frå 1917 til 2017 : 100 år som eigen kommune. Hareid historielag.

Flatmark, J. O. 1994: *Sunnmøre i Festung Norwegen*. Snøhetta forlag a.s. Lesja.

MR 2015. Møre og Romsdal fylkeskommune 2015: Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi. Vedteken 15.juni 2015.

NVE 2010: Kulturminner i vassdrag Flom- og erosjonssikring, kanaler og miljøtiltak. NVE rapport 8-2010.

Riksantikvaren 2010: Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Plan- og bygningsloven. Versjon juni 2010. Veileder.

Riksantikvaren 2013a: Kulturminner i kommunen. Håndbok i lokal registrering. Rev. utg. 2013

Riksantikvaren 2013b: Kulturminner i kommunen. Kulturminneplan. Veileder.

Kart

Frå og med denne utgåva av kulturmiljøplanen er det ikkje laga eigne kart. I staden er alle kulturmiljøa lagde inn i databasen Askeladden. Publikumsversjonen av denne, Kulturminnesøk, er tenkt å fungere som kartverktøy for planen: **http://www.kulturminnesok.no/. Her kan ein anten søke opp eit ASK ID frå planen og slik finne plassering på kartet, eller ein kan utforske frå kartet.**



Kulturminne og kulturmiljø med regionalt vern (og vern etter PBL) (11.02.2026)			
ASK ID	Navn (Enk)	Beskrivelse (Lok)	Vernetype
226748-1	Kylne,Bigset	Ei «kylne» er ei tørkestove, og vert også kalla «kjone» eller «kjølne». Ordet kjem frå det norrøne «kylna», altså kjøken. Her vart det tørka korn, malt og lin. Kylna vart også nytta til røyking av kjøt, flesk og fisk. Kylner fanst allereie i mellomalderen, og var eit vanleg bygg på eit gardstun. I den inste delen av huset stod den oppmura turke-omnen. Omnen hadde ei flat helle på toppen, der kornet skulle leggjast. Kornet måtte altså tørkast før det vart malt. Det måtte ikkje bli brent, for då fekk mjølet ein beisk smak. Medan tørkestovene på større gardar gjerne var bygde i to etasjar, hadde dei mindre gardane på Sunnmøre som regel berre éin etasje, slik som kylna på Bigset. Dette bygget har veggar i naturstein og ståande kledning på øvre delen av endeveggane. Kylna på Bigset er frå 1878, og er truleg den einaste i Møre og Romsdal som står att på sin opphavelege stad. Til bygginga vart det nytta materiale som vart att etter bygginga av skulen på Bigset.	Regionalt verneverdig
226796-1	Torvtaking	I dei skogfattige kyststroka av landet vårt har torv vore nytta til brensel langt tilbake i tid. Fram til 1950-talet var det vanleg å ta ut torv frå eiga utmark. Bytelina mellom Hjørungdal og Øvrelid tek til nede ved Hjørungdalsvatnet, og går i bein line gjennom dalen. I utmarka nedover mot vatnet ligg Hjørungdalsmyrane. Her hadde gardane i området torvmarka si. Ein av desse gardane var Ulset. På Ulset vart det slutt med torvtaking då garden fekk elektrisk kraft i 1951 52. På denne tida voks det mykje skog på Ulset. Og samstundes vart motorsaga teken i bruk. Elektrisitet og vedfyring erstatta dermed torva som den vanlegaste varmekjelda gjennom lange vintrar.	Regionalt verneverdig
226809-1	Hareid Bygdetun, Vonheim	I 1880 fekk Rasofiel Rise (1844-1929) skøyte på denne garden, og sette opp våningshus og løe. Rasofiel Rise var lærar, men også ein allsidig kulturperson. Han var kunstmålar, fløytespelar, komponist og tonesetjar. Særleg kjent er melodien han laga til Ivar Aasen sitt dikt, «Gamle grendi». Rise vert rekna som korsongens far i Hareid. Både her og i fleire andre bygdelag var han med på å starte opp songkor. Sonen Randulf Rasofielson Rise (1880 1972) tok over garden i 1931. Randulf Rise var lærar og ordførar i fleire periodar. Han sat i styret for Hareid Sparebank, og var organist i kyrkja. På Rise var det ei stor boksamling, og i 1964 vart garden og boksamlinga gitt i gåve til Hareid kommune. Vilkåret var at garden, som heitte Vonheim skulle bli eit bygdetun og ein stemnestad for kommunen. Dei siste åra har det vore lagt ned store ressursar, både frå kommunen og frå frivillige, til vedlikehald og istandsetjing av dette særprega bygget.	Regionalt verneverdig
226820-1	Nesset kraftstasjon	Straks etter freden i 1945 starta Hareid kommunale elektrisitetsverk arbeidet med å bygge Nesset kraftstasjon, med stasjonsbygg og røyrgate. Aukande kraftbehov, og ein svært ujamn forsyningssituasjon, gjorde at det hasta med å kome i gang. Ved hjelp av ei taubane vart materialen til bygginga frakta frå bygdevegen og opp til fjellet Nessetnakken. Det meste av byggearbeidet vart gjort unna våren og sommaren 1946. Våren etter heldt arbeidet fram, og i juli 1947 stod anlegget ferdig. Det er Hammarstøylsvatnet som er kraftverket sitt hovudbasseng. Frå Hammarstøylsvatnet går 1200 meter overføringsrøyr til Svartevatnet, som er inntaksbasseng med 200 meter fallhøgd til kraftstasjonen. Nesset kraftstasjon vart teke over av Tussa Kraft AS i 1996, og er i dag den minste av selskapet sine kraftstasjonar.	Regionalt verneverdig

226863-1	Hansgarden Øvre Rise	Magnus Nilsson Skeide, som var handelsmann på Ullahammaren i Haram, kjøpte Hansgarden i 1822 av løytnant L. Daae. Skeide flytta til Rise i 1825, og sette opp ei ny stove i gråstein. Det var murmeister Lars Peter Sandborg (1800-1883) frå Ålesund, som bygde stova. I 1922-23 vart ho utvida med søyler og bogegangar. I 1868 vart den første banken på Hareidlandet, «Ulsteens og Hareids Off. Bank», etablert her. Bygninga var då eigd av Nils Magnusson Rise, og vart difor oftast kalla «Risebanken». Første verdskrigen førte med seg aukande etterspurnad etter produkt frå fiskeri og ishavsfangst. Dette gav større aktivitet i næringslivet, og meir pengar i omløp blant folk. Dermed vart også behovet for nærleik til banktenestene, større. Styret for «Risebanken» tok difor til å sjå seg om etter ei meir sentral plassering. Og i 1916 vart banken flytta frå Hansgarden til Andreas Woldsdal sitt bustadhus på Ytre Hareid.	Regionalt verneverdig
226893-1	Snipsøyrdalen skule	Som følgje av skulelova av 1860 vart Hareid delt inn i elleve skulekrinsar. Fjerde krins omfatta mellom anna gardane i Snipsøyrdalen. Gardane låg spreidde, så her vart det halde omgangsskule. I 1863 vart det vedteke at omgangsskulen skulle veksle mellom gardane Kvamen og Snipsøyr, med seks veker på kvar stad. I tiåra som følgde vart omgangsskulane omkring i kommunen erstatta av eigne skulebygg. Snipsøyrdalen skule vart bygd i 1910. Skulen vart brukt som grendaskule fram til 1961. I perioden 1917 1963 var skulebygget også møtestad for IOGT-losjen «Soldogg». Snipsøyrdalen skule er i dag det eldste skulebygget på Hareidlandet, og vert nytta av Snipsøyrdalen grendelag. Bygget huser også skulehistoriske samlingar.	Regionalt verneverdig
226897-1	Steinagarden, Hjørungavåg / Stove Øvrelid, Hjørungavåg	Tunet på Øvrelid, bnr. 5, Steinargarden, har namnet sitt etter Steinar Olsen Øvrelid (1834-1913). Saman med broren Ole overtok han farsgarden i 1866. Same året flytta han stove og løe frå Romsdalen og sette opp på garden. Det som vert kalla Steinarhuset har to høgder med kjellar i mur, og kan ha vore den første «glasstova», altså stovehus med glasvindauge, i fylket. Ei ny stove vart bygd i 1894. Denne er seinare riven. Løa vart mykje skada av storm i 2015. Då sonen Ole overtok bruket i 1901, heldt Steinar att eit stykke av eigedomen. Her sette han opp ei løe, «Steinarløa». Han tok tømmer frå gamlestova til kufjøs, og flytta også eit grisehus hit. I dag husar Steinarstova ei samling av eldre gjenstandar knytt til garden.	Regionalt verneverdig
227043-1	Tampenbuda	Tampenbua, som også vert kalla Donnabua, var base for båtane «Tampen» og «Vest-Tampen». Denne bruken hadde bua til ut på 1980-talet. Då vart båtane for store i høve til hamna og kaia. Tidlegare låg den såkalla «Rasmusplattingen» på denne staden. Det som vart kalla Rasmusplattingen bestod av ei sjøbu på fem etasjar og ein landgang i tre. Sjøbua brann ned i 1920. Sist på 1940-talet vart det lagt ein landgang i stein ut til plattingen. Tampenbua vart bygd i åra 1950-51, etter teikning av Rasmus Grimstad. Reiaren for fiskebåten «Tampen», Johs. R. Hareide, stod som byggherre for dette landemerket ved innseglinga til hamna i Hareid.	Regionalt verneverdig

227074-1	Kvitneset, Heeres-Kusten-Batt.	Kystbatteriet på Kvitneset høyrde inn under Artillerigruppe Ålesund. Batteriet vart etablert i juni 1941. Det hadde då fire kanonar av typen K331(f). Våren 1943 vart desse skifta ut med fire 8,7 cm Flak(r). Desse kanonane hadde ei skotvidde på 14 000 meter. Anlegget på Kvitneset omfatta i alt 83 einskilde objekt. Her var brakker, bunkerar, kanonstillingar, tunnelar og diverse andre bygningar og anlegg. Minst 68 einskilde minne står i dag att etter dette anlegget. Like sør for festninga låg der ein leir for russiske krigsfangar. Om lag 60 fangar budde i leiren det meste av tida, men her kunne vere opp til 105. Fangane budde i fire skur. Skura var åttekanta, og laga av kryssfiner. I 1943 og 1944 var kystbatteriet på Kvitneset i kamp fleire gongar. Det vart då skote mot allierte flystyrkar.	Vernet etter PBL
227180-1	Ishavsnæringa / museet, Brandal	Brandal har vore eit senter for ishavsfangst sidan 1898. Ishavsmuseet Aarvak vart etablert i 1981 for å ta vare på gjenstandar, bilete og annan dokumentasjon knytt til denne næringa. Sentralt i samlinga står ishavsskuta «Aarvak» frå 1912. Det var Henrik Landmark (1928-1998) som stod bak etableringa av museet, og som leia det fram til han døydde. I 1998 vart museet flytta til større lokale, ei sjøbu frå 1950. Her vart det bygd opp nye utstillingar og laga til forsamlings- og møtelokale. I 2009 vart det sett opp eit vernebygg over ishavsskuta «Aarvak». Museet har også teke over eit naust, Bakkenaustet. Bakkenaustet er frå 1800-talet, og inneheld ein færing, ein trerøring og reiskap og utstyr til fiske. Også Brandal motorverkstad, som mellom anna overhala båtmotorar og smidde hakapikar, er i dag eigd av Ishavsmuseet.	Regionalt verneverdig
229452		Tunet på Øvre Liaset omfattar fleire eldre bygningar. Mellom anna ei samanbygd stove, og eit stabbur frå tidleg på 1500-talet. I eine enden av stova vert det hevda å vere innebygd ei røykstove frå seinmellomalder, utan at dette er undersøkt nærare. Tunet på bruket låg i eldre tid høgare oppe i bakkane, men bygningane vart flytte ned sist i 1860-åra. Gamleløa vart flytt bort på br. 2 i 1928. I tillegg til husa som har høyrt til på garden, har det i nyare tid blitt henta bygningar frå andre stader og sett i stand. Tunet har i dag høg autensitet og stor opplevingsverdi.	
229452-1	Våninghus	Øvre Liaset	Regionalt verneverdig
276310-0	Prestestova, Hareid	DENDROOBJEKT. Ei av fem bevarte prestestover i Møre og Romsdal. Antatt å vere oppført rundt år 1600. Stova skulle vere ein stad der presten kunne ta inn når han kom frå reise, eller når han skulle halde gudsteneste i Hareid. Stova stod opphaveleg like ved bedehuskrysset, nord for kyrkjegarden. I 1964 vart stova flytta inn på kyrkjegarden og står idag på den staden kor stavkyrkja tidlegare stod. Prestestova var bygda sitt første rådhus, der formannskap og heradstyre, og seinare soknerådet, held møta sine.	Regionalt verneverdig
304470-0	Kulturmiljø Håbakk - Hovlid - Teigane	Fleire gardstun mot utmarka på nordsida av Hareidsbygda. Landbruksminne. Regulert til bevaring. Listeført i regional delplan for kulturminne (2015). (Spesialområdet i reg.plan i Teigane er ikkje lagt inn i kart enda).	Vernet etter PBL

Kommunalt listeførte kulturminne og kulturmiljø (10.02.2026)			
ASK ID	Navn (Lok/Enk)	Beskrivelse (Lok)	Vernetype
337801-0	Leitehagen, Brandal	Leitehagen, Brandal Johan Bjørndal kom til Brandal som lærar i 1912, og fekk skild ut eigedomen Leitehagen og bygde hus her i 1914.	Kommunalt listeført
337803-0	Stove, Nevstad, Hareid	Stove, Nevstad, Hareid Stove bygd av Ole Martinussen Overå omlag 1897-1899. Tunet låg tidlegare heilt oppunder bøgarden. Då Ole kom hit frå Overå i 1897 flytte han husa ned og bygde ny stove av tømmer frå Honningdalen på Skodje (Sefrak ID:15170006028).	Kommunalt listeført
337808-0	Stove, Holen, Brandal	Stovehus, Hole, Brandal Stovehus bygd mellom 1875 og 1899. Bustadhus i ein etasje med kjellar og loft, bislag mot vest. Opphavleg torvtak, truleg, no bølgeblekk. Huset står stort sett som det gjorde for vel 100 år sidan, både utvendig og innvendig. Gjev eit uvanleg godt bilete av korleis fiskarbonden budde på slutten av 1800-talet (Sefrak ID: 15170001005).	Kommunalt listeført
337876-0	Bjerkheim, Brandal	Bjerkheim, Brandal Eigedomen Bjerkheim vart skild ut og teke over av Sverre Peterson Brandal i 1930. Sverre var eldste son til Peter S. Brandal, grunnleggjar av ishavsnæringa i grenda og regionen. Sverre P. Brandal var skipper på Vesterhavet som han også åtte. Det er fortalt at huset kosta kr. 44 500,- å byggje, ti gonger eit vanleg hus på den tid.	Kommunalt listeført
337890-0	STOVE, VOLSTAD, HÅBAKK.	Volstad, Hareid Andreas Wolsdal sette opp denne stova i 1890-åra i tillegg til hovudbygninga på br. 3 Fagerheim . Han var formann i merkevesenet, og i denne stova heldt han hus til doktoren, presten, tinget og ei tid var her også tannlege. Eigedomen vart skild ut som br. 41 Volstad i 1957 til son til Andreas, Olav Wolsdal (Sefrak ID: 15170002083). Gbnr. 42/41.	Kommunalt listeført
337895-0	Gamlestova på Lauritsgarden, Hjørungavåg	Gamlestova på Lauritsgarden, Hjørungavåg Lensmann Stevelin Cappelen eigde dette bruket og bygsla det vekk til svogeren Ivar Nilsson Kvammen i 1834. I 1840 brann alle husa på bruket, og stova som står i dag må vere sett opp etter denne tid (Sefrak ID:15170009041).	Kommunalt listeført
337919-0	Sigvaldhuset, Brandal	Sigvaldhuset, Brandal.	Kommunalt listeført
337921-0	Stove, Lillebøen, Brandal	Stove, Lillebøen, Brandal	Kommunalt listeført
337923-0	Bigset bedehus	I 1880-åra kom det på tale å byggje eit bedehus i Hareidsdalen. Huset vart påbyrja på Grimstad bnr.13 1.september 1890, og huset sto ferdig året etter. I 1910 vart det bygd til ei tverrfløy med gang på sørsida, kjøkken på nordsida og ein sal i andre høgda. Innvendig vart huset dekormåla av Johan Haddal. Då det vart bygd nytt bedehus i Hareid sentrum i 1955 vart huset flytt frå Grimstad til Bjåstad. Denne tomta vart fråskild Bjåstad bnr. 1 i 1945 med klausul om at tomta berre kan nyttast til bedehus. I 1955-56 vart huset rive og sett opp att på denne tomta der det står i dag. Bigset bedehus husar i dag preikestolen frå 1500-talet som sto i gamlekyrkja.	Kommunalt listeført

337927-0	Hjørungavåg bedehus	Hjørungavåg bedehus er det eldste attverande bedehuset i Hareid. Huset vart bygd av tømmer frå Svorta i Skodje, og sto ferdig i januar 1890. Huset vart frakta som ferdig byggjesett frå Svorta på den gamle skøyta til Ole Hjørungnes. Alt arbeidet vart gjort på dugnad, sett bort frå helleleggingа på taket. Slikt arbeid var dei ikkje vane med, og til dette vart det leigd ein fagkunnig. Den samla kostnaden var 1100 kr. Tverrfløyen mot sør med kjøkken vart bygd på før 1930. Ved større festar hadde ein tidlegare kjøkken utanfor i eit telt laga av gamlesegla til skuta til Bernt Lid. Kring 1960-1965 vart mur og kjellar påbygd, og bakketoppen som huset sto på vart fjerna. Ny gang, garderobe mm. vart bygd på kring 1970-1975. Huset er i dag eigd av Hjørungavåg Indremisjonsforeining (Sefrak id 15170009036).	Kommunalt listeført
337931-0	Holesanden og Hareid Kristelege Ungdomslag	Holesanden og Hareid Kristelege Ungdomslag Hareid Ungdomsforeining (forløparen til KFUM) var mellom dei første på Sunnmøre, skipa allereie 1886. Medlemstalet var lenge stabilt kring 110, men vart nærast dobla under krigen i 1943-44. Foreininga kunne feire hundreårsdag med bokutgjeving i 1986: Under trekanten i 100 år. Hareid kristelege ungdomslag 1886-1986 (Måseide, Peder). Tomta vart gjeve i gåve til Hareid Kristelege Ungdomslag frå Jon E. Kvammen i 1962, og det kunne byggjast forsamlingshus. I dag vert Holesandhytta, som er ei tyskarbrakke frå Surnadal først nytta av Hadar trikotasje, leigd ut til arrangement som konfirmasjon, dåp, bryllup, bursdag, barneselskap.	Kommunalt listeført
337935	Dalebø, Brandal	Dalebø, Brandal. Bruket vart skild ut som Brandal br. 8 i 1870-åra. Husa sto først oppe under fjellet på bnr. 7, Muren, men etter ei vassfonn gjekk der, flytte dei til utmarksteigen Dalebøen. Fjøs og løe er sette opp av første brukaren Britanus Johanneson Brandal kring 1880. Seinare var det sonen Adolf og dottera Rakel som dreiv bruket. Adolf fekk bygd stova som står i dag i 1914, han har óg stått for det særmerkte taktekket av lok frå klorkalkfat på løa. Klorkalken vart brukt på Brandal Sildoljefabrikk til desinfeksjon. Adolf Brandal arbeidde der etter at han slutta på ishavet. Adolf Brandal er kjend som fangstmann og ishavskippar, særskilt er han kjend for at dagboka hans frå grønlandsekspedisjonen med Floren i 1908-9 vart nytta som prov for domstolen i Haag i 1933 . Kulturmiljøet bør sjåast i samanheng med Ishavsmuseet og skytebana (vest for tunet). Lokaliteten omfattar også sommarfjøsar og steingardar.	
337935-1	Stove		Kommunalt listeført
337935-2	Løe		Kommunalt listeført
337937	Teigane	I 1809 kjøpte futen i Brandal, Andreas Landmark, begge bruka på Teigane, og dreiv dei som eit underbruk av Brandal. Sidan tok svigersonen Peder Hagerup over. Han kom i økonomiske vanskar, og garden vart seld på auksjon i 1844. Seinare brukar Ole J. Teigane bygde stovehuset, bygde på løa, og kjøpte stabburet i Hjørundfjord, i 1880. Omlag 1915-1920 vart stova forlengd og påbygd ark, som seinare vart riven att. Stabburet skal allereie i 1880 ha vore gammalt. Ole eigde guanomylna i Hareid, og hadde kontor ei tid i eitt av romma i stabburet. Del av stabburet har blitt ombygd til garasje etter 1980. Tunet var føreslege verna i fylkesplan for kulturminne (MR 2015: ID 241.42-44). Sidan er våningshuset rive (Sefrak id: 15170003037-38, 15170003040).	
337937-1	Låve		Kommunalt listeført
337937-2	Stabbur		Kommunalt listeført

337958-0	Risenaustet, Brandal	Risenaustet er det eldste og einaste naustet frå 1800-talet att i hamna i Brandal. Dette var naustet til Brandal br. 14, Risegarden, og er innteikna på kart frå 1864 (Sefrak ID:1517001035).	Kommunalt listeført
337965	Naustmiljø, Liavågen	Rekkje av naust inst i Liavågen. Seks av bygningane og to tufter er registrerte i SEFRAK (truleg eldre enn 1900), kor mykje eldre veit vi ikkje. Eitt av nausta er kledd delvis med gamle båtbord. Sjøbruksmiljø med høg autensitet og strandline med få moderne tiltak (Sefrak ID: 151700090084-90, 151700090092).	
337965-1	Naust		Kommunalt listeført
337965-2	Naust		Kommunalt listeført
337965-3	Naust		Kommunalt listeført
337965-4	Naust		Kommunalt listeført
337965-5	Naust		Kommunalt listeført
337965-6	Naust		Kommunalt listeført
337971-0	Kvernhus Nedrelid	Del av kulturmiljø med ruinar etter fleire kvernhus langs elva. Kverna her er første gong nemnd i 1714, bygningen er truleg frå kring 1850. Kverna har vore mykje brukt, både av grunneigaren og av andre gardar. Under krigen måtte folk male kornet på den kommunale kverna i Ulstein - brukarane her klauv då inn gjennom golvet for at ikkje lensmannen skulle sjå at dei brukte si eiga gardskvern.	Kommunalt listeført
337978-0	Tranbrenneri (Pakkhuset), Brandal	Opphavleg var dette ei sjøbu med tranbrenneri i vestre enden, som sto på pålar i sjøen, bygd i 1906 av Ole O. Ose. I 1930-åra vart det mura brygge kring bua, og ein trepir som fungerte som offentleg kai. I 1955 vart bua forlengd mot aust med ein del som vart brukt som pakkhus knytt til dampskipsekspedisjonen. I 2005 vart huset teke over av Brandal velforeining som sette huset i stand gjennom omfattande dugnadsarbeid. I dag er huset mykje brukt som forsamlingshus for bygda.	Kommunalt listeført
337980-0	Lærvarefabrikk, Brandal	Brandal Lærvare vart skipa i 1946 med produksjonslokal i ei tyskarbrakke henta inn frå festninga på Kvitneset. Bedrifta var basert på produksjon av bruksartiklar som lommebøker, belte og vesker. I 1952 vart verksemda flytta inn i dette bygget i sentrum av Brandal. Etterkvart vart produksjonen utvida også til regnklede i plast. På det meste hadde føre-taket 20 tilsette og var ein viktig arbeidsplass i grenda, særleg for kvinnene. Verksemda vart lagd ned i 1981.	Kommunalt listeført
337983-0	Hadar trikotasje	Hadar Trikotasje vart skipa i 1947, og verksemda helt fyrst til i ei tyskarbrakke henta frå Surnadal. Denne vart sidan flytt til Snipsøyrdalen (Holesandhytta). Det store fabrikkbygget som står i dag sto ferdig i 1961. Hadar Trikotasje var ein viktig arbeidsplass i kommunen, særskilt for kvinnene. På det meste hadde verksemda 46 tilsette, og berre 5-6 av desse var menn. Verksemda gjekk konkurs i 1967.	Kommunalt listeført
337987	Storelvens Elektricitetsverk	Kulturmiljøet omfattar demninga for vassreservoaret øvst oppe, bygningen der turbinen sto, nede, og spor etter røyrgata. Demninga vart bygd i 1917-18. Etter at kraftverket vart lagt ned i 1954 har dammen vore mykje nytta som badeplass.	
337987-2	Turbinhus		Kommunalt listeført

337987-1	Demning		Kommunalt listeført
337989-0	Steinbru over Ytredalselva, Brandal	Lita kvelvingsbru over Ytredalselva. Brua vart bygd i 1890 som ein del av vegen frå Brandal til Kvitneset. Hans Johanneson Brandal, Saudebø-Hans, og Severin L. Brandal, Hau-Severin, var med på å bygge brua.	Kommunalt listeført
337990-0	Steinbru over Storelva, Brandal	Steinhellebru over Storelva i Brandal, bygd i 1824. Del av vegen mellom Brandal og Ulstein som stod ferdig i 1830, brua er framleis i bruk.	Kommunalt listeført
339183-0	Kaia på Indre Hareid	Det første større anlegget knytt til maritim infrastruktur i Hareid. Steinbryggja vart bygd 1827-32, og ansvaret for vedlikehald vart lagd til handelsbruket. Dette var ei stor belastning, og ikkje før i 1873 vart eigaren av bruket friteken for vedlikehaldet.	Kommunalt listeført
339186-0	Gamle posthuset, Brandal.	Huset var bygd som bustadhus i perioden 1850-1875. Når Brandal på nytt fekk postopneri i 1899, vart dette etablert her. I 1973 vart status endra til underpostkontor, i 1977 til postkontor C og i 1993 til postkontor R3. Kontoret vart lagt ned i 2001. Frå starten til 1950-åra var poststyrarane på Brandal av Landmarkslekta (Sefrak ID:151712).	Kommunalt listeført
339190-0	Gamle postkontoret på Hareid	I 1870 vart det skipa postopneri i Hareid. I 1973 vart status endra til underpostkontor, i 1974 til postkontor B og i 1993 til postkontor R3. Kontoret vart lagt ned i 2001. Huset vart bygt i 1949 med postopneri i første høgda. Posten opna i januar 1950.	Kommunalt listeført
339191-0	Gamle postkontoret i Hjørungavåg	I 1897 vart det oppretta postkontor i Hjørungavåg. I 1973 vart status endra til underpostkontor, i 1977 til postkontor C og i 1993 til postkontor R3. Kontoret vart lagt ned i 1998. Butikk og post flytta inn i denne bygningen (biletet) til jul i 1952.	Kommunalt listeført
339193-0	Kolonialbutikk, J.J. Holstad	Kolonialbutikk, J.J. Holstad. Tomta vart skild ut i 1927, og Johan Holstad bygde huset med bustad i 2. høgda og kolonialbutikk i 1. høgda i 1926-27. Butikken var i drift til kring 1970.	Kommunalt listeført
339194-0	Kolonialbutikk og bakeri, S. Hovlid	Kolonialbutikk og bakeri, S. Hovlid. Tomta vart utskild frå bnr. 18 i 1921, huset truleg bygd like etter. Kjellaren i våningshuset var innreidd som bakeri. Eigedommen vart seld på auksjon i dei vanskelege 1920-åra. Neste eigaren, Helge Hovlid, dreiv bakarforretning i Hareid, uvist om han hadde bakeri i kjellaren her. Sidan flytte Severin Hovlid handelen sin hit frå bnr. 43, og sidan vart det drive handel her fram til 1971 (då døydde eigaren Helge Hovlid og handelen vart overdregen til Spar Handel).	Kommunalt listeført
339196-0	Solvoll Kafe, Brandal	Tomta vart skild ut frå bruk 4 i 1934, og huset bygd like etter. Her vart drive Solvoll kafe frå kring 1950 til sist på 1960-talet.	Kommunalt listeført
339197-0	Kafe, bakeri og kolonialbutikk i Megata	Murhuset i to høgder vart bygt i 1934 for John Alvestad.. Dei to nausta som stod her vart fjerna. Her dreiv han bakeri med utsal og landhandel til midt på 1950-talet. Der var også kafé sist på 30-talet. Men den var ikkje i drift etter krigen. Bakeriet var i drift med ulike drivarar. Siste bakar der var Thor Alvestad. Han slutta kring 2004. Men landhandelen tok slutt med John Alvestad.	Kommunalt listeført
339200-0	Skips- og landhandel, Johan E. Hareide	Tomta vart først skild ut i 1910, og Johan Hareide sette opp eit sjøpakkhus på pålar. Han eigde fleire fiskebåtar. I 1928 vart sjøhuset utbetra og innreidd til butikklokal for skips- og landhandleriet Johan E. Hareides sønner AS. I 1948 vart familiefirmaet omgjort til aksjeselskapet Johan J. Hareide AS.	Kommunalt listeført

339202-0	Vartdalbutikken, kolonial, Brandal	Severin Vartdal (1884-1945) dreiv landhandel. Han kjøpte denne tomta frå Brandal br. 7 og sette opp bygningen kring 1915, og flytte handelen hit.	Kommunalt listeført
339213-0	Kolonialbutikk, Gunnar Riise	Bygningen med butikklokal i første høgda og våningsdel i andre vart bygd i 1965. Her dreiv Gunnar Riise kolonialbutikken Snarkjøp i åra fram til 1973. Han slutta fordi byggefeltet i området ikkje kom når det var lova, og det kom butikkar av typen Spar i sentrum, noko som gjorde det vanskeleg å drive for lokalbutikkane (sjå bilete s 22 i boka Augneblink frå 60-talet av Arne Ola Grimstad).	Kommunalt listeført
339214-0	Kolonialbutikk, Karl Riise	Huset vart bygd i 1931. Her dreiv Karl Riise kolonialbutikk frå 1932 til han døydde. Sonesonen tok over i 1982, han dreiv butikken berre kort tid.	Kommunalt listeført
339215-0	Kolonialbutikk, Johs. Klungsøyr	Huset vart bygd i 1936. Her dreiv Johs. Klungsøyr kolonialbutikk i åra frå 1939. Han dreiv til 1974 då sonen Jarle tok over. Jarle slutta med butikken sommaren 1997.	Kommunalt listeført
339216-0	Brandal skule	Dette er det andre skulehuset i Branddal krins. Den første vart bygd i 1890, med eit lite skulerom på vel 30 kvadratmeter. Denne andre skulen sto ferdig i 1919, og vart innvigd med laksemiddag for heile krinsen. Skulen var etter måten stor og dyr i høve til krinsen - og bygningen må sjåast i lys av veksten i økonomi og folketal knytt til ishavsfangsten. På det meste, i 1928, hadde skulen 91 elevar. Skulen vart rekvirert av den tyske okkupasjonsmakta 1940-42 til arbeidarar og soldatar på festninga på Kvitneset. I 1967 fekk krinsen ny skule.	Kommunalt listeført
339217-0	Hjørungavåg skule	Tomta til skulen vart utskild til kommunen i 1939 (br. 11) og 1948 (br. 16) frå Nedrelid gnr. 76. Skulen vart teken i bruk i 1954 og innvigd i 1955.	Kommunalt listeført
339219	Skytebane for Brandal skyttarlag	Siste del av unionstida med Sverige var ei tid med stor aktivitet i tilskiping av skyttarlag. Denne veksten var støtta av det norske stortinget som ei form for milits dersom det skulle komme til væpna konflikt mellom sjølvstendeforkjemparar og kongetru. Brandal skyttarlag vart truleg skipa, iallefall innmeld i Søre Sunnmøre Skyttarsamlag, i 1900. Mellom 1906-1912 synest Brandal skyttarlag å ha lege nede, deretter er P. Brandal formann i åra 1912-13, S. Vartdal formann 1914-15, Chr. Landmark formann 1930-34, B. Brandal formann 1935, pause 1936-37, Albert Hovland 1938-45. Den store brakka (vakthytta) ved hovudporten til festninga på Kvitneset vart kjøpt og brukt som skyttarlagshus etter krigen. Ishavskyttarane skal også ha brukt bana mellom fangstturare etter krigen. Standplassen ligg ovanfor Legene, og vidare inn i dalen er oppmurte skytegraver på 100m, 300m og 550m.	
339219-1	Skytegrav 100m		Kommunalt listeført
339219-3	Skytegrav 550m		Kommunalt listeført
339219-2	Skytegrav 300m		Kommunalt listeført

339255-0	Grimstadsætra	Heile 10 gardsbruk på Grimstad høyrde til i Grimstadselet på Koppholen, omlag ein times gange frå garden. Bruken av fjellbeitet her oppe kan gå langt tilbake. Kjeldene fortel at noko etter 1900 hadde dei krøtera her om sommaren, og at folk frå garden gjekk to turar for dagen for å mjølke og ta med mjølka heimatt. Selet vart bygd i 1916/1917 med omn og sengeplass til ti mjølkarar. Det var likevel ikkje tale om fast opphald - no kunne ein arbeide på garden om dagen, gå opp og mjølke på ettermiddag eller kveld, overnatte, mjølke på nytt og gå nedatt på morgonen. Den store vinsten var ein tur for dagen heller enn to. Kring 1918 bygde brukarane fjøsar, steinmura opp til taksperra. Å kunne samle kyrna og mjølke innandørs var eit stort framsteg. Setringa tok slutt midt i 1930-åra.Selet vart ein gong teken av ein storm, det vart redda og sett oppatt på murane til Nåriardsfjøsen . Kulturmiljøet femner om fjøstuftene og det gamle selet.	Kommunalt listeført
339256-0	Bigsetsætra	Tufter etter stølsdrift på Bigsetsætra.	Kommunalt listeført
339257-0	Stølstuft	Murrestar etter stølsdrift.	Kommunalt listeført
339258-0	Stølstuft Risesætra	Stølstuft.	Kommunalt listeført
339268-0	Sauekvide	Sauekvide.	Kommunalt listeført
339270-0	Sauekvide	Sauekvide.	Kommunalt listeført
339272-0	Sauekvide	Sauekvide.	Kommunalt listeført
339273-0	Stølstuft	Stølsruin, sommarfjøs.	Kommunalt listeført
339274-0	Sommarfjøs	Sommarfjøs.	Kommunalt listeført
339275-0	Sommarfjøs	Sommarfjøs.	Kommunalt listeført
339277-0	Sætrehola	Sætermiljøet Sætrehola med fire tufter etter sommarfjøs, eit for kvar av dei fire bruka på Bjåstad. Sommarfjøsa var i bruk frå kring 1880 til omlag 1915. Etter 1915 vart det sett opp ny sæter for bruka på Bjåstad, lenger opp og nord i fjellet. Drifta her varte fram til slutten på 1940 åra. Då dei rydde opp tuftene til fjøsane i Sætrehola, fann dei restar av gamle murar nedi jorda, så det synte seg at der hadde vore bygt før. Nedanfor fjøsane er der ein stor flat stein. Gamlingane på Bjåstad brukte å seie når dei var der oppe: «Der hev vore ete mang ei mjølkeringe på denne steina». Frå starten av overnatta dei ikkje i Sætrehola, men dei gjekk til fjells på ettermiddag for å finne kyrne og mjølke dei. Ofte fann dei kyrne heilt ut med Mosvatnet eller i Skålanoklane. Så bar dei mjølka heim att, for så å gå opp att klokka 5 om morgonen. Harald Bjåstad (fødd 1900) har fortalt at han tok til å mjølke rundt 1912, og dei laga seg telt av sekkestrie ovanfor Sætrehola, der dei overnatta. Seinare vart det bygd eit lite sel der mjølkarane kunne overnatte. Der vart bygd 3 fjøsar til endes, men den fjerde fjøsen (bruk 5) vart sett opp litt nedanfor. På Bjåstad vart det i kring 1895 starta meieri som vart kalla Hareidsdalen meieri. Meieriet vart lagt ned kring 1920, etter at det kom meieri i Ålesund sentrum (Buholmen). (Kjelde: Bygdebøkene for Ulstein og Hareid) Kulturmiljøet er rydda og sett i stand med informasjonskilt i regi av Trimgruppa, Hareid Idrettslag.	Kommunalt listeført
339316-0	Sommarfjøs Gjerdet	Sommarfjøs Gjerdet.	Kommunalt listeført

339317-0	Sommarfjøs Pilskog	Sommarfjøs Pilskog.	Kommunalt listeført
339319-0	Sommarfjøs Pilskog	Sommarfjøs Pilskog	Kommunalt listeført
339320-0	Sommarfjøs Pilskog	Sommarfjøs Pilskog	Kommunalt listeført
339321-0	Sommarfjøs Pilskog	Sommarfjøs Pilskog	Kommunalt listeført
339322-0	Sommarfjøs Bauta	Sommarfjøs Bauta	Kommunalt listeført
339323-0	Sommarfjøs Jørgenplassen	Sommarfjøs Jørgenplassen	Kommunalt listeført
339324-0	Hustufter Vestre Gardsholgarden	Hustufter Vestre Gardsholgarden	Kommunalt listeført
339326-0	Hustufter Gardsholgarden	Hustufter Gardsholgarden.	Kommunalt listeført
339328-0	Hustufter	Murar etter hus og driftsbygningar med steinrøyser og dyrkningsrøyser.	Kommunalt listeført
339330-0	Øvstebø, hustufter	Hustufter Øvstebø.	Kommunalt listeført
339331-0	Hustufter.	Hustufter.	Kommunalt listeført
339333-0	Rudningsrøys	Rydningsrøys.	Kommunalt listeført
339334-0	Rydningsmur	Stor rydningsmur.	Kommunalt listeført
339335-0	Skrivarstein	Skrivarstein, stein der folk har signert frå lang tid tilbake.	Kommunalt listeført
339336-0	Sommarfjøs og inngjerding (kvie)	Sommarfjøs og inngjerding (kvie) 76/5, 76/9.	Kommunalt listeført
339337-0	Skoravegen	Skoravegen, ferselsveg frå Øvrelid til Røyset.	Kommunalt listeført
339341-0	Skytegrav 600m	Skyttargrav, anvisning 600 meter.	Kommunalt listeført
339345-0	Kommunegrense	Fint oppmura parti av kommunegrensa.	Kommunalt listeført
339346-0	Mjølkeveg	Veg til sommarfjøs, køyrbar med slede frå Hovlid.	Kommunalt listeført
339347-0	Mjølkeveg	Mjølkeveg til sommarfjøs.	Kommunalt listeført
339348-0	Mjølkeveg Sætrehola	Parti av mjølkeveg/mjølkerås til sommarfjøsa i Sætrehola.	Kommunalt listeført
339349-0	Vegen over Alskleiva	Eldre ferdsleveg over Alskleiva (Almekleiva) frå garden Alme til garden Kvammen og Snipsøyrdalen. I dag mykje brukt tursti, friluftsgudsteneste mm.	Kommunalt listeført
339378	Hareidselva kulturmiljø	Hareidselva kulturmiljø	

339378-7	Kaldholbrua over Kaldholelva		Kommunalt listeført
339378-6	Mjølkebrua over Hareidselva		Kommunalt listeført
339378-9	Ruin, torvløe		Kommunalt listeført
339378-5	Hareid bru		Kommunalt listeført
339378-3	Mylnebrua, Indre Hareid		Kommunalt listeført
339378-4	Kvernhus, rekonstruert		Kommunalt listeført
339378-8	Torvløe		Kommunalt listeført
339534-0	Overå kulturmiljø	Overå kulturmiljø.	Kommunalt listeført
339535	0	Gamleåsen kulturmiljø.	
339535-4	Inngjerding/ kvie Gamle Åsen	Gamleåsen	Kommunalt listeført
339535-3	Stove, Gamleåsen, Hjørungavåg	Gamleåsen	Kommunalt listeført
339535-2	Hustuft	Gamleåsen	Kommunalt listeført
339561-0	Kvernhus Bigset	Kvernhus, Bigset. Frå SEFRAK-registeret: "Veggane inne er fullskrivne med initialer , namn og årstal. dessuten ei mengd teikningar av skuter".	Kommunalt listeført

Kommunalt listeførte lause kulturminne (gjenstandar)				
	Namn			
G.1	Hestereiskap (hesteslåmaskin, Øvre Liaset			
G.2	Dryftemaskin			
G.3	Vollefæringen, Ishavsmuseet Aarvak			
G.4	Vabein, Ishavsmuseet Aarvak			
G.5	Storsildgarn, Ishavsmuseet Aarvak			
G.6	Hakapik, Ishavsmuseet Aarvak			
G.7	Lundsgevær, Ishavsmuseet Aarvak			
G.8	Krag Jørgensen-gevær, Ishavsmuseet Aarvak			
G.9	Ishavsmuseet Aarvak			
G.10	Flåkniv, Ishavsmuseet Aarvak			
G.11	Billetørveske			
G.12	Gamle brannbilen i Hareid			

Kommunalt listeførte immaterielle kulturminne				
	Namn			
1	Misjonskvinneforeininga på Hareid		Frivillig arbeid	
2	Hareid ungdomslag og Trudvang, Hareid		Frivillig arbeid	
3	Hareid idrettslag		Frivillig arbeid	
4	Holesanden		Frivillig arbeid	
5	Hareid mållag		Frivillig arbeid	
6	Fråhaldslosjene		Frivillig arbeid	
7	Redningssaka		Frivillig arbeid	
8	Hareid sanitetslag		Frivillig arbeid	
9	Teaterlag		Frivillig arbeid	
10	Hareid historielag		Frivillig arbeid	
11	Storm/Grimstadkoret		Song og musikk	
12	Melshorn korps		Song og musikk	
13	Johan H. Grimstad		Song og musikk	